

STADNAMN FRÅ EIVINDVIK

av

Henrik Arne Losnegaard

Hovedoppgåve i nordisk  
ved  
Universitetet i Bergen  
våren 1981

### EIVINDVIG

Ned med Seilet! ind fra Havet!  
Ind hvor, under Sæd begravet,  
drømmer stille Eivindvig!  
Ind at see, om Rug og Havre  
tør paa Fjeldets Branter klavre  
uden at forkjøle sig!

Der bag Roser Maagen bygger.  
Rugen i Morellens Skygger  
triner kjæk og krønt paa Myr.  
Som et Solskin Bygget blinker,  
men derover Heien synker  
lummer Vellugtnat fra Fyrr.

Henrik Wergeland (1833)

FØREORD

Oppgåva inneheld eit namnemateriale på om lag 1320 namn. Mesteparten vart samla inn sommaren og jula 1979, seinare er tilfanget vorte supplert med noko nytt stoff (sommaren og hausten 1980).

Meininga var at oppgåva også skulle innehalde namn frå Losna på nordsida av Sognefjorden. Denne øya vart lagd til Solund ved kommunesamanslåinga i 1964, men har frå gammalt av høyrt til Gulen. Når det synte seg at namnematerialet frå Eivindvik blei "stort nok", vart det naturleg å konsentrere seg om denne bygda. Namneinnsamlinga på Losna er likevel gjord, og ho har vore eit nyttig samanlikningsgrunnlag under arbeidet med namna frå Eivindvik. Somme stader i oppgåva blir det då også synt til innsamlinga. (Namna vil bli å finne på Nordisk institutt, UiB.)

Namnematerialet er samla inn gjennom heimelsfolk (s.194). Til god hjelp har dessutan ein del prenta og uprenta litteratur vore. Særleg har skulebarnoppskriftene frå 1930-åra (s.188) friska opp minnet til mange, men også ein del utskiftingskart og kanskje spesielt Bygdeboka (I.Kleiva: Gulen i gammal og ny tid) har gjeve nyttig supplement.

Det er likevel heimelsfolka som har vore viktigaste kjelda. Fleire av dei kunne namnsetje større område i detalj, og desse stadene er svært bra dekte i materialet. For andre delar av bygda er dekkinga dårlegare, dels fordi det har vanta heimelsfolk, men også fordi det er folk som eg veit sit inne med fleire namn, men som det av praktiske grunnar ikkje har vorte snakka med. I tillegg kjem at heimelsfolka ganske sikkert veit om namn som dei ikkje hugsar akkurat under intervjuet. Eg har heile tida prøvt å supplere med nytt stoff, men etter at eg tok til å skrive på sjølve oppgåva, vart det stadig meir vanskeleg å arbeide nye namn inn i materialet. Nokre få namn er såleis komne med i namneregisteret og på kartet, men er ikkje vortne klassifiserte eller omtala særskilt.

Målet for dette arbeidet har vore å kunne seie noko om stadnamna som språkhistoriske og natur- og kulturhistoriske informantar. Difor har det også vore naturleg å velje ein

tradisjonell disposisjonsmåte, der namna hovudsakleg blir om-tala etter kva utmerkingslekk dei har. Dette blir gjort i eit eige kapittel (s.129ff.), men også i grunnordoversynet (s.33ff.) blir mange namn drøfta, særleg slike som er med på å kaste lys over sjølve grunnordet. Fylgjeleg vil t.d. av-snittet med namn frå arbeids- og kulturlivet (s.148ff.) ikkje innehalde alle namna i materialet som kan knytast til dette emnet. Berre når ein les heile oppgåva i samanheng, kan ein få eit visst inntrykk av namneskikken i bygda.

Nokre språkleg interessante (og uklåre) namn vert diskuterte i eit eige kapittel (s.158ff.), men slike namn blir drøfta også andre stader i oppgåva.

Det er dessutan gjort forsøk på å komme fram til ein eigna grunnorddefinisjon (s.27ff.), som igjen dannar bakgrunn for hoyudinndelinga av stadnamna (s.33ff.).

Elles inneheld oppgåva eit kapittel om målføret (s.1ff.), og det er også sagt noko om usamansette namn (s.123ff.), samansette namn (s.126ff.), komposisjonen (s.169ff.), bustad-namna (s.175) o.l.

Til slutt vil eg få takke alle heimelsmenn og -kvinner for opplysningar og råd. Ei særskild takk skuldar eg første-amanuensis Oddvar Nes for fagleg hjelp og rettleiing.

Bergen i februar 1981

Henrik Arne Losnegaard

INNHOLD

FØREORD	s.	III
INNHOLD	"	V
INNLEIING	"	VIII
MÅLFØRET	"	1
1. LYDVERKET	"	2
A. Synkroni	"	2
1. Vokalsystemet	"	2
a) Monoftongar	"	2
b) Diftongar	"	4
2. Konsonantsystemet	"	6
3. Suprasegmentale trekk (prosodem)	"	7
a) Tonelag	"	7
b) Trykk	"	8
c) Lengd	"	8
B. Diakroni	"	8
1. Vokalane	"	8
a) Trykksterk stilling	"	8
b) Trykksvak stilling	"	13
Svarabhaktivokal	"	15
2. Diftongane	"	15
3. Konsonantane	"	16
a) Konsonantsamband og lange konsonantar	"	16
1. Ubrigda	"	16
2. Differensiasjon	"	16
3. Assimilasjon	"	16
4. Segmentasjon	"	17
b) Dei einskilde konsonantane	"	17
Vokalbortfall. Bortfall av heile stav	"	20
2. FORMVERKET	"	20
A. Substantiv	"	20
1) Maskulina	"	20
2) Feminina	"	21
3) Nøytra	"	21
Kasusbruk	"	21
B. Adjektiv	"	22
NORMERING	"	23
STADNAMNKLASSIFISERING	"	25

STADNAMTERMINOLOGI (SÆRL. GRUNNORDTERMEN)	s.	27
HOVUDINDELING AV STADNAMNA	"	33
1. NAMN SOM INNEHELDER GRUNNORD (GRUNNORDOVERSYN)		33
2. GRUNNORDLAUSE NAMN	"	110
a) Jamføringsord	"	110
b) Oppkallingsnamn	"	119
c) Namn med terrengekarakteriserende appella-		
tiv som ikke namngjør den aktuelle lokaliteten	"	120
d) Litterære bustadnamn	"	121
e) Andre grunnordlause namn	"	121
NOKO OM USA MANSETTE NAMN	"	123
NOKO OM SAMANSETTE NAMN	"	126
a) Trikomposita	"	126
b) Tetrakomposita	"	127
c) Ellipse	"	128
KVA NAMNA FORTEL (UTMERKINGSLEKKAR)	"	129
1. Relasjonsnamn	"	129
2. Lægje	"	131
3. Alder	"	131
4. Storleik, form, utsjånd	"	132
5. Farge	"	134
6. Jordsmønn og bergslag	"	134
7. Plante- og dyreliv	"	135
a) Plantelivet	"	136
1) Tre	"	136
2) Bær, busker og rotvekstar	"	137
b) Dyrelivet	"	139
1) Husdyr	"	139
2) Ville dyr, innsekt o.l.	"	141
c) Fuglar	"	141
d) Fiskar	"	142
8. Rosande og nedsetjande namn	"	143
9. Årstider og dagtider	"	143
10. Personnamn, slektsnamn og person-		
og yrkesnemne	"	144
a) Kvinnenamn	"	144
b) Mannsnamn	"	145
c) Slektsnamn	"	146
d) Person- og yrkesnemne	"	147

11. Namn som fortel om arbeids- og kulturlivet i bygda	s.	148
12. Tradisjonen kring Gulatingstaden	"	151
TERRENGKARAKTERISERANDE APPELLATIV SOM ER NOTERTE BERRE I FRAMLEKK		
NOKRE UKLÅRE NAMN OG NAMNELEKKAR	"	154
NOKO OM KOMPOSISJONEN I STADNAMNA	"	158
1. Substantivkomposisjonar	"	169
a) Stammekomposisjonar	"	169
b) <u>s</u> -komposisjonar	"	170
c) <u>a</u> -komposisjonar	"	171
d) <u>e</u> -komposisjonar	"	171
2. Adjektivkomposisjonar	"	172
3. Adverbkomposisjonar	"	173
4. Verbkomposisjonar	"	174
5. Andre komposisjonar	"	174
LITT OM *GULI-NAMNET OG BUSTADNAMNA I EIVINDVIK*		175
1. *Guli-namnet	"	175
2. Bustadnamna i Eivindvik	"	176
a) Innleiing	"	176
b) Normering	"	177
c) Bustadnamn	"	178
Eivindvik	"	178
Fonnevika	"	181
Fonna	"	182
Gryta	"	183
Midtun	"	184
Henriksbø	"	184
Undertun	"	185
Floli	"	186
Svaberget	"	187
GLØYMDE NAMN (frå skulebarnoppskriftene)	"	188
HEIMELSFOLK	"	194
AVSTYTTINGAR	"	195
LITTERATUR	"	197
GRUNNORDREGISTER	"	201
REGISTER OVER TERRENGKARAKTERISERANDE APPELLATIV SOM ER NOTERTE BERRE I FRAMLEKK	"	203
REGISTER OVER JAMFØRINGSORD	"	204
NAMNEREGISTER	"	205

## INNLEIING

Innsamlingsområdet femner om inn- og utmarka til 10 matrikkelgardar i Eivindvik i Gulen: Eivindvik (15), Fonnevika (16), Fonna (17), Gryta (18), Ytre Midtun (19), Indre Midtun (20), Henriksbø (21), Undertun (22), Floli (23) og Svaberget (24).

Det var for så vidt naturleg å setje grensa for innsamlingsområdet til akkurat desse gardane. Dei utgjer nemlig det området som tradisjonelt blir rekna med til bygdesentret Eivindvik. I aust grensar området til gardane kring Nordgulfjorden (Nordgulen, Haveland, Nese), og i nord går grensa langs fjellrekka frå Sagefjellet i vest over Oksebotnen, Røyrbakkefjellet, Tverrfjellet og Høystakken til Bjørndalen i aust. I vest skil Folefotsundet/Nyhammarsundet området frå Hisarøyna, og Gulafjorden set ei naturleg grense i sør. Sjå kart (s.X).

Ekskurs: I dag blir namnet Eivindvik brukt som bygdenavn, men det er også gardsnamn (15). I det fylgjande er Eivindvik brukt både om bygda og om garden (15), men som oftast vil det gå klart fram av samanhengen kva som er meint (som regel garden). Når det t.d. står (Tjuvvika, Eivindvik) etter eit namn, betyr det at lokaliteten ligg i Tjuvvika (br.nr.2) i Eivindvik(gnr.15).

Mesteparten av området er på fastlandet, men 2 matrikkelgardar (Fonna og Fonnevika) ligg på Fonnøyna mellom Prest(e)-sundet (Eivindviksundet) og Gulafjorden. Dette er største øya (Fonnefjellet 213m o.h.), elles ligg nokre få mindre øyar og holmar spreidde langs strandene.

Topografien i innsamlingsområdet er stort sett lik den me Finn elles i kommunen: landskap sundskore av sund og vikar, lite av lågsletter, mesteparten fjell og fjellvidder. Høgste fjellet i 'gamle' Gulen kommune (før samanslåinga med Brekke) er Brosviksåta (722m o.h.), i vårt område er Høystakken (Kvitbergnova) mellom Midtun og Dingja høgst(658m). Elles ligg største delen av fjellområdet jamt over frå 300m og oppover. Vatna (tjørnene) er små, største vassamlinga er Vatnet på Midtun, men heller ikkje det er meir enn om lag 100x200m.

Gardane ligg langs sjøen, gjerne inne i mindre vikar og vågar, frå Tjuvvika mot grensa til Dingja i nordvest til og med Svaberget i søraust. Innmarka på gardane ligg ned mot

sjøen, medan utmarka strekkjer seg lengre inn i dalbotnane og oppover fjellsidene.

Dei fleste som kjem til Gulen for første gong, reagerer ofte på den sparsame vegetasjonen, særleg i ytste delen av kommunen. Bergslaget er nemleg for det meste granitt og gneis, og fylgjeleg er det også lite og mager jord. Rik nedbør (om lag 2m i året) er dessutan med på å vaske ho vekk, og resultatet blir gjerne snaue og nakne fjell.

Eg veit ikkje om Eivindvik skil seg noko ut frå dei andre bygdene i kommunen m.o.t. vegetasjon og grøde, men det var kanskje det inntrykket Henrik Wergeland sat att med etter besøket i juli/august i 1832 (jfr. dei to første strofene av "Eivindvig" (s.II)). Området inst i Prest(e)sundet og Midtunvågen har i alle fall atskilleg frodigare vegetasjon (lauvskog) enn nærmeste omlandet.

Elles er sjølvsagt mangt og mykje vorte endra frå Wergeland skreiv hyllingsdiktet sitt til prost Dahl for 150 år sidan og fram til i dag. No er store delar av innmarka på Prestegarden (Eivindvik) vorte bustadområde, medan gardsdrifta hovudsakleg er vorten konsentrert på gardane kring Midtunvågen. Det er likevel relativt få som har jordbruk som hovudnæring. Det er ingen som har fiske som hovudinntekt, og industri finst knapt. Dei fleste arbeider i servicenæringer, t.d. skule, administrasjon, helsestell o.l.

Kartskisse over innsamlingsområdet.



### MÅLFØRET

Målet i Ytre Sogn hører til den nordvestlandske målgreina, som skil seg frå sørvestlandsk mellom anna ved

- 1) palatalisering av historiske dentalar, særleg n og l, også i trykklette stavingar,
- 2) sterke fem. endar på -æ i b. form sg.,
- 3) e-mål (inf. og svake fem.),
- 4) dativ er nytta i mest heile området  
(sg: -æ, pl: -å).

Hos eldre i Eivindvik (og i Gulen) kan ein som regel finne alle desse særmerka. Det heiter difor ikkje berre /fjeL:/ < gno. fjall n. og /tåN/ < gno. tonn f., men også /'hå:jIN/ < gno. haug(r)inn m. b. form sg. og /"hestaNe/ < gno. hestarnir m. b. form pl. (I oppgåva blir palatalane /ŋ/, /ɳ/, /χ/ og /χ/ (Storm) skrivne /N/, /L/, /K/ og /G/.) Palatalisering i trykklett staving synest likevel å vere på veg ut, og det er difor kanskje vel så vanleg, også blant eldre, å høyre /'hå:jIn/ og /"hestane/. Om dativ, sjå "Formverket" (s.20).

Men dialekten har også særmerke felles med målet i Indre Sogn, som hører til den sørvestlandske målgreina. Diftongering av gno. á er vanleg (/ba:o:t/ < gno. bátr m.), men gno. a blir også diftongert føre nasal pluss velar klusil ('laong(e) < gno. langr adj.). Dessutan er det ikkje uvanleg at gno. ý og í (sjeldnare ó og ú) blir diftongerte, likevel vanlegvis svakare enn t.d. i Midtre Sogn. I motsetnad til målet i Indre Sogn blir diftongane ei og øy monoftongerte i korte realisasjonar (/rest/ < gno. reisti vb. pret., /"glømde/ < gno. gleymdi vb. pret.).

Palatalisering av dentalar, diftongering av gno. á (og a) og dativ er dialektdrag som i dag er på veg ut or målføret i Eivindvik, hos heilt unge er dei allereie forsvunne. Dette har nok samanheng med den spesielle situasjonen Eivindvik har hatt og har samanlikna med resten av Gulen. I eigenskap av kommunesenter har bygda vakse etter måten fort i tida etter 2. verdskrigen, og tilveksten har då stort sett komme uta-frå. Den 'nye' dialekten som såleis har 'utvikla' seg i bygda, har difor mist særdrag som tidlegare til dels var typiske for målføret. Dei fleste som er fødde etter krigen har nemleg ikkje palatalar av historiske dentalar (/fjel:/ < gno. fjall n., /tåN:/ < gno. tonn f.). Gno. á blir uttala /å:/ (/bå:t/ < gno. bátr m.), gno. au blir /ø/ i kort realisasjon (/høst/ < gno. haust n.)

og dativ vert ikkje nytta. Endå yngre er t.d. bruken av vi for me.

Det synest som om det er større dialektskilnad mellom gammal og ung i Eivindvik enn andre stader i kommunen. Der finn ein ikkje slike bråe overgangar m.o.t. sentrale målmerke. Dersom ein samanliknar målføret hos eldre i Eivindvik med dialekten elles i kommunen, er det berre snakk om mindre skilnader.

Fram til 1773 høyrd Gulen til Norhordland futedøme, Eivindvik prestegjeld høyrd dessutan til Nordhordland prostedøme heilt fram til 1802. Ein kunne difor kanskje vente sterkare dialektinnslag frå sør, men det er ikkje tilfelle. Det er berre enkelte spreidde døme som viser sør-over, t.d. /vI:r/ < gno. veðr n., ofte manglende svarabhaktivokal o.a. Slekskapen med målføra nordafor (og innover i Sogn) er mest markant.

Ekskurs: Eivindvik prestegjeld rakk lenge inn til og med Lavik sokn, og dette har tydelegvis hatt meir å seie for dialekten enn den gamle skipnaden med futedøme. Før 2. verdskrigen var det m.a. ikkje køyreveg frå Ytre Sogn og sørover.

I den fylgjande oversikta er stort sett berre teke med dialektdrag som er viktige for arbeidet med namna i oppgåva. Oversynet byggjer på målføret til dei eldste i bygda. Det er såleis ikkje noko fullstendig oversyn over dialekten i Eivindvik.

## 1. LYDVERKET

### A. Synkroni.

#### 1. Vokalsystemet.

Berre allofonane er skrivne ned med IPA-teikn, i resten av oppgåva er nytta fonemskrift.

Vokalfonemsystemet er sett opp ved hjelp av minimale par.

##### a) Monoftongar.

Her er også teke med fonema /i:/, /y:/, /u:/ og /o:/,

fordi desse også blir realiserte som 'reine' monoftongar.

Fonemsystemet i lange realisasjonar:

/ i y u  
I Y U  
e ø o  
a å /

Fonemsystemet i korte realisasjonar:

/ i y u  
e ø o  
a å /

Fonema /I/, /Y/ og /U/ er berre realiserte som lange. I kort realisasjon fell kort /I/ og kort /i/ saman til /i/, den korte fonemvarianten /Y/ fell saman med kort /y/ til /y/ og kort /U/ fell saman med kort /o/ til /o/.

Sjå eige skjema med oppstilling av minimale par (s. 5).

Allofonar (noterte med IPA-teikn):

/i/	hovudallofon lang:	[i:]	, [l̩i:]	li f.
	kort:	[i]	, [d̩it:]	ditt pron. n.
/y/	" lang:	[y:]	, [b̩y:]	by m.
	kort:	[y]	, [fyst]	først adv.
/u/	" lang:	[t̩t:]	, [br̩t̩t:]	bru f.
	kort:	[t̩]	, [m̩tr̩t]	mure vb. pt.pts.
/I/	" lang:	[e:]	, [j-e:]	gjel n.
	Ikkje realisert stutt.			
/Y/	" lang:	[Y:]	, [sY:]	sør adv.
	Ikkje realisert stutt.			
/U/	" lang:	[y+:]	, [sky+:]	skurd m.
	Ikkje realisert stutt.			
/e/	" lang:	[e:]	, [be:r]	bær n.
	kort:	[e]	, [rest]	reise vb. pt.pts.

/ø/	hovudallofon lang:	[ø:]	, [bø:]	bø m.
	kort:	[ø̥]	, [bø̥t̪:]	bøte vb. pt.pts.
/o/	" lang:	[oɔ:]	, [stɔɔ:ṛ]	stor adj. m.&f.
	kort:	[o̥]	, [stɔrt̪]	stor " n.
/a/	" lang:	[a+:]	, [bra+:]	bra adj.
	kort:	[a+]̥	, [bra+t̪:]	bratt adj.
/å/	" lang:	[ɔ+:]	, [hɔ+g]	haug m.
	kort:	[ɔ̥]	, [tɔrv̪]	torv f.

b) Diftongar.

Målføret har fire diftongar:

/eu/, /ai/, /åy/, /ao/

Lange realisasjonar (minimale par):

/teu:/ tau n.  
 /tai:/ teie vb. imp.  
 /tåy:/ tøy n.  
 /tao:/ tå f.

Korte realisasjonar (minimale par):

/blaot:/ blått adj..n.  
 /bleut:/ blautt adj. n.

Diftongfonema /åy/ og /ai/ er berre realiserte som lange. I kort realisasjon fell /åy/ saman med /ø/, /ai/ blir /e/. Difor blir heller ikkje lang /åy/ og /ai/ heretter markerte med lengdeteikn (:).

Allofonar (IPA-lydskrift):

/eu/	hovudallofon lang:	[eu:]	, [b <u>l</u> eu:t̪]	blaut adj. m.&f.
	kort:	[eu̥]	, [b <u>l</u> eu̥t̪:]	blaut " n.
/ai/	" lang:	[a:u̥]	, [v <u>a</u> t̪:]	veg m.
	Ikkje realisert stutt.			
/åy/	" lang:	[ɔY̥]	, [h <u>ɔ</u> Y̥:]	høy n.
	Ikkje realisert stutt.			
/ao/	" lang:	[a+ɔ̥]	, [ba+ɔ̥t̪]	båt m.
	kort:	[a+ɔ̥̥]	, [b <u>a</u> +ɔ̥t̪:]	blå adj. n.

Vokalfonemsystemet (monoftongar) synt ved minimale par.

i	y	u	I	Y	U	e	ø	o	a	å
i	/sjɔ:/ ski f. /sjy:/ sky f.	/sjɔ:/ skif. /sju:/ sju nām	/li:/ lif. /lI:/ led n.	/sjɔ:/ ski f. /sjY:/ sjø m.	/"fi:re/ fire nām. /"fU:re/fure f.	/li:/ lif. /le:/ le vb.	/li:k/ lik n. /lø:k/ lauk n.	/"fi:re/ fire nām. /"fo:re/ fore vb.	/li:/ lif. /la:/ lad n.	/li:k/ lik n. /lå:k/ lok n.
y	/lyt:/ lytt adj. /lit:/ litt adv.		/sjy:/ sky f. /sju:/ sju nām	/by:r/ by vb. pres. /bI:r/ be vb. pres.	/sjy:/ sky f. /sjY:/ sjø m.	/"fy:re/fyre vb. /"fU:re/fure f.	/by:r/ by vb. pres. /be:r/ bær n.	/"fy:re/fyre vb. /"fo:re/ fore vb.	/"fy:re/fyre vb. /"fa:re/fare vb.	/by:r/ by vb. pres. /bå:r/ bor n.
u	/"fuske/ fuske vb. /"fiskel/ fiske vb.	/skrut:/ skrene vb.pt.pto	/bu:r/bur vb. pres.	/sju:/ sju nām.	/sku:r/skurn m.	/bu:r/bur n.	/bu:r/bur n.	/bu:r/bur n.	/du:/ du pron.	/bu:r/bur n.
I				/bI:r/be vb. pres. /bY:r/bør f. (segl-)	/bI:l/bel n. /bU:l/bul n.	/I:/ led n. /le:/ le vb.	/bI:r/be vb. pres. /bo:r/byrje vb.	/bI:r/be vb. pres. /bo:r/bord n.	/I:/ led n. /la:/ lad n.	/bI:r/be vb. pres. /bå:r/bor n.
Y					/"fY:re/føre prep. /"fU:re/fure f.	/hY:l/hol m.	/"fY:re/føre prep. /"fører/fore n.	/"fY:re/føre prep. /"fører/fore vb.	/"fY:re/føre prep. /"fører/fore vb.	/hY:l/hol m. 55
U						/bU:r/burd m.	/"fU:re/fure f.	/"fU:re/fure f.	/"fU:re/fure f.	/skU:r/skurd m. /skå:r/skor f.
e	/set:/ setje vb. imp. /sit:/ sitt pron.	/set:/ setje vb. imp. /syt:/ syte vb. et.pto	/pest/ pest m. /pust/ pust m.				/be:r/børn. /bo:r/byrje vb.	/be:r/børn. /bo:r/bord n.	/le:/ le vb. /la:/ lad n.	/be:r/børn. /bå:r/bor n.
ø	/søt:/ sott adj. /sit:/ sitt pron.	/søt:/ sott adj. /syt:/ syte vb. et.pto	/"tørne/torne vb.			/søt:/ sott adj. /set:/ setje vb. imp.		/"fø:re/fore n. /"fører/fore vb.	/"fø:re/fore n. /"fører/fore vb.	/bo:r/byrje vb. /bå:r/bor n.
o	/sot:/ sott f. /sit:/ sitt pron.	/sot:/ sott f. /syt:/ syte vb. et.pto	/mørt/mort m. /mørt/mure vb.pt.pto			/sot:/ sott f. /set:/ setje vb. imp.	/sot:/ sott f. /søt:/ sott adj.		/"fø:re/fore n. /"fører/fore vb.	/bo:r/bord n. /bå:r/bor n.
a	/"paN:e/ pønne f. /"piN:e/ pinne m.	/mark/mark f. /myrk/mork adj.	/"pas:e/passe vb. /"pus:e/pusse vb.			/"faste/fastef. /"feste/feste vb.	/"mat:e/matte f. /"mot:e/møte vb.pt.pto	/fart/fart m. /fort/fort adv.		/sha:r/guar n. /skå:r/skor f.
å	/då:t:/ dott m. /dit:/ ditt pron.	/skrå:t/ skrott m. /skryt:/ skryte vb.pt.pto	/skrå:t/skrott m. /skrut:/ skrene vb.pt.pto			/såk:/ solk m. /sek:/ sek m.	/såk:/ solk m. /søk:/ spøk m.	/"kåb:e/kotte m. /"kob:e/katte m.	/mårk/mark f. ("1/4 kg.) (eng)	

2. Konsonantsystemet.

Målføret har 19 konsonantfonem.

	Bilab.		Lab. dent.		Dent. / alv.		Palat.		Velar		Glotttal	
	u	s	u	s	u	s	u	s	u	s	u	s
Klusil	p	b			t	d			k	g		
Nasal		m				n			N			
Lateral						l			L			
Tremulant			f	v	s		r		j			
Frikativ								K	G			
Affrikat												h

Minimale par:

Klusilar: /pi:l/ pil f.  
               /bi:l/ bil m.  
               /ta:l/ tal n.  
               /da:l/ dal m.  
               /ka:r/ kar m.  
               /ga:r/ gard m.

Nasalar: /tå:n:/ tonn n.  
               /tåN:/ tann f.  
               /kåm:/ komme vb. pret.  
               /kåN:/ korn n.  
               /ni:/ ni num.  
               /mi:/ poss. pron. f.

Lateralar: /tål:/ tolv num.  
               /tåL:/ toll m.

Tremulant/

Frikativar:

/rek:/ rekke vb. imp.  
               /fek:/ få vb. pret.  
               /vek:/ vekkje vb. imp.  
               /sek:/ sekk m.  
               /jek:/ gå vb. pret.  
               /hek:/ hekk m.

Affrikatar: /'heK:In/ hekk m. b. form.  
 /'heG:In/ hegg m. b. form.  
 /"veK:e/ vekkje vb.  
 /"vek:e/ vekke adj.  
 /"liG:e/ liggje vb. inf. }  
 /'lig:e/ liggje vb. pres. } subminimalt par

Allofonane (IPA-teikn):

Tek ikkje med kombinatoriske allofonar (t.d. [b], [p<sup>h</sup>], [n]).

/p/	[p]	, [pa+ə:]	på prep.
/b/	[b]	, [bøk:]	bukk m.
/t/	[t]	, [ta+:]	tal n.
/d/	[d]	, [da+:]	dal m.
/k/	[k]	, [ka+:]	katt m.
/g/	[g]	, [ga+jv:]	garn n.
/n/	[n]	, [nɔ+:t]	not f. (nøtt f.)
/N/	[n]	, [kɔjv:]	korn n.
/m/	[m]	, [mysk]	miste vb. pt.pts.
/l/	[l]	, [laŋd]	land n.
/L/	[l̩]	, [st̩a+l̩:]	stall m.
/r/	[r]	, [roə:t]	rot n.
/f/	[f]	, [fa+:r]	far n.
/v/	[v]	, [vɔl̩:]	voll m.
/s/	[s]	, [se:r]	sjå vb. pres.
/j/	[j-]	, [j-εu:]	jau adv.
/h/	[h]	, [hə+:]	ha vb.
/K/	[ç]	, [ç-æ:t]	kjøt n.
/G/	[fj-]	, ['lɪfj-ə]	liggje vb.

Suprasegmentale trekk (prosodem).

a) Tonelag.

Til å merkje tonelag 1 er nytta aksentteiknet /' / og tonelag 2 aksentteiknet /"/ føre stavinga som har tonelaget:

- 'hu:se/ hus n. b. form sg.  
 /"hu:se/ huse vb. inf.

b ) Trykk.

Stavinga med trykk har også tonelag og lengde. Tonelagsteikna syner difor også kva for staving som har hovudtrykket. /:/ etter eit fonem syner bitrykk når stavinga fonemet står i ikkje har tonelagsteikn.

c ) Lengd.

Lengde i stavinga med hovudtrykk eller bitrykk vert markert med /:/ etter fonemet:

/bleu:t/ adj. m.      /bleut:/ adj. n.

/:/ syner relativ lengd i stavingar utan hovudtrykk.

## B. Diakroni.

Gjer merksam på at dei utviklingane som fylgjer tek utgangspunkt i oppslagsformene i Heggstad: Norrøn ordbok. Ein del overgangar let seg ikkje forklare ut frå desse formene, og difor er ikkje > -teiknet brukt heilt korrekt i det fylgjande.

### 1. Vokalane.

#### a) Trykksterk stilling.

##### Gno. i.

Lang: i > /i:/, vanl. føre vok. og kort kons., t.d.  
gno. knifr m. > /kni:v/

i > /i/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. hvitt adj.n. > /kvit:/

i > /I:/, sporadisk, t.d.  
gno. slikr adj.m. > /sli:k/

Kort: i > /i/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. kista f. > /"Kiste/

i > /i:/, somme stader, t.d.  
gno. digr adj.m. > /'di:ger/

i > /I:/, vanl. føre kort kons. t.d.  
gno. vika f. > /"vI:ke/

i > /e:/, nokre døme, t.d.  
gno. pik pron. > /de:g/  
i > /y/, i labialiserande omgjevnad, t.d.  
missa vb. > /"mys:e/  
i > /y:/, i labialiserande omgjevnad, t.d.  
gno. mikit adv. > /"my:Ke/

Gno. y.

Lang: ý > /y:/, vanl. i utlyd og føre kort kons., t.d.  
gno. grýta f. > /"gry:te/  
ý > /Y:/, nokre døme, t.d.  
gno. spýta vb. > /"spY:te/  
ý > /y/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. (h)lyddi vb. pret. > /"lyd:e/  
sporadisk føre kort kons. m/ vok. etter, t.d.  
gno. rýma vb. > /"rym:e/

Kort: y > /Y:/, vanl. føre kort kons., t.d.  
gno. mykr f. > /mY:k/  
y > /y/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. bytta f. > /"byt:e/  
y > /ø:/, nokre døme, t.d.  
gno. styfill m. > /'stø:vel/

Gno. u.

Lang: ú > /u:/, vanl. i utlyd og føre kort kons., t.d.  
gno. brú f. > /bru:/  
ú > /o/, sporadisk, t.d.  
gno. rúm n. > /rom:/  
Blir også uttala /rám:/

Kort: u > /U:/, vanl. føre kort kons., t.d.  
gno. fluga f. > /"fLU:ge/  
u > /u:/, i somme ord, t.d.  
gno. duga vb. > /"du:e/  
u > /o/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. klubba f. > /"klob:e/  
u > /u/, sporadisk, t.d.  
gno. dugði vb. pret. > /"dud:e/

u > /å/, i somme ord, t.d.

gno. um adv. og prep. > /åm:/

" upp adv. og prep. > /åp:/

Desse blir også uttala med /o/.

Gno. e.

Lang: é > /I:/, vanl. i utlyd, t.d.

gno. kné n. > /knI:/

somme stader føre enkel vok., t.d.

gno. sér vb. pres. > /sI:r/

é > /e:/, vanl. føre kort kons., t.d.

gno. blés vb. pret. > /ble:s/

é > /e/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.

gno. rétt adv. > /ret:/

é > /ø:/, i labialiserande omgjevnad, t.d.

gno. véla vb. > /"vø:le/

Kort: e > /e:/, vanl. føre kort kons., t.d.

gno. sker n. > /sje:r/

e > /e/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.

gno. kelda f. > /"Kelde/

e > /i/, somme stader, t.d.

gno. þetta pron. > /"dit:a/

e > /I:/, sporadisk, t.d.

gno. gefr vb. pres. > /jI:r/

e > /ø:/, i labialiserande omgjevnad, t.d.

gno. refr m. > /rø:v/

e > /ai/, diftongering v/ konsonantveiking, t.d.

gno. vegr m. > /vai/

" veðr n. > /vair/

Dette siste ordet blir også  
uttala /ve:r/ og /vi:r/.

Gno. æ.

æ > /e:/, vanl. i utlyd og føre kort kons., t.d.

gno. læra vb. > /"le:re/

æ > /e/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.

hræddr adj. > /red:/

æ > /ai/, i samb. med j, t.d.

gno. klæja vb. > /"klaie/

Gno. œ (ø).

- Lang: œ > /ø:/, vanl. i utlyd og føre kort kons., t.d.  
gno. bør m. > /bø:/  
œ > /ø/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. søtt adj. n. > /søt:/  
œ > /åy/, diftongering v/ konsonantveiking, t.d.  
gno. pløgja vb. > /"plåye/  
Kort: ø > /ø/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. sløkkva vb. > /"sløK:e/  
ø > /ø:/, t.d. " søfr vb. pres. > /'sø:v(e)/

Gno. o.

- Lang: ó > /o:/, vanl. føre kort kons., t.d.  
gno. gróf f. > /gro:/  
ó > /o/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. bóndi m. > /"bonde/  
ó > /å/, i somme ord, t.d.  
gno. dómr m. > /dåm:/  
" blómstr m. > /blåmst/  
Kort: o > /å:/, vanl. føre kort kons., t.d.  
gno. kona f. > /"kå:ne/  
o > /å/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. holmi m. > /"hålme/  
o > /o:/, føre gno. rø, t.d.  
gno. bord n. > /bo:r/  
Gammal lenging før gno. lang og  
kort o fekk ulik kvalitet.  
o > /eu:/, diftongering v/ konsonantveiking, t.d.  
gno. stofa f. > /"steu:e/  
Blir også uttala /"stå:ve/.

Gno. ø.

- ø > /å:/, vanl. føre kort kons., t.d.  
gno. gótu f. > /"gå:te/  
ø > /å/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. tønn f. > /tåN:/  
ø > /o:/, somme stader føre -rø, t.d.  
gno. jørø f. > /jo:r/  
ø > /o/, somme stader føre -rt, t.d.  
gno. hjørtr m. > /jort/

- ø > /ø:/, ofte etter j, t.d.  
gno. fjøl f. > /fjø:l/  
men også elles, t.d.  
gno. øl n. > /ø:l/  
ø > /ø/, ofte etter j, t.d.  
gno. tjørn f. > /KøN:/  
ø > /åy/, diftongering v/ konsonantveiking, t.d.  
gno. fjøyr f. > /fjåyr/  
ø > /Y:/, i somme ord, t.d.  
gno. kjølr m. > /KY:l/  
ø > /eu/, somme stader, t.d.  
gno. høggva vb. > /"heug:e/  
ø > /ao/, ofte føre ng, t.d.  
gno. sponge f. > /spaong/

Gno. a.

- Lang: á > /ao:/, vanl. i utlyd og føre kort kons., t.d.  
gno. bátr m. > /bao:t/  
á > /ao/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. blått adj. n. > /blaot:/  
á > /o:/, ofte etter y, t.d.  
gno. tvá num. m. akk. > /to:/
- Kort: a > /a:/, vanl. i utlyd og føre kort kons., t.d.  
gno. gras n. > /gra:s/  
a > /a/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. stallr m. > /staL:/  
a > /e/, vanl. etter palatal kons. og føre lang  
kons. eller kons.samb., t.d.  
gno. jarn n. > /jeN:/  
a > /e:/, vanl. etter palatal kons. og føre kort  
kons., t.d.  
gno. fjara f. > /"fje:re/  
a > /ao:/, i nokre ord i framlyd, t.d.  
gno. af prep. > /ao:/  
a > /ao/, vanl. føre nasal og velar kons., t.d.  
gno. langr adj. > /'laong(e)/

b) Trykksvak stilling.

Gno. i.

- i > /e/, vanl. i svake mask. og nøytr., ub. form sg., t.d.  
gno. tími m. > /"ti:me/  
" stykki n. > /"styK:e/  
" " vanl. i adj., b. form m., t.d.  
gno. gamli > /"gamle/  
" " vanl. som komposisjonsvokal, t.d.  
gno. hœfilegr adj. > /"hø:vele/  
" " vanl. i adjektivendinga -ligr, t.d.  
gno. trúligr > /"tru:le/  
" " vanl. i sterke nøytr., b. form sg., t.d.  
gno. húsit n. > /'hu:se/  
" " vanl. i sterke adj. n. sg. og i pt. pts., t.d.  
gno. lítit adj. > /"li:te/  
" drukkit vb. > /"droK:e/  
  
i > /I/, vanl. i adjektivendinga -igr, t.d.  
gno. kunnigr > /"koN:Ig/  
" " vanl. i svake mask., b. form sg. etter  
labial eller velar kons., t.d.  
gno. bakkinn > /"baK:In/  
" " vanl. i sterke adj. m. sg. og i mask. pt. pts.  
etter lab. eller vel. kons., t.d.  
gno. vakinn adj. > /"va:KIn/  
" " vanl. i sterke fem., b. form sg. dat., t.d.  
gno. sænginni f. > /'senjINe/  
  
i > /a/, vanl. i sterke adj. f. sg. og i pt. pts. f., t.d.  
gno. vakin adj. > /"va:Ka/  
" frosin vb. > /"frå:sa/  
" " vanl. i sterke nøytr., b. form pl., t.d.  
gno. húsin > /'hu:sa/  
" " vanl. i sterke nøytr., b. form sg. dat., t.d.  
gno. húsinu > /"hu:sa/

Gno. u.

- u > /I/, vanl. i nasalending etter lab. eller vel.  
kons., t.d.

gno. vikunni f. b. form sg. > /"vI:kINe/  
u > /I/, vanl. i adjektivendinga -ugr, t.d.  
gno. móðugr > /"mo:dIg/  
u > /e/, vanl. utvikling, t.d.  
gno. vikur f. ub. form. pl. > /"vI:ke/  
" " også i samansetjingsfuge, t.d.  
gno. vikudagr m. > /"vI:keda:g/  
" " og i suffikset -ull, t.d.  
gno. ɔngull m. > /"aongel/  
u > /å/, somme stader, t.d.  
gno. ɔnnur pron. f. sg. > /"åN:år/  
u > /a/, vanl. i mask., b. form sg. dat., t.d.  
gno. sjónum > /'sjY:na/

Gno. a.

a > /e/, i infinitiv, t.d.  
gno. vita > /"vI:te/  
" " i svake fem., b. form sg., t.d.  
gno. fluga > /"flU:ge/  
" " i adv. n. komp., t.d.  
gno. neðra > /"ne:re/  
" " i adverb, t.d.  
gno. gjarna > /"jeN:e/  
" " som komposisjonsvokal, t.d.  
gno. bygðarfolk n. > /"bygdefálk/  
a > /a/, t.d. i presens av verb, i pl. av mask. og  
fem. subst. og i pt. pts. av  
verb, t.d.  
gno. kastar vb. pres. > /"kasta/  
" myrar f. ub. form pl. > /"my:ra/  
" hestarnir m. b. form pl. >  
/ "hestaNe/  
" kallaðr vb. pt. pts. > /"kaL:a/  
" " i svake fem., b. form sg., t.d.  
gno. vikan > /"vI:ka/  
" " i svake mask., b. form sg. dat., t.d.  
gno. bakkanum > /"baK:a/

- a > /a/, i adv. som endar på -an, t.d.  
gno. siðan > /"si:a/  
" " i svake nøytr., ub. form sg., t.d.  
gno. auga > /"eu:ga/  
a > /I/, i sterke fem., b. form pl., t.d.  
gno. nætrnar > /'ne:t'ne/

### Svarabhaktivokal.

Svarabhaktivokal er ikke konsekvent brukt, men han kan førekomme

- i sterke adj. m. sg., t.d.  
gno. langr > /'laonge/  
ofte også i sterke adj. f. sg., t.d.  
gno. stygg > /'styg:e/  
i pl. av fem. og mask. omlydssubst. er sv.vok. vanl., t.d.  
gno. nætr f. > /'ne:te/  
" fætr m. > /'fø:te/  
også vanl. i subst. der -r hører til rotforma, t.d.  
gno. ákr (akr) m. > /'aok:er/  
Blir også uttala /'aok'r/.  
dessutan i pres. av sterke vb., t.d.  
gno. leggr > /'leg:e/

### 2. Diftongane.

#### Gno. au.

- au > /eu:/, vanl. i utlyd og føre enkel kons., t.d.  
gno. nauð f. > /neu:/  
au > /eu/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. blautt adj. n. > /bleut:/  
au > /u:/, i somme ord, t.d.  
gno. sjau num. > /sju:/

#### Gno. ei.

- ei > /ai/, vanl. i utlyd og føre enkel kons., t.d.  
gno. kleif f. > /klaiv/

ei > /ai/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. geispa vb. > /"jespe/  
ei > /åy/, i labialisering omgjevnad, t.d.  
gno. breiða vb. > /"bråye/

Gno. ey.

ey > /åy/, vanl. i utlyd og føre enkel kons., t.d.  
gno. reykja vb. > /"råyK:e/  
ey > /ø/, vanl. føre lang kons. og kons.samb., t.d.  
gno. keyrði vb. > /"Kørde/  
ey > /y/, i nokre ord, t.d.  
gno. eykt f. > /ykt/

3. Konsonantane.

a) Konsonantsamband og lange konsonantar.

(Meir generelle utviklingar er stort sett ikkje tekne med.)

1. Ubrigda.

gno. mb > /mb/, mellom vokalar og i utlyd, t.d.  
gno. lemba vb. > /"lembe/  
" ld > /ld/, mellom vokalar og i utlyd, t.d.  
gno. vildi vb. pret. > /"vilde/  
" nd > /nd/, mellom vokalar og i utlyd, t.d.  
gno. band n. > /band/  
" ng > /ng/, i utlyd, t.d.  
gno. støng f. > /staong/  
Blir også uttala /stång/.

2. Differensiasjon.

gno. fs > /ps/, t.d. gno.\* lefsa f. > /"lopse/  
" sl > /tl/, " " hasl m. > /'hat'l/

3. Assimilasjon.

gno. pt > /t:/, i ein del ord, t.d.  
gno. eptir prep. og adv. > /"it:e/  
" lf > /l:/, i somme ord, m.a. føre kons., t.d.  
gno. tolf num. /tål:/  
" halfdauðr adj. > /"haldeu:/

gno. rs > /s:/, t.d. gno. fors m. > /fås:/  
" rn > /N:/, " " korn n. > /kåN:/  
" rl > /L:/, " " karl m. > /kaL:/  
Blir også uttala /ka:r/.

Partiell assimilasjon:

gno. pt > /ft/, t.d. gno. skapt n. > /skaft/  
" fn > /mn/, " " hrafn m. > /ramn/

#### 4. Segmentasjon.

gno. ll > /ld/, i somme ord, t.d.

gno. hellir m. > /"hilder/  
" kellari m. > /"Keldar/  
" kyllir m. > /"Kylder/

##### b) Dei einskilde konsonantane.

(Meir generelle utviklingar er stort sett ikkje tekne med.)

gno. t > /t/, ofte i trykksvak stilling, t.d.

gno. húsit n. b. form sg. > /'hu:se/  
" funnit vb. pt. pts. > /"foN:e/  
gno. tj blir uttala /K/, t.d.  
gno. tjørn f. > /KøN:/

" þ > /t/, vanl., t.d.

gno. þykkja vb. > /"tyK:e/

" þ > /d/, i trykklett stilling i framlyd, t.d.

gno. þú pron. > /du:/  
gno. þj blir uttala /K/, t.d.  
gno. þjukkr adj. > /'Kok:(e)/

" ð > /d/, somme stader, t.d.

gno. móðugr adj. > /"mo:dIg/

" ð > /t/, sjeldan, t.d.

gno. verða vb. > /"verte/

" ð > /t/, vanl. i utlyd og mellom vokalar, t.d.

gno. staðr m. > /sta:/

" siða f. > /"si:e/

" " " ofte føre konsonantane g, j, n, r, t.d.

gno. blóðga vb. > /"blög:e/

" biðja vb. > /bI:/

" staðna vb. > /"sta:ne/

" brúðr f. > /bru:r/

- gno. ð > /ø/, og etter m.a. r, t.d.  
gno. garðr m. > /ga:r/  
" d > /ø/, i framlyd føre j, t.d.  
gno. djúp n. > /ju:p/  
" k > /K/, palatalisering føre fremre vokalar,  
også når vokalen seinare er vorten  
lågare, t.d.  
gno. kista f. > /"Kiste/  
" kýr f. > /"Ky:r/  
" ríki n. > /"ri:Ke/  
" bókin f. b. form sg. > /'bo:Ka/  
" k > /g/, i trykklett stilling, t.d.  
gno. ek pron. > /e:g/  
" k > /ø/, etter s og føre j, t.d.  
gno. skjór f. > /sjo:r/  
" g > /j/, palatalisert føre fremre vokal, t.d.  
gno. gefr vb. pres. > /jI:r/  
" " " også i innlyd, t.d.  
gno. hagi m. > /"ha:je/  
" " " også når vokalen seinare er vorten  
lågare, t.d.  
gno. sængin f. b. form sg. > /'senja/  
" g > /ø/, ofte mellom konsonantar, t.d.  
gno. fylgði vb. pret. > /"fylde/  
gno. gg blir vanlegvis uttala  
/G/ i innlyd, t.d.  
gno. gluggi m. > /"gloG:e/,  
men /g/ føre svarabhaktivok., t.d.  
gno. tyggr vb. pres. > /'tyg:e/  
" m > /n/, vanl. føre k, t.d.  
gno. samka vb. > /"saonke/  
" m > /ø/, i trykksvak staving i utlyd, t.d.  
gno. í goegnum dat. > /i "jø:ná/  
" n > /n/, i b. form sg. av fem. som endar på  
lang rotvokal, t.d.  
gno. brúin f. > /'bru:na/  
" n > /ø/, i trykklett stilling i utlyd, t.d.  
gno. míð pron. f. > /mi:/

gno. n > /N/, ofte i trykklett stilling i endingar, t.d.

gno. markirnar f. b. form pl. >  
/"markINe/

Her er gno. n > /n/ også vanleg.  
gno. nn blir uttala /N/ mellom  
vokalar og i utlyd, t.d.

gno. tønn f. > /tåñ:/,  
men oftest /n/ føre s, t.d.  
/"bjønshi:e/ n. b. form sg.,  
jfr. gno. bjarnarhið n.

" l > /ø/, i nokre få ord, t.d.

gno. karl m. > /ka:r/  
Blir også uttala /kaL:/.

" " " i utlyd i trykksvake ord, t.d.

gno. vil vb. pres. > /ví:/  
gno. ll blir uttala /L/ mellom  
vokalar og i utlyd, t.d.  
gno. fjall n. > /fjeL:/,  
men oftest /l/ føre s, t.d.  
gno. fjallsendinn m. > /"fjelsend'n/

" r > /ø/, ofte i trykklett stilling i utlyd, t.d.

gno. undir prep. > /"onde/

" " " i pl. av substantiv, t.d.

gno. bakkar m. ub. form > /"baK:a/

" " " i presens, t.d.

gno. þakkar > /"tak:a/

" " " ofte føre s, t.d.

gno. fyrst adv. > /fyst/

" " " i bøyingsendingar, t.d.

gno. skór m. ub. form pl. > /sko:/

" f > /ø/, somme stader, m.a. ofte etter au, á, ú, t.d.

gno. klauf f. > /kleu:/

" láfi m. > /"lao:e/

" þúfa f. > /"tu:e/

" f > /v/, mellom vokalar og i utlyd, t.d.

gno. nqf f. > /nå:v/

" høfuð n. > /"hå:ve/

Her var uttalen allereie i gno. [þ].

gno. v > /ø/, i somme trykksvake ord, t.d.

gno. svá adv. > /so:/

" j > /ø/, føre gno. ú og ó (no /y/ eller /Y/), t.d.

gno. rjúka vb. > /"ry:ke/

### Vokalbortfall. Bortfall av heile stavingar.

Bortfall av gno. e (i) og u føre n i trykklett stilling etter dentalane t, d, n, l, r og s som siste rotkonsonant:

m. sg. b. form,	t.d. gno. hestrinn (< hestr) >	/'hest'n/ hesten
" " "	" " " hundrinn (< hundr) >	/'hond'n/ hunden
" " "	" " " sonrinn (< sonr) >	/'så:'n/ sonen
" " "	" " " stallrinn (< stallr) >	/'sta:L'N/
		eller /'sta:'L/ stallen
" " "	" " " mûrinn (< mûrr) >	/'mu:r'n/ muren
" " "	" " " forsinn (< fors) >	/'fås'n/ fossen
f. sg. dat.	" " " í reinunni (< rein) >	/i "rai'ne/
" " "	" " " í pannunni (< panna) >	/i "pa:'N(e)/
m. pl. b. form.	" " " sœnirnir (< sonr) >	/"sø:'ne/ sœnene
f. " "	" " " visurnar (< visa) >	/"vi:s'ne/ visene
adj. og pt. pts.	" " " frosinn (< frjósa) >	/"frå:s'n/ frozen

Mask som endar på -tn har lik form i ub. form og i b. form sg., t.d. gno. botn og botninn > /'båt'n/.

## 2. FORMVERKET

### A. Substantiv.

#### 1) Maskulina.

##### Sterk bøyings.

pl. ending

b. form

-a	gno. hestr /hest/ /'hest'n/ /"hesta/ /"hestaNe/
þ	" skór /sko:/ /'sko:IN/ /sko:/ /'sko:na/
-e	" sauðr /seu:/ /'seu:IN/ /"seu:e/ /"seu:INE/
-e + omlyd	" sonr /så:n/ /'så:'n/ /"sø:ne/ /"sø:'ne/
-je	" drengr /dreng/ /'drenjin/ /"drenje/ /"drenjINE/

Svak bøyning.

gno. bakki /"baK:e/ /"baK:IN/ /"bak:a/ /"bak:aNe/  
" biti /"bI:te/ /"bI:t'n/ /"bI:ta/ /"bI:taNe/

2) Feminina.

Sterk bøyning.

pl. ending

b. form

-e	gno.	tið /ti:/ /'ti:a/ /"ti:e/ /"ti:INe/
-a	"	mýrr /my:r/ /'my:ra/ /"my:ra/ /"my:raNe/
-e + oml. i pl.	"	rót /ro:t/ /'ro:ta/ /'rø:te/ /'rø:t'ne/
-e ( <u>u</u> -oml. i sg.)	"	tønn /tåN:/ /'tåN:a/ /'teN:e/ /'te:'Ne/
ø + <u>i</u> -oml. i pl.	"	tó /to:/ /'to:na/ /tø:/ /'tø:'ne/
-je	"	sæng /seng/ /'senja/ /"senje/ /"senjINe/

Svak bøyning.

gno. kirkja /"KirKe/ /"KirKa/ /"KirKe//KirKINe/  
" vika /"vI:ke/ /"vI:ka/ /"vI:ke//vI:kINe/

3) Nøytra.

Sterk bøyning.

gno. epli /"eple/ /"eple/ /"eple/ /"epla/  
" þak /ta:k/ /'ta:Ke/ /ta:k/ /'ta:Ka/  
" barn /ba:n/ /'ba:ne/ /båN:/ /'båN:a/

Svak bøyning.

gno. auga /"eu:ga/ /"eu:ga/ /"eu:ge/ /"eu:gNe/

Kasusbruk.

Gulen ligg i ytterkanten av dativområdet, og det er ein av grunnane til at dativ i dag er på veg ut or målføret. I Eivindvik nyttar dei eldste somme tider dativformer i sg., men bruken er som regel svært vaklande hos ein og same person. Eg har ikkje hørt nokon som nyttar dat. pl.-former.

	Dat.	Nemneform
m. sg. b. form:	/på 'sjY:na/	/'sjY:'n/ sjø m.
f. sg. b. form:	/på 'marKINe/	/'marKa/ mark f.
" " " :	/i "rai'ne/	/"raina/ reine f.
n. sg. b. form:	/i "ne:sa/	/'ne:se/ nes n.

B. Adjektiv.

1) Samsvarsbøyning.

<u>Sterk bøyning.</u>	M.	F.	N.
gno. ríkr sg. /'ri:k(e)/	/'ri:k(e)/	/rikt/	
pl. /"ri:ke/	/"ri:ke/	/"ri:ke/	
<u>Svak bøyning.</u>	M.	F.	N.
gno. ríkr sg. /"ri:ke/	/"ri:ke/	/"ri:ke/	
pl. "	"	"	"

2) Gradbøyning.

	Pos.	Komp.	Sup.
gno. ríkr	/'ri:k(e)/	/"ri:kare/	/"ri:kast/
" stórr	'sto:r(e)/	'stør:e/	/støst/
" gððr	'go:(e)/	'be:re/	/best/
	el.	!/baire/	

### NORMERING

Normeringa av namnematerialet byggjer på "Føresegner om skrivemåten av stadnamn" (1957), men ein del dialektale særdrag vert likevel merkte.

- 1) Gjeldande rettskriving blir fylgd ved assimilasjon, differensiasjon og segmentasjon, t.d. Kvernhushaugen /"kveN:(h)us-hå:jIN/, Haslepallen /"hatlepa:L'N/, Helleren /"hilder'n/. Særdrag i konsonantismen er merkte i namn som kjem inn under pkt. A.2.a. i resolusjonen: "individuelle og lite gjennomskodelege namn og i sermerkte eller lite kjende ord og namnlekkar". Døme: Mastambura /"mastambu:ra/, Skoldingen /"skålдинjIn/ osv.
- 2) Palatalisering av velarane k og g blir merkt i samsvar med gjeldande rettskriving, t.d. Djupevika /"ju:pevi:Ka/, Tangen /"tånjIn/, Ryggen /'ryG:IN/.
- 3) 'Stumme' konsonantar vert merkte i samsvar med gjeldande norm, t.d. Nedre Skaret /"ne:re 'ska:re/, Preststrengen /"prestrenjIn/.
- 4) Gno. konsonantar som står ubrigda, vert merkte, t.d. Lambe-stallane /"lambestaL:ane/ (gno. lamb n.), Kamben /'kambIn/ (gno. kambr m.), Giljane /"giljaNe/ (gno. nøytr. ja-stamme).
- 5) /I:/, /Y:/ og /U:/ vert regulerte etter gjeldande rettskriving, t.d. Reset /'rI:se/ (gno. ris n.), Midfjellet /"mI:fjeL:e/ (gno. mið-), Hundehølen /"hondehY:l'n/ (gno. hylr m.), Torv-skurden /"tår(v)skU:r'n/ (gno. skurðr m.). Kort /o/ vert også merkt i samsvar med rettskrivinga, t.d. Lunden /'lond'n/ (gno. lundr m.), Runnevollen /"roN:evå:L'N/ (gno. runnr m.).
- 6) Monoftongering, t.d. /ai/ > /e/ og /åy/ > /ø/, vert markert i samsvar med gjeldande rettskriving: Kjørsleled /"Kørslell:/ (jfr. gno. keyra vb.), Leirvika /"lervi:Ka/ (gno. leirr m.) osv.
- 7) Sterke mask. som endar på /t'n/ i b. form sg., blir noterte i samsvar med gjeldande norm, sjølv om uttalen er lik ub. form: Botnen /'båt'n/

8) N-morfemet i b. form sg. av st. fem. blir markert, t.d. Haukøyna /"heu:kåyna/.

9) Nøytra som endar på trykklett /e/ både i ub. og b. form sg., er konsekvent normerte til b. form, t.d. Leitet /"laite/. Namn som fell inn under pkt. A.2.a. i resolusjonen, blir ikkje normerte, t.d. Riple /"riple/. Samansette og usamansette namn med eit nøytrumsord som endar på trykksterk vokal, er ofte ubøygde i sg. Dette blir markert i normeringa, t.d. Skinstød /"sjinstø:/, Jotræ /'jo:tre:/, Kuled /'ku:li:/, men Geiteflorsledet /"jaiteflorslI:e/, Træet /'tre:e/.

Ein del namn (og namnelekkar) har ulike muntlege belegg, og desse blir ofte normerte med ein skilde bokstavar i parantes, t.d. Prest(e)sundet, Bjørn(s)hiet osv.

Personnamn blir ofta skrivne etter uttalen, t.d. Griggusskaret /'grig:uska:re/.

I samansette namn der det er uråd å høre om ein har stamme- eller s-komposisjon, vert normeringa gjord ved analogi til andre namn med same førelekken, t.d. Flogfjellsskora (jfr. Sjofjellslia), Nonsskaret (jfr. Nonshaugen) osv. Dersom det ikkje er mogeleg å jamføre til andre namn i materialet, vert uttalen lagd til grunn, t.d. Hundstolen /"hon(d)sto:l'n/, Domsteinen /'dåmstai'n/ osv.

Om normering av gards- og bruksnamn, sjå s.177.

### STADNAMNKLASSIFISERING

Norsk stadnamngransking har ikkje vore mykje oppteken av klassifiseringsproblem, og det er lite skrive om dette emnet. Stort sett har interessa vore knytt til det etymologiske studiet og det praktiske samlearbeidet, og her har det då også vorte utvikla metodar og produsert ein god del litteratur kring problema. Difor har ein heller ikkje problematisert dei tradisjonelle klassifiseringsmodellane i særleg grad - spesielt i hovudoppgåver har det vore vanleg å overta metodar utan å diskutere dei.

I det siste har det likevel vorte skrive hovudoppgåver kring klassifiseringsproblematikken(t.d. Akselberg, Stene). Desse oppgåvene har stort sett teke utgangspunkt i arbeidet til den finske namnegranskaren Kurt Zilliacus og det skiljet han gjer mellom formelle, syntaktiske og semantiske aspekt ved namna. Zilliacus har gjort viktige innvendingar mot den eldre tradisjonen, og han har komme med løysingar, som må danne grunnlag for vidare diskusjon.

Avgjerande for korleis ein handsamar eit innsamla namnematerialeer likevel som regel avhengig av målet ein har sett seg. Er målet å drøfte klassifiseringsproblem for å prøve å komme fram til betre inndelingssystem, vil ein måtte ta opp og drøfte aspekt ved namna som elles ikkje blir problematiserte. Dersom ein berre er interessert i dei kultur- og naturhistoriske sidene ved namna, eller kanskje berre opptatt av at namna blir samla inn, vil det kanskje vere naturleg å nytte metodar som alt er utarbeidde og prøvde i bruk.

Målet for denne oppgåva er å kunne seie noko om namngjevinga i eit område, både når det gjeld språklege og topografiske tilhøve. I tillegg vil kultur- og naturhistoriske opplysningars i namna få rimeleg stor plass i drøftinga av utmerkingslekken - dette først og fremst fordi innsamlinga også har interesse for lekfolk i lokalmiljøet.

Eg har difor stort sett valt å leggje opp til ei tradisjonell inndeling av namnematerialet, og medvite prøvt å unngå å diskutere eventuelle metodiske problem. Likevel har arbeidet med namna tvinga meg til å ta opp til diskusjon ein

del spørsmål som eg frå fyrst av ikkje hadde tenkt å handsame. Dette gjeld primært grunnordtermen, som etter mi meining i alt for stor grad blir overteken meir eller mindre ukritisk frå tidlegare stadnamnarbeid. Valet av grunnorddefinisjon er dessutan nært knytt til den tradisjonelle hovudinndelinga av stadnamn (grunnord, samanlikningsord, grunnordlause namn), og difor vil også dette siste bli tatt opp i samband med den teoretiske diskusjonen kring grunnorddefinisjonen.

STADNAMNTERMINOLOGI (SÆRL. GRUNNORDTERMEN)

Det har vore vanleg å trekke fram namn som Indrebø, Ekre, Helleland, Stemshaug o.a. for å syne korleis omgrepene grunnord har vorte ulikt definert i norsk stadnamngranskning fram gjennom tida. Gustav Indrebø sin grunnorddefinisjon har vel vore mest nytta av stadnamngranskurar fram til dei to siste tiåra. I Stadnamni i ei fjellbygd (MM, 1921:126) definerer han grunnord som "ord som staar usamansett eller som siste-led i samansetningar, som er brukte i namngjeving i bygdi". Det var meinings at definisjonen skulle vere toponymisk, men han er vanskeleg å nytte slik. Jfr. t.d. grå adj. i Holmen grå, som ut frå definisjonen må reknast som grunnord.

Lars Ekre drøftar grunnordtermen i Opplysningar til stadnamn frå Midt-Jotunheimen og tilgrensande bygder, og kjem med ein ny og meir funksjonell definisjon: "ord som har eller har hatt tydeleg stadnemnefunksjon, anten dei står åleine eller er førelekk eller etterlekk i stadnamn. (-) Med (stadnamn-)grunnord meiner eg ord som er nytta eller har vore nytta til lokalitetsappellativ (=stadnemne) i stadnamn i det strøket stadnamna er henta frå" (1960:1973). Ekre ynskjer å avgrense termen til å gjelde lokalitetsnemne (lokalitetsappellativ), men for å få med alle toponym i eit namnetilfeng, reknar han også med lokalitetsappellativ som berre står i framlekk (utmerkingslekk). Kuperyggen (Svaberget) vil fylgjeleg innehalde to grunnord: kupe f. og rygg m.

Problemet blir å skilje lokalitetsappellativa (grunnorda) frå ord som er nytta i overført tyding - dei såkalla samanlikningsorda. Ekre fører desse opp som grunnord dersom dei "har fylgt ei vanleg evolusjonssemantisk line. Vi tenkjer ikkje på det anatomiske samanlikningsgrunnlaget kvar gong --- Ut frå slike ord er det vi i vår definisjon har teke med eit geografisk avgrensingsmoment" (op.cit.:173-74). Grunnorddefinisjonen til Ekre tek altså med både 'reine' lokalitetsappellativ og samanlikningsappellativ (=lokalitetsappellativ).

Ekre sin grunnorddefinisjon er altså meir funksjonell enn Indrebø sin definisjon, men samtidig skaffar den oss eit problem i dei høva me har å gjere med stadnamn som er saman-

sette av to eller fleire lokalitetsappellativ (jfr. Kupe-ryggen ovafor). Etter Norsk Riksmålsordbok er grunnord: "1)sj. viktig ord; særsl. i best. form, det viktigste, vesentligste ord. 2)sprogv., ord som andre ord er avleddet av, som danner hovedleddet i en smn.setning ell. lign.; (også) grunnform" (1937, Bind 1, sp.1624). Definisjonen skil altså ut to tydingar. Anten blir ordet brukt reint subjektivt om det viktigaste ordet i ei samansetjing eller reint etymologisk. Stadnamngranskaren kan ikkje vere nøgd med ein slik grunnorddefinisjon; ordet må m.a. få ei tilleggstyding som skil ut stadnamn frå andre namnegrupper, og som dessutan skil ut grunnstokken i namnelagingselementa, nemleg lokalitetsappellativa. Eit grunnord i denne tydinga må altså bli ein toponymisk term.

Problemet blir altså å avgrense og definere dette topografiske leddet (overlekken i hypotagmet). Det blir viktig å få fram det nære tilhøvet som er mellom eit (stad)namn (og då særleg grunnordet = overleddet, kjernen) og namneobjektet (lokalitetten).

Etter Ekre sin definisjon vil eit namn som Kuperyggen altså bestå av to grunnord, og dette stemmer ikkje med definisjonen av grunnord i NRO (sjå ovafor). Ut frå denne kan ikkje eit samansett namn ha meir enn eitt grunnord (overledd). Det synest altså utenkjeleg med eit parataktisk tilhøve på namneplanet.

I Noko om stadnamn frå Hardangervidda vest (1970) kjem Botolv Helleland med ein definisjon der han prøver å løyse dette problemet. Han tek ikkje med terrengekarakteriserande appellativ nyttta berre som fram- eller mellomlekk i sin grunnorddefinisjon - eit namn som Holmen grå vil difor ikkje innehalde noko grunnord. Helleland presiserer at hans definisjon primært skal høve for hans namnemateriale - difor skapar heller ikkje namn av typen Holmen grå noko problem. Men han gjev ikkje noko eintydig svar på kvifor han held lokalitetsappellativ i fram- og mellomlekk utafor definisjonen.

Det som etter mi meining er viktig å få fram, er at det berre er eitt appellativ i kvart namn av typen Kuperyggen som seier kva den aktuelle lokalitetten er for noko. Kuperyggen er ikkje ei kupe (hole, seld), men ein bergrygg, Åburdvika er

ikkje ein åburd (båtstø), men ei vik, osv.

Difor blir min definisjon av grunnord til bruk i denne oppgåva denne:

MED GRUNNORD MEINER EG TERRENGKARAKTERISERANDE APPELLATIV SOM ER ELLER HAR VORE NYTTA SOM STADNEMNE I DET OMRÅDET STADNAMNET ER HENTA FRÅ. DET ER ANTEN EIT USAMANSETT NAMN ELLER HOVUDLEKK I EIT SAMANSETT, OG DET MÅ DESSUTAN DENOTERE DEN AKTUELLE LOKALITETEN ELLER EIN LOKALITET SOM I DAG INNEHELD DEN OPPHAVLEG NAMNGJEVNE LOKALITETEN.

Definisjonen reknar altså vik f. i bruksnamnet Grønevika (Eivindvik) som grunnord. I Stadnamn frå Hildrestranda i Haram diskuterer Stene slike bruksnamn, og kjem til at Haugen (bruk) ikkje kan reknast å innehalde noko grunnord, m.a. fordi det har gått føre seg ei denotasjonsendring frå den opphavleg namngjevne haugen og til heile bruket, som haugen i dag berre er ein del av. Stene konsentrerer seg altså om korleis namna har vorte laga, kva lokalitet namnet opphavleg syner til, og finn at "appellativet haug har i norsk eit tydingsfelt som stengjer ute vår oppfatning av den røynde tingens bruk" (s.64). Eitt av resultata av ein slik bruk av grunnordtermen blir då at det berre er lokalkjende folk (dvs. Stene) som kan vite at eit namn som Haugen syner til eit bruk og ikkje til ein haug. Kva så med eit bruksnamn som Haugane (Eivindvik) ? Det er ingen som veit i dag om staden vart kalla Haugane før han vart utskift frå Prestegarden i 1891, men dersom namnet eksisterte då staden vart eige bruk, kan ein vel neppe snakke om denotasjonsendring. Haugane (bruket) består nemleg den dag i dag stort sett berre av små og store haugar.

Ein kan altså seie at min grunnorddefinisjon prøver å gjere namnematerialet lettare tilgjengeleg for folk som ikkje nødvendigvis er lokalkjende i stroket. Det skal såleis vere mogeleg å kunne plukke ut det 'faste' inventaret av lokalitetsappellativ i språket (eller dialekten), t.d. dal m., hole f., fjell n. osv., og samstundes kunne vite - ut frå grunnorddefinisjonen - at i eit namn som Grønevika er vik f. grunnord og grøn adj. utmerkingslekk. Ein annan ting er at samanlikningsord skil seg ut frå lokalitetsappellativa ulikt

alt etter kva geografisk område namna er henta frå (sjå s. 31).

Vik f. i Grønevika (bruk) blir rekna som grunnord fordi vika som bar namnet frå først av, i dag er ein del av bruket Grønevika. Dessutan blir slike namn ofte brukt i to tydingar. Mjåneset er namn på bruk nr. 9 i Eivindvik, men samtidig blir det nytta om sjølve neset, altså om den 'oppavleg namngjevne lokaliteten' (jfr. grunnorddefinisjonen).

Namn av typen Kleiva (Eivindvik) valdar litt problem. Dette namnet syner i dag til eit par gamle hustufter tett ved ein bergrygg det gjekk stig (kleiv) ned tidlegare. Eg vel likevel å sjå på kleiv f. i Kleiva som grunnord fordi namnet frå først av truleg har vore brukt om vegen (kleiva), og fordi namnet også i dag, i det minste av somme, vil vekkje førestillingar, ikkje berre om sjølve hustuftene, men også om eit større område, der også den oppavlege kleiva er med.

Grunnorddefinisjonen omfattar ikkje stadnamn av typen Utom Martemuren og Fram på Støytet. I slike namn syner ikkje lokalitetsappellativet til den aktuelle lokaliteten, men ein i nærleiken, som sjølv ber eit levande stadnamn (Martemuren, Støytet). I tillegg kjem den formelle skilnaden på namn av typen Kleiva (jfr. ovafor) og namn som Utom Martemuren. Det siste namnet 'plasserer' seg sjølv i forhold til lokaliteten i nærleiken ved hjelp av preposisjonen, medan det første (Kleiva) ikkje gjer oss i stand til på formelt grunnlag å kunne seie noko om kva lokalitet namnet syner til.

Definisjonen tek altså ikkje med terrengekarakteriserande appellativ som første- eller mellomlekk der også sistelekken er eit terrengekarakteriserande appellativ (jfr. kupe f. i Kuperyggen). I det innsamla namnematerialet er nemleg terrengekarakteriserande appellativ som står som sistelekki i eit samansett stadnamn med meir enn eitt terrengekarakteriserande appellativ, alltid kjernen (=grunnordet) i hypotagmet. Men dermed kan ein også risikere å 'miste' appellativ som til liks med grunnorda er terrengekarakteriserende, men som ikkje er heimla med grunnordfunksjon i det innsamla materialet. Difor er desse appellativa (om lag 10 ord) tekne med og omtala særskilt annan stad i oppgåva (s. 154).

Såkalla 'litterære' bustad- eller bruksnamn kjem heller

ikkje inn under grunnorddefinisjonen. Slike namn, t.d.

Solvang, Lindelidosv., har dessutan gjerne hovudlekkar som ikkje inneheld eit vanleg terrengkarakteriserande appellativ i målføret (t.d. vang m. i Solvang).

Det er alltid vanskeleg å avgjere kva som er eit lokalitetsappellativ. Det går greitt med naturord som berg n., sjø m., holme m. o.l., sameleis med kulturord som støl m., hage m., apal m. osv. Når det gjeld kulturorda, blir det viktig å kunne trekkje ei grense mellom dei som er lokalitetsappellativ og ikkje (jfr. ord som byte n., s. 38) Endå vanskelegare kan det bli å plassere somme samanlikningsord, dvs. ord som jamfører ytre likskap. Alle samanlikningsord (jamføringsord) er terrengkarakteriserande i appellativisk bruk, men berre dei som har gått gjennom ei 'evolusjonssemantisk utvikling' (jfr. Ekre), blir rekna til grunnorda. Det gjeld då ord som rygg m., rane m., nov f. o.l., medan jamføringsord som i større grad fører tankane i retning av samanlikningsgrunnlaget, ikkje blir rekna som grunnord (t.d. skåp n., stol m., okse m. osv.). I tvilstilfelle må grensa trekkjast på reint subjektivt grunnlag - i somme høve har eg sjølv teke avgjerda, i andre tilfelle har eg late heimelsfolka få bestemme.

Namn som er overførte frå ein stad til ein annan, blir ofte kalla oppkallingsnamn, t.d. Nordnes (Eivindvik), Børsen (Henriksbø) osv. Eg vel å sjå på desse som ei eiga gruppe under grunnordlause namn. Dei skil seg ut frå 'reine' jamføringsnamn ved at dei har overteke fullt ferdige stadnamn (eller *proprium*).

Nokre få namn som det har vore vanskeleg å plassere, er tekne med i ei eiga gruppe 'Andre grunnordlause namn'.

Namnematerialet er altså samansett av to hovuddelar:

- 1) Namn som inneheld grunnord (dvs. naturord, kulturord, og 'ytre' jamføringsord som har gått gjennom ei 'evolusjonssemantisk utvikling') og 2) grunnordlause namn (dvs. namn som inneheld 'ytre' jamføringsord utan 'evolusjonssemantisk utvikling', oppkallingsnamn, namn med terrengkarakteriserande appellativ (=grunnord) som ikkje namngjev den aktuelle lokalteten, litterære bustadnamn og andre grunnordlause namn).

Det viktigaste for meg under arbeidet med hovudinndelinga av namnematerialet har vore å kunne skilje namn som inneheld grunnord ut frå andre namn. Når eg så skal gå vidare og om-

tale utmerkingslekkane, vil eg fylgje eit tradisjonelt mønster. Likevel vil eg prøve å sjå det einskilde samansette namnet som ein heilskap - og ikkje først og fremst som samansett av ulike delar som fritt kan løysast frå kvarandre. Det overordna målet er likevel primært å sjå på namna som kultur- og naturhistoriske informantar, dinest å diskutere namn etymologisk der det er naudsynt for forståinga.

Det at ein prøver å sjå eit samansett namn som ein semantisk einskap, vil også i somme tilfelle få konsekvens for val av grunnord (terrengkarakteriserande appellativ). Brundstall m., 'jordbenk som hanhjorten lagar der paringa skal gå for seg', blir rekna som eit usamansett namn, fordi appellativet viser til ein heilt spesiell terrengformasjon. Dersom me skulle dele opp namnet, ville stall m. bli grunnord, men dette appellativet syner til ein lendeformasjon som skil seg klart frå den brundstall nemner. Like eins vil namn som Inngjerdsle, Vegskilet, Tjørehjellen o.l. bli sett på som usamansette namn, fordi målføret ikkje brukar \*gjerdsle f., skil n. og hjell m. som terrengkarakteriserande appellativ. Slike namn inneheld to eller fleire morfem som står saman i ein semantisk heilskap og dannar eit usamansett substantivisk namn.

### HOVUDINNDELING AV STADNAMNA

#### 1. NAMN SOM INNEHELD GRUNNORD (GRUNNORDOVERSYN)

Grunnorda er ordna alfabetisk, og ikkje etter lende-typar (t.d. våtlende, høgdedrag osv.). Ei slik gruppeinn-deling vil lett føre til at ein taper oversynet, dessutan får ein ofte problem med å avgjere kva gruppe somme grunn-ord bør plasserast i.

Eg har prøvt å setje opp kor mange gonger grunnordet finst usamansett, samansett og i fri samansetjing i namne-materialet. Dessutan har eg teke med nokre få gjennomskode-lege grunnord frå skulebarnoppskriftene. Desse er altså ikkje noterte med grunnordfunksjon i det innsamla materialet, men i dei høve dei finst som utmerkingslekk, blir også desse (utmerkingslekkane) talde. I frekvensoversynet er grunnord frå skulebarnoppskriftene merkte ukj. (ukjent) og sette i parantes.

Over 50 lokalitetar ber to (eller fleire) ulike namn. For om lag 20 av desse stadene er det ulikt grunnord i namna. I slike høve blir begge (evt. fleire) namna talde med under sitt respektive grunnord. Talet på lokalitetar med namn som inneholdt grunnord vil difor vere mindre enn den totale mengda av grunnordnoteringar.

For dei fleste grunnorda har det gått greitt å setje opp bøyninga i målføret. Ein del er likevel gådde or bruk som appellativ, og for desse er det ikkje konstruert 'sannsynlege' former, men berre ført opp bøyingsforma i namnet pluss eventuelle andre former som eg har høyrt brukt i målføret. I dei tilfelle appellativet også er notert i utmerkingslekk, er desse formene tekne med til slutt i bøyingsoversynet.

Dersom det har vore tvil om genus, er grunnordet ført opp to gonger, og det blir då vist frå det eine til det andre. Dette siste gjeld også grunnord som har to genus i målføret. Elles blir det under diskusjonen av grunnorda ofte synt til liknande nemne frå bygda.

Uttale av namna er stort sett teken med der han vik sterkt av frå 'normert' uttale i norsk - eller der tonelaget er viktig for å få fram skilnader (t.d. /'klant'n:/;/'klant'n/). Alle namna er førte opp med uttale i registeret bak i oppgåva.

Jfr. elles grunnorddefinisjonen s.29.

apal m., gno. apaldr m.

Usamansett (1 g. ukj.), samansett 1 g.

/"a:pal/-/"a:pal'n/-/"apla/-/"aplaNe/

Lite nytta som appellativ i dag - epletre har teke over.

Det er ikkje mykje fruktdyrking i bygda. Det som blir  
dyrka, går til husbruk.

bakke m., gno. bakki m.

Usamansett 7 gg., samansett 31 gg.

/"baK:e/-/"baK:IN/-/"bak:a/-/"bak:aNe/;

sms. /"bak:-/, /"bak:e-/

Oftast brukt om "meir eller mindre jamn terrengskråning" (NO 1:374), men også om nesten vassbeine flater, t.d. Naustbakken i Tjuvviika. Som regel (tidlegare) graskledd lende, også i utmark, t.d. Gygrebakken (Undertun).

berg n., gno. berg n.

Usamansett 1 g., samansett 19 gg.

/berg/-/'berje/-/berg/-/'berja/

-/"bergaNe/ (f.pl.)

Nytta om bratte (også loddrette) landskapsformasjonar der grunnfjellet stikk opp i dagen, t.d. Troppeberget (Midtun). Også om oppstikkande, nake fjell på flat mark, og om større samanhangande fjellformasjonar, t.d. Skålberga på Henriksbø. Bergane (Midtun) og Blåbergane (Svaberget) reflekterer f.pl., som også er ei vanleg form i mange gardsnamn i Noreg (jfr. Bergan o.l.). Begge namna er nytta om stor, samanhangande fjellgrunn.

bjørk f., gno. bjørk f.

Usamansett (1 g. ukj.), samansett (2 gg. ukj.),  
fyrstelekk 2 gg.

/bjørk/-/'bjørKa/-/"bjørKe/-/"bjørKINe/;  
sms. /"bjørke-/

Ordet er notert berre i fyrstelekk, men i dei gløymde  
namna fungerer bjørk også som grunnord, t.d. Skjorebjørkja  
(Henriksbø).

botn m., gno. botn m.

Usamansett 4 gg., samansett 17 gg., fri samansetjing 2 gg.  
/'båt'n/-/'båt'n/-/"båtna/-/"båtnaNe/; sms. /"båtne-/,  
-/"betne/-/"bet'ne/                    -båt:-/

Vanleg om inste enden av ein dal, t.d. Instebotnen i  
Undertundalen, med fjell på tre kantar. Men også om gryteforma  
søkk i fjellsider, t.d. Blåbotnen (Midtun) og Skålbotnen  
(Henriksbø). Slike søkk markerer seg ofte svært lite, og det kan  
vere vanskeleg å få auga på dei for ein som ikkje er lokalkjend.

På Henriksbø ligg Blåbetne /'blao:betne/ - som ein heimels-  
mann meiner er eit område (gammal slåtteteig) i lia på nordsida  
av Ramsgrøholten. Andre nemner for Blåbotnen /'blao:båt'n/ eit  
søkk litt lenger heime (vest) i lia. Eigentleg er her fleire  
mindre holer (kuper) i dette området, og difor er det vel rimeleg  
å rekne med at også Blåbetne innehold ei (forvanska) form av  
botn m. Truleg er det pl.-forma betnene /"bet'ne/ som løyner seg  
i namnet. Denne pl.-bøyingsa, som Aasen kallar "feilagttig for  
Botnar" (1873:73), er på veg ut av målføret, men er framleis kjend.  
Når ei heimelsvinne seier /no:r i "taskebetna/, og meiner 'nord  
i Taskebotnen', kan det tyde på at desse bøyingsformene (betne/  
betnene) ikkje lenger blir brukte 'rett' i målføret. Uttalen  
kunne reflektere b. form pl. dat. \*/"betnå/ - Taskebotnen blir  
nemleg også kalla Taskebetnene - men sidan heimelsfolka ikkje  
brukar dat.pl., er /"taskebetna/ truleg ei sg.-form (dat.) som  
er blitt forvanska under påverknad av den spesielle pl.-bøyingsa.

brekke f., gno. brekka f.

Usamansett 3 gg., samansett 2 gg., fri samansetjing 2 gg.  
/"brek:e/-/"brek:a/-/"brek:e/-/"brek:INe/

Definisjonen i NO 1:893 høver godt: "bakke, hall, serleg stor bakke mellom ei lågare og ei høgre flate". I desse skråningane går det ikkje sjeldan veg(ar) eller stig(ar). Kan falle saman i tyding med bakke m. (s.34).

brot n., gno. brot n.

Usamansett 1 g., samansett 1 g.  
/brå:t/-/'brå:te/-/brå:t/-/'brå:ta/

Brot har samanheng med verbet bryte (gno. brjóta).

Nytta appellativisk om ein stad i ei li som er 'broten av', slik at me får eit flatare parti eller ein avsats i lia, t.d. Vasslibrotet (Henriksbø)

bru f., gno. brú f.

Usamansett 1 g., samansett 6 gg.  
/bru:/-'bru:na/-/"bru:e/-/"bru:INe/; sms. /'bru:-/

Alle namna er nytta i tydinga 'bru over elv'. Byggjematerialet er vanlegvis stein, betong eller jarn. Kan vere enkle konstruksjonar som t.d. Skagervollbruna (Henriksbø), 'nokre trestokkar med heller oppå'.

Den største og mest kjende bruа i bygda blir berre kalla Bruna. Før ho vart bygd, måtte ein anten i båt eller gå rundt Midtunvågen for å komme frå Undertun til Eivindvik (Prestegarden).

brund(e) stall m., jfr. gno. brundr m. og stallr m.

Usamansett (1 g. ukj.), fyristelekk 1 g.  
/"brond(e)staL:/-/"brond(e)sta:L'N/-/"brond(e)staL:a/-  
-/"brond(e)staL:aNe/

Notert i Brundstallstræet (Midtun), dessutan i 'Brunstallen', eit gløymt namn (Midtun) frå skulebarnoppskriftene.

Som appellativ er brund(e) stall nytta om den jordbenken som hanhjorten lagar der paringa skal gå for seg. Appellativet er kjent både i Masfjorden og Brekke i same tydinga. Jfr. NO 1: "hole som hanhjorten grev opp når han vil para seg (Masfjorden M" (Sp. 974).

bryggje f., gno. bryggja f.

Usamansett 1 g., samansett 5 gg.

/"bryG:e/-/"bryG:a/-/"bryG:e/-/"bryG:INe/

Vanleg i stadnamn om utbygg i sjøen, jfr. Aasen: "Landgangsbro, Udbygning mod Vandet til Bekvemmelighed for Landstigning og Losning" (1873:86). Stein er vanlegaste byggjematerialet, jfr. Mursteinsbryggja på Undertun.

Sundalsbryggja (Gryta) har namnet sitt etter ein brukar på Indre Midtun kring midten av førre århundret. Men ho har ikkje alltid vore kalla slik, sjølv om bryggja i dag har fått attende sitt opphavlege namn. I kortare periodar har ho også vore kalla Sylvarnesmuren (etter ein Sylvarnes som budde på Gryta) og Kahrsbryggja (etter Kahrs, brukar på Gryta i førre århundret).

brådbenk m., jfr. gno. bráð n. og ty. Bank f., pl. Bänke

Usamansett 1 g.

/"brao:benk/-/"brao:benKIN/-

Brådbenken /"brao:benKIN/ i Svaberget er ein stad der dei tjørebredde seglbåtane tidlegare. Jfr. Aasen: "Sted hvor Farøier opsættes for at blive overstrøgne med Tjære (Braad)" (1873:75).

Opphavleg var brådbenk namn på "ein planke lagd på høge steinar, seinare ein benk som båtane vart kvelvde på når dei var dregne på land og skulle tjørebreiast" (Norsk Allkunnebok 2:589). Større båtar, t.d. seglskip, måtte derimot kjølhalast fram til ei fjøre eller ei bryggje, og slike stader kunne også bli kalla brådbenk.

Brådbenk er gått or bruk som vanleg appellativ, men også i Brekke er ordet notert i stadnamn om ei fjøre der dei "brædde jektene og andre større fartøy" (Takle:34).

byks n., jfr. gno. byxa vb.

Samansett 1 g.

/byks/-/'bykse/-/byks/-/'byksa/

Notert berre 1 g. i Geitebykset i Kvernhuselva på Midtun. Her kunne geitene komme seg over elva med hjelp frå ein hammar som ligg midt i elva.

Geitebykset vart tidlegare brukt som teikn på at det var stor vassføring i elva. Når elva rann over hammaren, var det såleis teikn på at det var kvernevatin i elva.

byte n., jfr. gno. býta vb.

Samansett 1 g.

/"by:te/-/"by:te/-/"by:te/-/"by:ta/

Havelandsbytet er namnet på ei lita vik på Floli. Når folk frå Haveland skulle ro til Eivindvik, skifte dei rolag i denne vika.

Som lokalitetsappellativ er byte lite nytta i dag, sjølv om tydinga er godt kjend. Ordet var mykje brukt i den tid robåten var vanlegaste framkomstmiddel mellom Eivindvik (kyrkjestaden) og resten av kommunen.

Det kan kanskje vere vanskeleg å knyte ordet til ein spesiell terrenghformasjon på staden. Dersom vegen gjekk midt i leia, kunne ein like gjerne nytte eit méd, jfr. /naor mI 'sI:r "ne:se e mI "kåmne tI "by:te/, det vil seie halvveges mellom Vikane og Eivindvik (NO Film).

Dersom ferda gjekk langs land, var det naturleg at dei valde ut ein stad med namn til det livd. Ei vik eller ei livdhole bak eit nes høvde såleis godt. Dessutan ville eit slikt robyte altså ofta ligge på halvvegen mellom utgangs- og endepunktet for turen.

Byte er også kjent i Årdal i Sogn i om lag same tyding som her (Midttun:25).

bø m., gno. bør m.

Samansett 3 gg., fri samansetjing 2 gg.

/bø:/--/'bø:'n/-/"bø:a/-/"bø:aNe/; sms. /'bø:/-

Notert 4 gg. i b. form, 1 g. i ub. form i gardsnamnet Henriksbø.

Bø er mykje nytta som appellativ og tyder 'dyrka innmark'. I eitt av namna (Henriksbø) finn me den gamle tydinga 'gard' (sjå kapitlet om gardsnamna).

båt(e)lende n., jfr. gno. båtr m og lenda vb.

Usamansett 1 g. (1 g. ukj.)

/"bao:t(e)lende/-/"bao:t(e)lende/-

Båt(e)lendet på Floli er namn på ei lita vik. Det er ikkje nokon spesielt god landingsplass, bratt som det er opp i Guløyna. Men staden vart nytta som lending i samband med oterjakt. Oteren heldt til i Kovura nordafor, og for å komme seg inn på dyret, la dei båtane i Båt(e)lendet og gjekk til fots det siste stykket.

Skulebarnoppskriftene for Fonna nemner også ein stad kalla "Båtelende (ei vik)", men dette namnet er ikkje lenger kjent.

Båt(e)lende tyder altså 'stad der ein lender med båt', men ordet er no lite brukt som appellativ i målføret. Jfr. lende n. (s. 68 ).

dags(e)verk n., gno. dagsverk n.

Usamansett 1 g.

/'daksverk/-/'daksverKe/-/'daksverk/-/'daksverKa/-/"dakseverKe/-

Jfr. Aasen: "Arbeide for en Dag" (1873:98).

Dagseverket /"dakseverKe/ er namn på eit engstykke på Midtun. Dagsverk har difor i dette namnet ei nokså konkret tyding: så stort område som ein mann (eller ein gard) slo på ein dag.

I dag blir dagsverk berre nytta i abstrakt tyding.

dal m., gno. dalr m.

Usamansett 5 gg., samansett 31 gg., fri samansetjing 1 g.

/da:l/-/'da:l'n/-/"da:la/-/"da:laNe/; sms. /"da:le-/,  
'dals-/

Jfr. Aasen: "lang Fordybning i Landet" (1873:99). Ordet dekkjer mange ulike lendetypar, frå mindre sokk både i inn- og utmark til lengre og dominerande 'Fordybninger', gjerne med eit elvefar. Dal femner såleis ofte om formasjonar som gjel n. (s. 49), botn m. (s. 35) o.l.

Førelekken i dei samansette namna fortel ofte om storleik eller lægje, t.d. Storedalen (Fonna), Klenedalen (Eivindvik), Middalen (Fonna) og Holtedalen (Midtun og Henriksbø).

Men utmerkingslekkane kan også knyte dal til dyr, planter, menneskeleg verksemd o.l. Kråke f. har me i fleire namn, planteriket er representert ved eik f., hassel m. og sprake m., og sauflor m., slått m. og sjotrae n. fortel om menneskeleg verksemd.

dam m., mno. dammr m., jfr. gno. damm n.

Samansett 2 gg.

/dam:/-'dam:IN/-/"dam:a/-/"dam:aNe/

Appellativisk nytta om ei mindre vass-samling. Anten heilt stilleståande vatn eller berre lite tilsig. Også om oppdemd vass-samling i ei elv.

Pildammen (Eivindvik) er i dag vorten parkeringsplass, men var tidlegare ei påyle bak Prest(e)bryggja. Framlekken er truleg pil (Salix), som kan ha vakse i nærleiken.

I Navdalsbotnen ligg Søyddammen /'søydam:IN/, no mest berre ei blaut myr, men tidlegare ei mindre, stilleståande

vass-samling. Målføret kjenner verbet søyde 'lukte surt'. Ross har ordet i tydinga "suse, bruse" fra Sogn og "gjære, forrådne" fra Voss (1895:800). Han fører dessutan opp "Søyda, f" = "Gjæring" i Sogn (op.cit.: loc.cit.). Aasen har "Søyd (?), m. Susen, Brusen" (1873:793). Heimelmannen karakteriserer Søyddammen som ein svært blaut stad, og meiner at 'gjæring, rotning' er godt dekkjande. I alle høve er det nært samband mellom dei to tydingane. Jfr. elles nisl. seyðr m. 'koking'.

deld f., gno. dæld f.

Usamansett 1 g.

/deld/-/'delda/-/"delde/-/"deld'ne/

Appellativisk nytta om ei fordjuping, hole, sløkje o.l. i terrenget. Målføret kjenner også deldete adj. i tydinga 'småholete'.

Deldene var tidlegare ei krokkelv som gjekk over bøen på to av bruka på Henriksbø. Karakteristisk for staden var små tuer og høljar som dannaa seg mellom desse. Deldene vart grøfta og lagde att av ein svensk rallar ei stund før hundreårsskiftet. Sidan har den vorte kalla Svenskeveita. Deldene blir (blei) også kalla Dælane på eitt av bruka (jfr. dæle f.).

Om deld (dæld) står det i NO 2:332 m.a.: "langvori (sumst òg rundvori) sokk i lendet". Dessutan "(reint ålment) sokk, grop, (-)".

dyngje f., gno. dyngja f.

Usamansett 1 g.

/"dynje/-/"dynja/-

Jfr. NO 2:300: "blaut jord, dy; samling av dy; sump, mørebotn".

Dyngja i Fonna er i dag namnet på ei større myr heime på bøen.

Heimelmannen var ikkje heilt sikker på tydinga, men meinte at ei dyngje var 'ei hengjemyr, ein blaut stad'. Myra

ligg tett ved og i same høgd som Eidet, og difor har her vore ei blautmyr før området vart dyrka opp.

Appellativet er neppe i bruk lenger, og andre heimelsfolk eg har spurt, var også usikre på tydinga. Aasen skriv at ordet blir brukt om "Dunge, Hob (=Dunge)" (1873:121) i Sogn. I denne tydinga har eg berre høyrt nytta dunge m.

Dytting f., jfr. gno. dytta vb.

Usamansett 1 g.

/"dyt:ing/-/"dyt:inja/-

Dyttinga (Prestegarden) er namnet på den 'hola' som i dag er vassbasseng for mesteparten av bygda. Frå fyrst av vart truleg namnet nytta om den staden der demninga er bygd no. Landskapet dannar her eit smalt klype, nesten ei naturleg demning.

Målføret nyttar Dytting om eit 'stengsel, noko til å dytte i'. Ordet er nytta i Masfjorden og Sunnfjord om "demning, oppdemning i elv" (NO 2:329). Slike demningar vart bygde for å skaffe kvernevatn, løypevatn, sagevatn o.l. i elvane (NO Film).

dæle m?, sjå dæle f.

Dæle f., gno. dæla f.

Usamansett 1 g.

-/"dæ:lane/

Jfr. deld f. (s.41). Dælane og Deldene namngir same lokaliteten.

Av dei ulike tydingane me finn i NO 2:332 kan nemnast: "lita opa veit, før til vatn (serl. i åker)". Dæle kan dessutan tyde 'liten bekk', men også 'søkk i lendet', m.a.o. same tyding som deld. Dæle er ukjent som appellativ i målføret i dag.

eid n., gno. eið n.

Usamansett 3 gg.

/ai/-/'aie/-/ai/-/'aia/

Definisjonen i NO 2:449 høver godt: "landstripe (med vatn på både sider) som bind saman to (større eller mindre landområde)".

På Floli er Eidet den smale landtunga mellom Flolivågen og Kihuusvika som bind Guløyna saman med fastlandet. På Undertun bind Eidet Holmen saman med land, og i Fonna ligg Eidet mellom Pøyla og vika austafor og bind Øyna saman med fastlandet. Her blir namnet også brukt om vika aust for det opphavlege eidet.

ekre f., gno. ekra f.

Usamansett 7 gg., samansett 2 gg.

/"ekre/-/"ekra/-/"ekre/-/"ekr'ne/; sms. /"ekre-/  
-/'ekra/- -/'ekr'ne/

Nytta om eit jordstykke som tidlegare har vore åker.

På Henriksbø er Ekrene /"ekrene/ derimot ei flat utafor bøgarden. Den vart tidlegare brukt som beite, og ekre kan difor her tyde "(natur)eng, (gras)voll" (NO 2:572).

Tonelag 1 er notert i tre av namna, truleg etter påverknad frå åker.

Ivrige lokalhistorikarar meiner at Ekra på Floli er den som Harald Hårfagre, i flg. Flateyjarbók, 'lét ekra á Gulaþing'.

elv f., gno. elfr f.

Usamansett 2 gg., samansett 21 gg.

/elv/-/'elva/-/"elva/-/"elvaNe/; sms. /"elve-/, /"elv-/

Elv er nytta om mest alle typar vassfar, frå den store, sentrale elva til den minste grov (s. 51). Å f. (s. 108) er gått or bruk som appellativ, og bekk er lite nytta.

Me har elles fleire døme på korleis elvane skifter namn på veg mot sjøen. Såleis renn Arefjellselva, Molfalelva og Skredfjellselva saman i Midtundalselva lengst framme i Midtun-

dalen. Når elva lenger heime i dalen renn mellom Kletten og Barlindekletten, blir den kalla Klettelva. Så tek elva imot fleire mindre elvar og skifter namn til Storelva, som den blir kalla til den renn ut i sjøen.

Av 26 elvenamn har 19 namn ein eller annan samanheng med Storelva, anten som namn på deler av elva, namn på sideelvar, sideelvar til sideelvar o.l.

ende m., gno. endi m.

Samansett 4 gg.

/"ende/-/"end'n/-/"enda/-/"endaNe/

Nytta som terrengkarakteriserande appellativ om staden der ein karakteristisk lendeformasjon tek slutt og går over i omgjevnaden. Notert i samband med berg, fjell og ås.

fall n., gno. fall n.

Samansett 1 g.

/faL:/-'faL:e/-/faL:/-'faL:a/

Notert i Moldfallet, eit område i Sørlia i Undertundalen. Om fall seier NO 2:921 m.a.: "det å siga, rasa ut; ras; (ðg) stad for eit slikt ras;". Iflg. heimelmannen har det vore utrasing av mold på staden.

fjell n., gno. fjall n.

Samansett 31 gg., fri samansetjing 2 gg.

/fjeL:/-'fjeL:e/-/fjeL:/-'fjeL:a/; sms. /"fjels-/

Vanlegvis nytta om større høgder eller høgdedrag, snaue eller tilvaksne (gras, mose, lyng, meir sjeldan skog). Jfr. Aasen: "Fjeld, høit Bjerg. Helst om de Bjerge eller Bjergmarker, som stige saa høit, at Skovvæxten ganske eller næsten opårer" (1873:160).

Fjell kan også bli nytta om lågare parti (flog, bratte hamrar, liefall o.l.) under sjølve høgdedraget. Reinfjellet på Henriksbø er såleis den bratte fjellsida under Bjørkhaugen. Namnet har det fått av di det bratte, somme stader loddrette, fjellet er snautt for vegetasjon.

Fjell er også brukt om berggrunn, t.d. under dyrka mark eller der grunnfjellet kjem fram i dagen.

fjord m., gno. fjørðr m.

Samansett 1 g.

/fjo:r/-/'fjo:r'n/-/"fjo:ra/-/"fjo:raNe/

Jfr. Aasen: "Fjord, Søstykke, en i Landet indskydende Arm af Søen" (1873:161).

Notert berre ein gong i Gulafjorden/-ane. Fleirtalsforma er ein god del brukta, og gjev då namn til heile den trearma fjorden som skjer seg inn mellom Sognefjorden og Fensfjorden. Men eintalsforma er også nytta. Somme reknar den som namn på fjorden frå Guløyna og austover, det vil seie at den femner om Nordgulfjorden, Austgulfjorden og Svabergosen, men ikkje om Eidsfjorden og osane lenger vest. Det vanlegaste er vel likevel at eintalsforma og fleirtalsforma namngjev same lokaliteten, nemleg heile fjorden aust for Segløyna/Hisarøyna.

Sjå elles os m. (s. 74). Om framlekken, sjå s. 175.

flat f., jfr. gno. flati m. og flot f.

Usamansett 4 gg.

/fla:t/-/'fla:ta/-/"fla:te/-/"fla:t'ne/

Som appellativ nytta om flatt lende, i motsetnad til bakke o.l. Oftast om mindre område både i inn- og utmark.

flede f., jfr. isl. fleða f. 'flat skei'

Usamansett 1 g.

/"fle:e/-/"fle:a/-

Fleda i Tjuvvika er eit nesten flatt berg som går ut i sjøen. Staden har vore nytta som landingstad når beist skulle sendast til og frå garden. Sjøen flør elles over berget.

Flede er brukt andre stader på Vestlandet om eit "sers lågt og flatt skjer i sjøen" (NO 2:1476). Heimelmannen kjende ikkje til at flede var 'eit skjer ute på sjøen', men meinte heller at ei flede måtte vere 'bortimot landfast'. Tydinga ligg såleis nærare 'ei svært låg landtunge' eller 'eit flatt, jamt berg som stikk ut frå land'.

Flede er i målføret også nytta som appellativ om ei tunn skive eller ein kile, dessutan er ordet brukt om ankerfli.

flog n., gno. flog, flug n.

Usamansett 2 gg.

/flå:g/-/'flå:je/-/flå:g/-/'flå:ja/; sms. /"flå:g-/

Som appellativ nytta om loddrett fjellvegg. Jfr. Aasen: "en Klippevæg, Bjergside som er ubestigelig eller saa bratt, at intet kan fæste sig paa den" (1873:169).

flor m., gno. flórr m.

Samansett 7 gg.

/flo:r/-/'flo:r'n/-/"flo:ra/-/"flo:raNe/; sms. /"flors-/

Flor er nytta om rom i uthus for små- og storfe, men også om eigne bygningar for slike, t.d. geiteflor, saueflor, uteflor osv. Desse er gjerne murte inn i steingarden som skil innmark og utmark.

Framlekken i namna kan fortelje om kven som eig (eller åtte) floren, t.d. Follevågfloren på Midtun, men også kven som held til der, t.d. Geitefloren (notert 3 gg.), eller når han vart brukt, t.d. Vårfloren (Midtun).

Flor og fjøs er synonyme, men det siste er lite nytta (innflyttarar, yngre osv.).

flu f., gno. flúð f.

Usamansett 1 g., samansett 1 g.

/flu:/--/'flu:na/-/"flu:e/-/"flu:INe/

Appellativet er nytta om ein grunne i sjøen som til vanleg ikkje er synleg. Jfr. Aasen: "Banke eller fladt Skær, som i Flodtid overskylles av Søen" (1873:171).

Timrefluna sør for Timrøyna er ikkje berre namn på sjølve skjeret, men også på den langstreckte grunnen som strekkjer seg over mot sørsida av Gulafjorden. Flu er også andre stader i Gulen brukt om ein 'ikkje serleg djup grunne', t.d. den 3-4 famnar djupe Vågefluna /"vao:geflu:na/ utafor Vågane (Dingja).

flå f., gno. flå f.

Usamansett 1 g.

/flao:/--/'flao:a/-/fle:/-'fle:'ne/

Flærne er eit parti med flate berg og små sokk mellom Nordgulbrunene og Bjørndalen (Midtun). Målføret kjenner flå f. om 'ei lita, skrå flate' og flåberg n. om 'flatt eller svakt hallande berg'. Iflg. heimelsfolka høver begge desse tydingane på Flærne.

Flå f. har mange tydingsvariantar i norsk, her skal berre takast med nokre få: 1) "Afsats i en Bjergside, en liden Flade imellom bratte Klipper" (Aasen 1873:166), 2) "vid eensartet Flade; Vidde" (Ross 1895:180), 3) "vid ikke netop vandret Høifjeldsterrasse, Nfj." (Ross:loc.cit.) og 4) "vid, jævn og nøgen Klippeflade, omrent = et større 'Svadberg'" (Ross:loc.cit.).

Målføret kjenner flå f. også om "Flydholt, Stykker af Bark eller Træ som bindes til Fiskegarn for at holde dem oprette i Vandet" (Aasen 1873:165).

fonn f., gno. fqnn f.

Usamansett 1 g.

/fåN:/--/'fåN:a/-; sms. /"fåN:e-/, /"fåN:-/, /'fåN:-/

Appellativisk nytta om ei samandriven snømasse i vinterhalvåret og om snøsamlingar som vert liggjande utover sommaren. Om gardsnamnet Fonna, sjå s. 182. Ordet er elles notert som fyrstelekk i Fonnsetlia (Henriksbø), ein stad der det ofte går snøskred.

foss m., gno. fors m.

Usamansett 2 gg., samansett 1 g.

/fås:/ - /'fås'n/- /"fås:a/- /"fås:aNe/

Vanleg nytta appellativ. To av fossane, Nevreskor-fossen (Svaberget) og Fossane (Tjuvvika) blir danna når regnvatn renn utfor ein eller fleire hamrar. Den tredje, Fossen, ligg i Kvernhuselva på Midtun.

gard m., gno. garðr m.

Samansett 9 gg.

/ga:r/- /'ga:r'n/- /"ga:ra/- /"ga:raNe/; sms. /"ga:r/-

Appellativisk nytta som bustadnamn om anten ein matrikkelgard eller eit utskift bruk, men også som naturnemne om eit gjerde, oftast av stein.

Prestegarden (Eivindvik) er namn på eit bruk, medan resten er namn på gjerde, ofte mellom matrikkelgardar.

Hågarden skil innmarka mellom Ytre og Indre Midtun. Same namnet hadde steingarden mellom bruka i Navdalen (Eivindvik). Hågarden finn ein også fleire andre stader i Gulen som namn på (stein)gard mellom eigedommar (helst innmark). Om hågard skriv Aasen (under Hagegard): "Gjærde imellem to Gaardes Udmarker eller Græsgange" (1873:255). Eg har fått denne forklaringa på ordet: Ein hågard kom til nytte om hausten når beista vart slepte ut på håbøen. Då hindra hågarden dyra i å komme inn på bøen til grannen.

Sjøledgarden skil innmarka mellom Gryta og Ytre Midtun, Sørligarden går mellom utmarka på Midtun og utmarka på Henriksbø og Vågegarden sameleis mellom Tjuvvika (Eivindvik) og Vågane (Dingja).

Torvgarden (Midtun) er framleis dekt med torv, medan Reinegarden (Midtun) vart sett opp for å hindre at kyr skulle ramle ned den stupbratte reina nedafor.

geil f., gno. geil f.

Usamansett 6 gg.

/jail/-/'jaila/-/"jaile/-/"jail'ne/

Appellativet er nytta om ein råseveg (krøterstig) med gjerde, som regel steingard, på begge sider.

Jfr. Aasen: "en Vei med Gjærde paa begge Sider (især fra Fæhuserne til Udmarken)" (1873:213).

Jfr. rås f. (s. 81 ).

gjel f., sjå gjel n.

gjel n., gno. gil n.

Usamansett 3 gg., samansett 30 gg., fri samansetjing 3 gg.  
/jI:l/-/'jI:le/-/jI:l/-/'jI:la/; sms. /"jI:l-/, /'jils-/  
-/"jiljaNe/

Appellativet er nytta om ei (trong) kløft eller fure i terrenget, ofte med eit elvefar (eller ei grov) i botnen. Dessutan om mest alle typar dalforma søkk i terrenget.

Eit gjel er ikkje sjeldan eit søkk oppover ei fjellside, som på toppen går over i eit skar (s. 83 ).

Nøytrumsforma er notert i 32 av 35 namn. Feminint genus er ikkje kjent i målføret i dag, men er notert i Giljane, som er to langstrekte, smale fordjupingar (søkk) på sørssida av Kjerringfjellet (Eivindvik). Mellom Søre Giljane og Nordre Giljane ligg Gavlane (sjå gavl m., s. 111 ).

gjerde n., gno. gerði n.

Usamansett 7 gg., samansett 3 gg.

/"je:re/-/"je:re/-/"je:re/-/"je:ra/

Bruk om innhegning (jfr. gard, m., s. 48) kring eit eller mellom to jordstykke, dessutan om eit inngjerda jordareal, både i ut- og innmark.

Alle namna er notert om 'inngjerda jordstykke', som regel med steingard kring. Jfr. inngjerdsle f. (s. 58), træ n. (s. 100) o.l.

gjote m?, sjå gjote f.

gjote f., jfr. isl. gjóta f. (=gjót), fær. gjóta f.

Usamansett 1 g.

Notert i Gjoten /"jo:t'n/ (Gryta), eit gjel eller ei glenne i fjellsida. Jfr. Aasen: "en langstrakt Huulning i Jorden; langaktig Græsplet imellem Bakker eller Klipper" (1873:223).

Appellativet er ukjent i målføret i dag, noko som maskulin genitiv truleg også vitnar om. I skulebarnoppskriftene har derimot ein lokalkjend mann (no død) gitt opp 'Jota'. Gjote f. er også notert frå Masfjorden (Hosteland) og frå Brekke.

gote f., gno. gata f., obl.kas. gótu.

Usamansett 2 gg.

/"gå:te/-/"gå:ta/-/"gå:te/-/"gå:t'ne/

Appellativet er lite nytta i dag. Gota på heimebøen på Ytre Midtun vart tidlegare nytta som køyreveg (med lunnar) for hest og slede. Gotene i Undertundalen er namn på nokre flate berg også brukt som køyreveg for hest. Jfr. Aasen: "Vei, Kjørevei" (1873:236).

grov f., gno. gróf f.

Samansett 2 gg.

/gro:(v)/-/'gro:(v)a/-/'grø:ve/-/'grø:vINe/

Appellativisk nytta om ei lita elv (bekk). Jfr. elv f. (s. 43). Men ikkje sjeldan er elv og grov nytta om ein-annan for å skildre same vassføringa.

Dei to namna som er noterte har begge trenamn som fyrste-lekk. Seljegrova (Midtun) renn ut i Storelva eit stykke nedom Mastingehølen, medan Lindegrova (også Midtun) renn ut i same elva rett heim for Jotjørna.

grupe f., jfr. nht. Grube f. og gropa f. "liden Fordybning" (Ross:275)

Usamansett 1 g.

/"gru:pe/-/"gru:pa/-/"gru:pe/-/"gru:pINe/

Ei grupe er ein stad (ei hole) der ein 'grev etter noko'. Ordet er også brukt i Nordhordland (Myking) om ei hole i ter-renget laga av menneske.

Grupa ligg på Fonnøyna rett over for Ileneset. Her skal ha vore grave etter kopar - truleg med lite utbytte.

grø n., jfr. gno. gróði m., gróðr m.

Samansett 1 g.

/grø:/-/'grø:(e)/-/grø:/-'grø:a/, sms, /"grø/-

Appellativet er ikkje lenger nytta i målføret. Om grøde skriv Aasen: "Græsplet, Grønning imellem Klipper eller Skov" (1873:249).

Ordet er notert i Ramsgrø /'ramsgrø:/, nokre berghamarar under Ramsgrøholten på Henriksbø. Truleg har det vakse geite-rams innimellan hamrane.

Som fyrstelekk er ordet notert i Grøsskaret /"grøska:re/ både på Henriksbø og Midtun. På Henriksbø var skaret ein del av fjellvegen når dei hadde kyrne på Søre Fjellet. I følgje heimelsmannen er det karakteristisk for staden at her verkeleg er grønt, særleg nedst i skaret.

gytt m.

/jyt:/ - /'jyt'n/- /"jyt:a/- /"jyt:aNe/  
sjå gytt f.

gytt f., jfr. isl. gjóta f., før. gjóta f.

Usamansett 1 gg.

/jyt:/ - /'jyt:a/- /"jyt:e/- /"jyt'ne/

Både m. og f. genus er vanleg i målføret.

Ei (ein) gytt er vanlegvis noko mindre (kortare) enn eit gjel (s. 49). Gytta (-en) er oftast ein kvass klove som sluttar av, medan eit gjel ofte strekkjer seg opp gjenom fjellsida.

Gytta (Navdalens) er ein trong klove på nordsida av Navdalsholten. Den blir også kalla Kloven (jfr. klove m. og f., s. 62).

Ross har funne gytt m. i Sogn, og skriv at det er "en vild tragtformig Kløft i en Fjeldside, hvorigjennem der er stadig Udskridning, halvt 'Gil', halvt 'Botn'" (1895:288).

hage m., gno. hagi m.

Samansett 2 gg.

/"ha:je/- /"ha:jIN/- /"ha:ga/- /"ha:gaNe/

Aasen skriv mellom anna om hage: "1) en Have, omhegnet Planting" og "3) Græsgang for Kreaturene" (1873:255). Som appellativ vert hage berre nytta i fyrste tyding, og det er også denne tydinga me finn i dei to namna som er noterte. Prestehagen og Dokterhagen er hagane som høyrer til prestebustaden og dokterbustaden i bygda.

hammar m., gno hamarr m.

Usamansett 3 gg., samansett 20 gg.

/"ham:ar/- /"ham:ar'n/- /"hamra/- /"hamraNe/; sms. /"ham:ars-/

Nytta om loddrette, ofte nakne, bergveggar og knausar. Markerer seg som regel i høgda, men kan også gjere det i lengda. Òg notert om berg som går loddrett i sjøen.

Mange av namna er sekundære, t.d. Espelihammaren til Espelia, Reinfjellshamrane til Reinfjellet osv.

hamn f., gno. høfn f., pl. hafnar og hafnir  
/hamn/-/'hamna/-/"hamne/-/"hamn'ne/  
sjå hamn m.

hamn m.

Usamansett 2 gg.

/hamn/-/'ha:m'n/-/"hamna/-/"hamnaNe/

Jfr. Aasen: "Havn, Hvilested for Fartøier. Nogle St. Maskul." (1873:261). Feminint genus er vanleg blant yngre folk, men er også brukt i stadnamn andre stader i Gulen, t.d. i Dingehamna /"dingehamna/ (Dingja).

Hamnen er ei djup, lun vik mellom Kuskjera og Skogeneset på Undertun. Innseglinga er derimot grunn, så staden kan ikkje ha vore hamn for så store båtar.

Hamnen i Svaberget (Svaberghamnen for folk som ikkje er frå garden), også kalla Bøvika, er nytta som båthamn på garden.

haug m., gno. haugr m.

Usamansett 14 gg., samansett 71 gg.

/hå:g/-/'hå:jIN/-/"hå:ga/-/"hå:gaNe/  
/heu:g/-/'heu:jIN/-/"heu:ga/-/"heu:gaNe/; sms. /"heu:g-/

Haug er det mest frekvente grunnordet, noko som ikkje er så rart når ein tenkjer på naturtilhøva. I tillegg blir haug nytta om høgder av mange slag, såleis om formasjonar som like gjerne kunne hatt andre namn.

Vanlegvis er ein haug ei mindre, avrunda høgd, både på flat mark og i hall, men kan også vere ein større høgdeformasjon. Jfr. ås m. (s. 109), holt m. (s. 56) osv.

/hå:g/ er den vanlegaste uttalen av ordet. Av 85 namn med haug som grunnord blir berre 11 uttala /heu:g/.

hei f., gno. heiðr f.

Usamansett 1 g., samansett 2 gg., fri samansetjing 2 gg.  
/hai/-/'haia/-/"haia/-/"haiaNe/

Nytta om skoglaust lende i fjellet, både flatt (småkupert) og hallande. Jfr. Aasen: "--- ubeboet Egn, især om høitliggende skovløse Marker" (1873:275).

Heia på nordsida av Navdalsbotnen er ein lang, låg bergrygg langs etter lia. Her kan ei anna tyding av hei ligge til grunn, jfr. Aasen: "en Fjeldryg, et langstrakt Bjerg" (1873:275).

Elles kan ein merkje seg at ei hei ikkje treng å ligge spesielt høgt, jfr. Ross: "--- plantefattige Flader og Lyngflader, hvilke dog gjerne ligger høiere end det dyrkede Land" (1895:309).

heller m., gno. hellir m.

Usamansett 2 gg., samansett 1 g.

/"hilder/-/"hilder'n/-/"hildra/-/"hildraNe/  
/hiL:er/-/"hiL:er'n/-

Appellativisk nytta om ei hole, eit skjol, /'rām:e in"onde/ ein utoverhallande bergvegg eller hammar. Ofte brukt til ly i styggevær både av folk og dyr. Jfr. elles skyle n. (s. 156).

hes f., gno. hes f.

Usamansett 1 g., samansett 2 gg.

/he:s/-/'he:sa/-/"hesja/-/"hesjaNe/

Som appellativ nytta om ei innretning til turking av høy i friluft. Som regel bygd opp av vertikale stavar (hesje-staurar) med tverrgåande streng eller stokkar. Sekundært er hes brukt om staden der hesjane stod (står) - tidlegare var det nokså vanleg med faste hesjar, d.v.s. hesjar som stod ute vinteren over, også i utmark. Smiehesa på Ytre Midtun er eit døme på ein stad der det stod ei slik fast hes.

Det er verre å skjøne at Hesa (Mjåneset) kan ha hatt noko med høyturking å gjere. Staden er mest berre ei stor ur med høge, bratte hamrar på tre kantar. Men like i nærleiken ligg Høyranen, så ei eller anna tilknyting til slått må det vel vere. I flg. heimelsmannen kan det ha vore slege nord for Høyranen.

hol n., gno. hol n.

Samansett 2 gg.

/hå:1/-/'hå:le/-/hå:1/-/'hå:la/

I stadnamn nytta om eit trangt op mellom holmar eller mellom ein holme og land. Ofte framkommeleg for robåt berre på flod sjø.

Årebrotholet /"ao:rebråthå:le/ ligg mellom Årebrot-holmane og fastlandet, eit liknande hol er det mellom dei to holmane. Årebrot finn ein i mange stadnamn langs Vestlands-kysten, jfr. O. Skulerud: "Utsyn over vestnorsk stadnamngranskning", s. 16 ff. Typisk for stadene er hardt vêr og stri straum, gjerne der det er tronge sund. Årebrotholet er ein slik stad der 'årane lett kan brytast', anten p.g.a. vêret eller fordi årane tek borti land når ein ror mellom. Målføret kjenner også ordet åretjuv om bergsprekkar langs land der det er lett å setje fast (evt. bryte) årane.

Kjerringeholet på Floli skal ha fått namnet sitt av di to kjerringar ein gong slost i det tronge sundet.

hole f., gno. hola f.

Usamansett 2 gg., samansett 41 gg., fri samansetjing 2 gg.  
/"hå:le/-/"hå:la/-/"hå:le/-/"hå:l'ne/

Nytta om mange slags søkk i terrenget. Også brukt synonymt med vik f. (s. 106), t.d. i Deknehola i Prest(e)-sundet (Eivindvik).

holme m., gno. holmi m.

Usamansett 6 gg., samansett 10 gg.  
/"hålme/-/"hålmeIN/-/"hålma/-/"hålmaNe/; sms. /"hålme-/

Jfr. Aasen: "Holm --- 1) --- en liden øe --- 2) en Plet som adskiller sig fra den omliggende Grund" (1873:297).

Begge tydingane finst i namnematerialet, men den første er mest vanleg. Holmane er notert 3 gg. på Midtun om stader der elvar møtest. Holmane inst i Midtundalen er holmar berre når elvane er store. Kvernhusholmen i Kvernhuselva på Indre Midtun lagar seg ein stad der elva deler seg og kjem saman att. Røyrholmane nær Arefjellet på Midtun er eit mindre område i fjellsida under brattaste fjetlet. Karakteristisk for staden er ur og berg med gras innimellom.

holt m., jfr. isl. holt n.

Usamansett 2 gg., samansett 6 gg.  
/hålt/-/'hålt'n/-/"hålta/-/"håltaNe/; sms. /"hålte-/

Ein holt er ein oftast snau, steinlendt haug eller fjellknaus.

Jfr. Aasen: "Høi, Bakke, en stenig og ujævn Forhøining" (1873:297).

hus n., gno. hús n.

Samansett 8 gg.  
/hu:s/-/'hu:se/-/hu:s/-/'hu:sa/; sms. /"hu:s-/, /"hu:se-/

I stadnamn nytta om bygningar av mest alle slag. I dag syner berre murane og knapt nok det.

Byttehuset er notert 2 gg. (Floli, Svaberget) om stader på fjellet der ein hadde murt opp nokre steinar til å leggje mjølkebytter under for å sleppe å ta dei med til gards kvar kveld.

høl m., gno. hylr m.

Samansett 11 gg.

/hY:1/-//hY:1'n/-/"hylja/-/"hyljaNe/

Nytta om ein kulp i ei elv. Ofte gode fiske- og badepllassar. Hundehølen /"hondehY:1'n/ var såleis lenge ein kjær badested for ungane i bygda til siloutsleppet øydelaa den moroa for ein del år sidan.

Høl er også brukt om mindre vassamlingar eller pyttar, ikkje sjeldan turrlagde i godvær. Jfr. dam m. (s. 40), tjørn f. (s. 98) osv.

hytte f., ty. Hütte f.

Usamansett 1 g., samansett 4 gg.

/"hyt:e/-/"hyt:a/-/"hyt:e/-/"hyt'ne/; sms. /"hyt:e/-

Jfr. Aasen: "Hytte, lidet Hus" (1873:313).

Hytta og Kiehytta på Floli er to flater som har fått namn etter hyttene som ein gong stod der.

Kjerringehytta på Kjerringefjellet var militær vakt-hytte under 1. verdskrigen. Murane syner enno.

Ørnehytta i Mjåneset og Flugsehytta på Floli var oppmurte gjøymestader nytta i samband med ørnejakt. Framlekkene i Flugsehytta er truleg flugse f. eller flugs f., som etter NO er brukt i Ytre Sogn av fiskarane som løyndenamn eller godnemne på ørna. Målføret kjenner i alle fall ei snøflugse (snøfille) - og begge har samband med flugse vb., som er i avlyd til gno. fliðuga vb. 'flyge'.

ilag n., gno. ílag n.

Usamansett 1 g. (1 g. ukj.)

/"i:la:g/-/"i:la:je/-/"i:la:g/-/"i:la:ja/

Ilag er nytta mange stader på Vestlandet om stenge (gard, trestammar, greiner o.l.) for beist i tronge passasjar (skorer, gjel osv.) i utmarka.

Ilaget i Svaberget er namn på eit område i fjellsida mot merket til Floli. Heimelsmannen kjende ikkje appellativet, men meinte at ovanemnde tyding kunne høve. Her er nemleg ei skor der det ein gong kan ha vore stengt av med eit ilag.

Jfr. Aasen: "noget at legge i eller udfylle med" (1873:322).

inngjerdsle f., jfr. gno. gerði n., gerða vb.

Usamansett 1 g. (1 g. ukj.)

/"iNjersle/-/"iNjersla/-/"iNjersle/-/"iNjersl'ne/

Inngjerdsle i Tjuvvika var ein skrapslått i utmarka tett i bøgarden. Etter at staden vart gjerda inn, fungerte den som ein del av innmarka, sjølv om det ulendte og steinete terrenget ikkje var noko god slåttemark.

Aasen skriv at inngjerdsle tyder "Omgjærdelse" (1873: 327). Målføret nyttar ordet helst om 'område som er innjerda'.

jord f., gno. jørð f.

Samansett 2 gg.

/jo:r/-/'jo:ra/-/; sms. /"jors-/

Appellativisk nytta om jordbotn (mold o.l.) og om ein jordeigedom, t.d. eit bruk eller eit mindre jordstykke.

Klokkarjorda er på Undertun nytta av grannane om det bruket som frå 1865 vart fast bustad for kyrkjesongaren (klokkaren) i bygda.

jord(s)kjellar m., jfr. gno. jørð f. og kellari m.

Usamansett 1 g.

/"jo:rKeldar/-/"jo:rKeldar'n/-/"jo:rKeldara/-/"jo:rKeldaraNe/  
/"jorsKeldar/-/"jorsKeldar'n/-/"jorsKeldara/-/"jorsKeldaraNe/

Ein jord(s)kjellar var graven inn i bakken, og var såleis ein framifrå lagringstad for poteter o.l. (små temperaturskilnader).

Aasen: "Kjælder som er indgravet i en Høi eller Bakke" (1873:335).

kai f., ned. kaai m.

Samansett 1 g.

/kai/-/'kaia/-/"kaia/-/"kaiaNe/

Nyare ord som er i ferd med å ta over for bryggje f. (s. 37) som appellativ. Notert i Sandalskaia, også kalla berre Kaia, dampskipskai og lenge sentral 'møtestad' for bygdefolket.

kamb m., gno. kambr m.

Usamansett 1 g.

/kamb/-/'kambIN/-/"kamba/-/"kambaNe/; sms. /"kambe-/,  
/"kamb-/

Appellativisk nytta om kvasse, ofte taggete, fjellryggar. Aasen: "en Fjeldkant; en ujævn eller takket Fjeldryg (Fjeldkamb)" (1873:341).

kjelde f., gno. kelda f.

Samansett 3 gg.

/"Kelde/-/"Kelda/-/"Kelde/-/"Keld'ne/; sms. /"Kelde-/

Ei oppkomme. Ofte godt drikkevatn. I Martekjelda på Gryta kunne folk i bygda finne vatn når brunnane og andre

kjelder var turka inn. Moseskjelda på Henriksbø var drikkestad for folk når dei gjekk til fjells. Namnet er ein allusjon til forteljinga i Bibelen om Moses som slo med staven og fekk fram vatn i ørkenen.

klakk m., jfr. fær. klakkur m.

Samansett 5 gg.

/klak:/--/'klaK:IN/-/"klak:a/-/"klak:aNe/

Vanleg appellativ om ei flu, gjerne kvassare eller mindre rundvoren enn t.d. eit skjer. Lensmannsklakken, som lensmannen ikkje oppdaga før det var for seint, fortel om kor lumske desse klakkane ofte er.

I det innsamla namnematerialet er det notert 7 grunnord som går (eller kan gå) på typen 'grunne i sjøen'. Det er flu f., skjer n., klakk m., stein m., ur f., tare m. og flede f. Men målføret kjenner også andre appellativ som kan reknast til same kategorien.

Ein grunne blir nytta meir generelt om 'ein grunn stad i sjøen'. Djupna varierer sterkt frå grunne til grunne.

Risegrunnen /"ri:segrU:'N/ i Sognesjøen er såleis nesten 50 meter djup.

Ein skalle kan også ligge svært djupt, t.d. Nesseskallen /"nes:eska:'L/ i Sognesjøen mellom Hisarøyna og Kråkeneset (Solund).

Ein båe er derimot ein stad der sjøen bryt, t.d. Systeinbåen /'sy:stainbå:IN/, som også ligg i Sognesjøen.

klant m., jfr. sv. dial. klant m.

Usamansett 1 g., samansett 1 g.

/klant/-/'klant'n/-/"klanta/-/"klantaNe/; sms. /"klante-/

Frå Sogn har Ross klant = knatt, "Bjergknold, Top, Pynt" (1895:370).

Kuskorklanten /'ku:skårklant'n/, relasjonsnamn til Kuskora, er ein bergknaus under Kamben på Henriksbø.

Klanten /"klant'n/ i Tjuvvika er ein bergknoll under Tjufjellet ned mot garden. Dette siste ordet reflekterer truleg eit gløymt svakt maskulinum klante. Klant er lite nytta som appellativ i målføret, men Ross sin definisjon høver.

klante m., sjå klant m.

kleiv f., gno. kleif f.

Usamansett 8 gg., samansett 4 gg.

/klaiv/-/'klaiva/-/"klaiva/-/"klaivaNe/; sms. /"klaive-/,  
"/klaiv-/

Nytta om stig eller veg der det kan vere vanskeleg å ta seg fram, t.d. Kleivane i Tjuvvika. Også meir generelt om veg over ein bergrygg, på skrå oppover ei li o.l. Gjerne om skorer i berg, der det oftast berre er ein stad å komme fram. Helst krøterveg, men også vanleg gangstig. Jfr. Aasen: "en høi Bakke paa Klippegrund; en Brink eller Bjergryg til at gaae over. Sædvanlig kun om en Klipperyg, hvorover der gaar en Vei eller Gangsti, og saaledes ofte opfattet som: en Vei over en Klippe" (1873:363).

Kleiva (Kyrkjeneset, Eivindvik) er namn på nokre gamle hustufter. Her budde to eldre kvinner i kvar si stove - ei av dei vart då også kalla "Anne på Kleiva". Tuftene ligg ved ein bergrygg der det gjekk stig (kleiv) ned.

I Sildekleiva i Fonna pla dei gje geitene sild.

Kleiv er laga til rota i kliva vb. (gno. klifa).

klett m., gno. klettr m.

Usamansett 1 g., samansett 7 gg.

/klet:/-/'klet'n/-/"klet:a/-/"klet:aNe/

Truleg ikkje nytta om appellativ lenger. I stadnamn brukt om fjellknausar og kollar av mest alle storleikar.

Den største, Ormekletten, er det rundvorne fjellet mellom Undertundalen og Henriksbødalen. Barlindekletten (også kalla Fremste Kletten) og Kletten (også kalla Heimste Kletten) er to mindre, avrunda høgder heimst i Midtundalen.

klopp f., gno. kløpp f.

Usamansett 1 g., samansett (1 g. ukj.)

/klåp:/--/'kláp:a/-

Jfr. Aasen: "en liden Bro, f.Ex. af to eller tre Stokke over en Bæk" (1873:366).

Kloppa i Tjuvvika er namn på ein smal bergrygg som stigen går langs etter mellom Indre Botnen og Langemyra. Heimelsmannen meinte ei klopp ikkje nødvendigvis trengde å vere ei bru (stein eller tre) over ei grov, men gjerne meir generelt 'noko smalt til å gå på'. Dersom det likevel er Aasen sin definisjon som ligg til grunn for namngjevinga, ville det kan skje ha vore like naturleg å rekne klopp som samanlikningsord i dette namnet. Det gløymde namnet (Trekloppa, Henriksbø) syner i alle høve ordet med grunnordfunksjon.

klove f., jfr. gno. klofi m.

Samansett 2 gg.

/"klå:ve/-/"klå:va/-/"klå:ve/-/"klå:vINe/

sjå klove m.

klove m., gno. klofi m.

Usamansett 1 g., samansett 3 gg.

/"klå:ve/-/"klå:vIN/-/"klå:va/-/"klå:vaNe/

Om klove m. skriv Aasen: "Kløft, Vinkel; f.Ex. imellem Klipper" (1873:366). Målføret nyttar m. og f. genus om ein annan.

Instebottklovane /"instebåt:klå:vaNe/ på Undertun og Leinklovane på Henriksbø er stader med større, vertikaltgåande revner i fjellsida. Det same kan seiast om Kloven i Navdalén, også kalla Gytta.

Bytteklova og Huldeklova på Midtun er mindre kløfter nytta som skjol for mjølkebyttene.

Tjuvkloven (Tjuvvika) er ei fleire meter høg bergsprekke, men botnen i han er ikkje meir enn 60-70 cm brei.

klubb m., jfr. shet. klobb "bjergknold" (Jakobsen, 1899:118)

Usamansett 1 g., samansett 1 g.

/klob:/--/'klob:IN/-/"klob:a/-/"klob:aNe/

Aasen: "Bjergknold; et høit rundaktig Næs" (1873:367).

, Gangstaklubben /"gaongstaklob:IN/ er namnet på ein høg, bratt bergknaus som går rett i sjøen i Midtunvågen.

Klubben i Tjuvvika er derimot eit avlangt skjer rett utafor eit nes.

Klubb m. er i målføret vanlegvis nytta om høge og rundvorne nes eller bergknausar mot sjøen. I flg. heimelsmannen kan denne tydinga høve godt for neset innafør Klubben i Tjuvvika. Det kan difor tenkjast at namnet er ført over frå neset til skjeret.

klump m., jfr. lågtysk klump m.

Samansett 3 gg.

/klomp/-/'klompIN/-/"klompa/-/"klompaNe/

Nytta om fjellknausar, ofte om slike som stikk fram under eit høgre fjellparti.

Jfr. Jakobsen: "Klippestykke, bjærgknold ---" (1899:119).

klype n., jfr. gno. klýpa vb.

Usamansett 4 gg., samansett 3 gg.

/"kly:pe/-/"kly:pe/-/"kly:pe/-/"kly:pa/

Eit klype er ein trong passasje, t.d. der dalsider 'knip seg saman', eit lite gjel, mellom to haugar o.l. Oftast går stigen (vegen) gjennom klypet.

Jfr. Ross: "en kort og trang Kløft" (1895:406)

Målføret kjenner også smette n. i nokolunde same tyding.

knult m., jfr. gno. knollr m.

Usamansett 2 gg., samansett 1 g.

/knolt/-/'knolt'n/-/"knolta/-/"knoltaNe/

Nytta om framspring i fjellsida, men også om større fjellknausar, t.d. Gangeskarknulten i Navdalsbotnen.

Aasen fører opp knolte m. i tyding "Bjerqtop, Knold, Pynt" (1873:373). Torp har knult m. i same tyding m.a. fra Sunnhordland. Elles er knult kjent både fra Nordhordland, Brekke og Sunnfjord.

koll m., gno. kollr m.

Samansett (1 g. ukj.), fyrstelekk 2 gg.

/kål:/-/'kål:N/-/"kål:a/-/"kål:aNe/; sms. /"kål:-/

Brukt om mindre, avrunda toppar, t.d. på bøen. Appellativet er ikkje representert i namnematerialet med grunnordfunksjon, men eksisterer i eit gløymt namn (Storåkerkollen på Undertun).

krik m., jfr. gno. kríkr m.

Usamansett 2 gg., samansett 1 g.

/krI:k/-/'krI:KIN/-/"krI:ka/-/"krI:kaNe/

Ikkje lenger vanleg som appellativ. Andre ord har teke over, t.d. krok m. (s. 65), krå f. o.l.

Vanleg om ein krok eller ei bukting på ein (stein)gard, t.d. Gardkriken på Midtun. Elles brukt om ein krok (vinkel) generelt.

krok m., gno. krókr m.

Usamansett 1 g., samansett 2 gg.

/kro:k/-/'kro:KIN/-/"kro:ka/-/"kro:kaNe/; sms. /"kro:k-/

Nytta i same tyding som krik ovafor, t.d. Kroken på Stølen (Eivindvik), ei krå som lagar seg der to bøgardar støyter (støytte) saman.

Ordet er dessutan brukt to gonger om vegkryss med tre forgreiningar. Her er det svingen (kroken) på vegen som har gjeve staden namn, jfr. sving m. (s. 95).

kult m., jfr. sv. kult m.

Samansett 3 gg.

/kolt/-/'kolt'n/-/"kolta/-/"koltaNe/

Jfr. Aasen: "Knold, Bjergknold, rund Bjergtop" (1873: 395). Kult er vel knapt nytta som appellativ i målføret lengre - i stadnamn er ofte knaus m., kult m. (s. 65), knult m. (s. 64) osv. brukt om einannan om same type lendeformasjon.

kvile n., jfr. gno. hvíla f. og vb.

Usamansett 2 gg., samansett 1 g.

/"kvi:le/-/"kvi:le/-/"kvi:le/-/"kvi:la/

Kvilestad, ofte ein stein eller eit berg attmed vegkanten. Som regel i ein fjellveg. Jfr. Aasen: "Hvilested

paa en Vei" (1873:410).

Fyrstelekken i Kvilesteinen (Midtun) er derimot kvile vb. Steinen ligg og 'kviler' mot berget tett ved.

kvisl f., gno. kvísl f.


Usamansett 1 g.

-/'kvitla/-

Ordet er truleg ukjent i målføret i dag. Aasen skriv at ei kvisl er "en Elvekløft, Green eller Arm af en Vandstrøm. Ogsaa en Banke eller Holme, som dannes ved en Sidegreen af en Elv" (1873:411).

Kvisla /'kvitla/ på Midtun er eit engstykke attmed (vest for) Kvernhuselva og mellom denne og Seljegrova tett ved. Namnet kan såleis opphavleg syne til området mellan dei to elvane, men kan også frå først av ha vore namn berre på engstykket vestafor Kvernhuselva. I flg. heimelmannen ser det ut som om det kan ha vore eit elvelægje (sideelv til Kvernhuselva) også på denne sida av Kvisla.

Det kan også tenkast at Kvisla frå først av var namn på ei av elvegreinene, og at det seinare vart ført over på området ikring elva.



køyse f., jfr. gno. kjóss m.

Samansett 1 g.

/"Kåyse/-/"Kåysa/-/"Kåyse/-/"Kåys'ne/

Fløkøysa er eit anna namn på Pollen (Eivindvik), sjå

poll m. (s. 76 ).

I målføret blir køyse f. (ei avlydande laging til kjos m.) brukt om "et Slags rundaktig Hue eller Hovedbedækning for Kvinder" (Aasen 1873:416). Heimelsfolka kjende ikkje køyse som terrengkarakteriserande appellativ, men i Masfjorden er ordet brukt om "ein vatshøl" (NO Film).

Køyse 'pøyle, vik' er truleg avlydsform til rota i gno. kjóss m. 'kjos, vik, hole'. Jfr. keila f. (gno. keila f.) til kil m. (gno. kíll m.). Køyse (gno. <sup>x</sup>keysa f.) kan vere laga i analogi til pøyse f. (gno. <sup>x</sup>peysa f.) (sjå nedafor).

Fløkøyse er ei lita øyle som sjøen flør inn over.

Målføret kjenner også køyte f. (gno. keyta f.) og pøyse f. (gno. <sup>x</sup>peysa f.) om slike mindre vass-samlingar. Jfr. elles dam m. (s. 40), slump m. (s. 86) osv.

kås m.

Samansett 1 g., (1 g. ukj.)

/kao:s/-/'kao:s'n/- ; sms. /"kao:se-/

Sjå Uklåre namn (s. 158).

led n., gno. (h)lið n.

Samansett 7 gg.

/lI:/ - /'lI:e/-/lI:/ - /'lI:a/

Opning i gjerde (oftast steingard) for veg, stig, geil osv. Som regel med grind.

To av namna, Kuled (Midtun) og Kjørsleled (Tjuvvika), er noterte utan etterhengd bunden artikkkel.

lein f., gno. lein f.

Usamansett 2 gg.

/lain/-/'laina/-/"laine/-/"lai'ne/; sms. /"lain- /

Leina er eit større platå i fjellsida nord (og ned) for Høgenipa på Henriksbø. I botnen er Leina flat (jfr. Leinmyra),

men skrår elles jamt oppover mot fjellsida. I framkant av Leina ned mot Henriksbødalen ligg Bjørkhaugen. Den skjermar av slik at ein ikkje ser Leina frå dalen.

Leina i Navdal er ein avsats langs etter fjellsida nord for Nova på Kjerringefjellet.

Om lein skriv Aasen: "Skraaning, Hældning, skraatliggende Plan på Siden af en Bjergryg" (1873:437).

leite n., gno. leiti n.

Usamansett 4 gg., samansett 3 gg.

/"laite/-/"laite/-/"laite/-/"laita/; sms. /"laite-/-

Nytta i stadnamn om lendeformasjonar (haug, bakke, res o.l.) som stengjer for eit vidare utsyn. Frå høgste punktet har ein ofte utsyn i fleire retningar. Stigen eller vegen går oftast over leitet. Frå Leitet i Tjuvvika ser ein ned til husa på garden. Frå Leitet på Midtun ser ein heim til gardane, frå Setreleitet i Midtundalen ser ein Oleselet (setra) osv.

Leite har samanheng med gno. lita vb., "sjå" (de Vries: 352).

lende n., gno. -lendi n. (t.d. brattlendi n.)

Usamansett 1 g., samansett 1 g.

/"lende/-/"lende/-

Aasen: "Jordbund, Marker; f.Ex. eit godt Lende til Køyrsla: god Mark at kjøre paa" (1873:439).

Lendet i Fonna er ein bakke heime på bøen. Nylendet på Ytre Midtun er eit engstykke som har vorte dyrka opp seinare, jfr. gno. nýlendi n., "nylende, nydyrka jord" (Heggstad, 1975:317).

Lende er gått or bruk som fast appellativ i målføret. Jfr. båt(e)lende n. (s.39).

li f., gno. (h)lið f.

Usamansett 7 gg., samansett 23 gg.

/li:/--/'li:a/-/"li:a/-/"li:aNe/; sms. /'li:/-

Nytta om fjell- og dalsider, ofte skogkledde og meir eller mindre bratte. Også notert om skrått lende på innmark, t.d. Lia på Indre Midtun.

Mange av namna er relasjonsnamn, t.d. Sjofjellslia til Sjofjellet, Kambelia til Kamben osv.

lund m., gno. lundr m.

Usamansett 2 gg.

/lond/-/'lond'n/-/"londa/-/"londaNe/

Knapt brukt som appellativ i målføret lenger; andre ord har teke over, t.d. (skoge)dott m.

Lunden på Undertun er framleis ein skogedott, medan Lunden i Eivindvik (Prestegarden) no er vorten bustadområde.

lægd f., gno. lægð f.

Usamansett 1 g.

/legd/-/'legda/-/"legde/-/"legd'ne/

Lægdene er eit noko flatare parti i fjellsida nord for Ormekletten på Henriksbø.

Aasan skriv at lægd er "et lavtliggende Sted, en Flade eller Fordybning ved Siden af et Bjerg" (1873:468).

Lægd er lite nytta som appellativ i dag.

løe f., gno. (h)laða f., (h)løðu, obl.kas.

Samansett 3 gg.

/"lø:e/-/"lø:a/-/"lø:e/-/"lø:INe/; sms. /'lø:/-  
/lø:/-

Nytta om høyløer på inn- og utmark. Ofte i samband med eit træ (s. 100), som t.d. Træsløa /'treslø:a/ på Midtun.

Appellativet blir ofte uttala /lø:/ i ub. form sg., men med tonelag 2 i b. form sg.

løype f., jfr. gno. (h)leypa vb.

Usamansett 1 g.

/"låype/-/"låypa/-/"låype/-/"låypINe/

Aasen: "Rendebane, Bakke eller Klippe hvorover man nedstyrter Tømmer fra en ovenforliggende Skov" (1873:472).

Løype er ikke lenger nytta som appellativ, men tydinga er godt kjend. Jfr. elles Løypingåsen i Eivindvik, der fyrstelekken tyder "Drivning, Nedstyrtnings" (Aasen, 1873:472).

mannsverk n., gno. mansverk n.

Usamansett 1 g.

/'mansverk/-/'mansverKe/-/'mansverk/-/'mansverKa/

Om mannsverk står det å lese i KLN: "Minstemålet for fullbondebruket el. fullg. på Vestlandet var truleg mansverket (ein eigedom der det trongst ein vaksen arbeidskar til hjelp attåt husbonden). Men mansverket vart ikke ei fast skattleggingseining på same måten som fullg. på Austlandet. Det vart nytta som mål på jordeigedom, og ein gard kunne vera på to el. fl. mansverk" (Bind 5:630).

Det er truleg den siste tydinga me finn i Mannsverket i Eivindvik. I dag er Mannsverket lagt ut til byggjefelt, men var tidlegare eit mindre dyrka jordareal på Prestegarden mellom Kvernhuselva og Prestegardshusa.

Om storleiken på eit mannsverk skriv Fritzner at det er "Jord af en viss Størrelse, nemlig så stor at den kan drives med en Mands Arbeide" (1883-1896:645). Dette skulle også høve godt for Mannsverket i Eivindvik.

mur m., gno. mürr m.

Samansett 3 gg.

/mu:r/-/'mu:r'n/-/"mu:ra/-/"mu:raNe/

Nytta appellativisk om murar av stein eller sement som står igjen etter bygningars.

Fyrstelekken inneheld gjerne eit personnamn, t.d. Martemuren (Gryta) og Klausmuren (Svaberget).

Også notert om steinbryggje i Sylvarnesmuren (i dag kalla Sundalsbryggja, sjå s. 37 ).

Mur er elles nytta om stein- eller sementmur generelt. Sjå elles tuft f. (s.100 ).

myr f., gno. myrr f.

Usamansett 10 gg., samansett 43 gg., fri samansetjing 1 g.

/my:r/-/'my:ra/-/"my:ra/-/"my:raNe/; sms. /"my:re-/

Eit svært vanleg grunnord. Aasen: "Sump, Mose, en Flade med blød eller meget fugtig Jord" (1873:517).

På innmark er ei myr oftast ei flat som tidlegare var blaut, men som i dag er drenert.

Notert 1 g. som bruksnamn i Myra på Henriksbø (sjå s.185 ).

naust n., gno. naust n.

Samansett 3 gg.

/neust/-/'neuste/-/neust/-/'neusta/; sms. /"neust-/

Brukt om båtskur, hus der ein dreg båtar og båtutstyr inn.

Dei tre namna syner til stader der berre støa eller murane etter naustet er igjen. Såleis er Botnenaustet (naustet i Soleibotnen, Eivindvik) i dag også namn på den vika naustet låg i.

nes n., gno. nes n.

Usamansett 2 gg., samansett 30 gg.

/ne:s/-/'ne:se/-/ne:s/-/'ne:sa/; sms. /'ne:s/-

Landtunge som stikk ut i sjø eller vatn. Også notert 1 g. om landtunge mellom to elvar som møtest. Langeneset på Henriksbø er ikkje eit nes i dag, men var det tidlegare då Dælane (no attlagde) gjekk ut i Storelva.

Stavsneset /"stafsne:se/, /'stafsne:se/ heiter ytste (vestre) neset på nordsida av Prest(e)sundet (Eivindvik). Namnet er samansett av gno. staf m. og nes n. Stav-namn er svært vanlege i det vest-nordiske området, og syner oftast til ståande fjell- og høgdeformasjonar, gjerne med bratte (vertikale) liner i grunnfjellet, men også liggjande stavar må ha vore grunnlaget for ein del namn, jfr. NG Indledning: "(-) langt fremstikkende Halvører og Nes, der havde saadan Form, at de kunde sammenlignes med en Stav" (1898:78). Ei slik samanlikning høver ikkje for Stavsneset, som er ein heller rundvoren, om lag 10 m høg knaus. Ytst går neset i ein 4-5 m høg, nesten vertikal, skrent ned i sjøen. Det kan vere denne klubben som har gjeve namn til neset, sjølv om han vel ikkje er så dominerande som dei fjellformasjonane er, som har danna grunnlaget for dei mange stav-namna (jfr. Helle: 18ff.).

nip f., jfr. gno. gnípa f.

Samansett 3 gg.

/ni:p/-/'ni:pa/-/"ni:pe/-/"ni:pINe/

Brukt om ein kvass fjelltopp. Kan helle framover som t.d. Hengjenipa i Svaberget.

Når sola står over Daurmålnipa på Undertun, har folk på garden alltid visst at det var tid for daurmål, hovudmåltidet om morgonen. Tidspunktet kunne variere noko frå gard til gard, men på br. nr. 2 på Undertun var det i 9-tida om morgonen.

nov f., gno. nof f.

Usamansett 2 gg., samansett 9 gg.

/nå:v/-/'nå:va/-/"nå:ve/-/"nå:vINe/

Som appellativ nytta i to tydingar: 1) 'hjørne på eit hus' og 2) 'fjellhjørne; fjell med eit hjørne'.

Lokalitetsappellativet er i dag nytta mest utan assosiasjon til tydinga 'utvendig hushjørne'.

oksl f., gno. oxl f.


Usamansett 3 gg.

/'åks'l/-/'åksla/-/"åksle/-/"åksl'ne/; sms. /"åksle-/

Opphavleg jamføring med kroppsdelene. No brukt som appellativ om særlege lendeformasjonar. Ei oksl er eit aksleforma høgdedrag som skyt ut frå fjellsida. Kan også vere namn på fjellpartiet som oksla er ein del av.

Døme:

(Floli)



older f., jfr. gno. olr m.

Usamansett 2 gg.

/'åld'r/-/'åldra/-/"åldra/-/"åldraNe/; sms. /"åldre-/

Oldrane på Ytre Midtun er no dyrka opp til eng, men var tidlegare tilvakse med olderskog. Oldrane på nordsida av Vatnet på Midtun er ein stad der det blir tidleg grønt om våren. Også her har det vore olderskog.

oppkomme f., jfr. gno. uppkoma f.

Usamansett 1 g.

/"opkåm:e/-/"opkåm:a/-/"opkåm:e/-/"opkåm:INe/

Jfr. Aasen: "Kilde, Vandstrøm som kommer op af Jorden. Sogn og fl." (1873:879).

Oppkomma (Indre Midtun) er i dag namn på eit engstykke der det tidlegare var ei oppkomme. Men iflg. heimelmannen hender det at Oppkomma framleis syner teikn til "liv", så det er ikkje alltid like greitt å blir kvitt slike vass-tilsig. Sjå elles kjelde f. (s. 59 ).

os m., gno. óss m.

Samansett 3 gg.

/o:s/-/'o:s'n/-/"o:sa/-/"o:saNe/

Os er brukt fleire gonger om deler av Gulafjorden, gjerne om stader der fjorden vidar seg noko ut eller der delar av fjorden er avgrensa, t.d. av øyar, nes, sidefjordar, sund o.l.

Ein os får oftast namn etter den garden den ligg utfor, t.d. Nevedalsosen /"ne:vedalso:s'n/, Svabergosen (og utofor mitt område: Nesosen /'nes:o:s'n/, Stemnebøsen /'stembø:o:s'n/, Vassøyosen /"vas:åyo:s'n/, Bårøyosen /"bao:råyo:s'n/ osv.).

Eskeland skriv at heile fjorden vest for Guløyna blir kalla Osane. Fjorden frå Guløyna og austover skulle så vere Gulafjorden (På Klårfjell og annan ervesong, 1938: 81). Eg har også høyrt denne oppdelinga, men ikkje at Osane då skulle vere namn på ytste delen av fjorden. Det vanlegaste i dag er å kalle heile fjorden aust for Segløyna/ Hisarøyna for Gulafjorden (eller Gulafjordane), og berre delar, mindre stykke av han har eit os-namn.

Som terrengkarakteriserande appellativ er os også brukt om elvemunning. Berre notert 1 g. i Elvosen /"elvo:s'n/ i Tjuvvika (Eivindvik).

osp f., gno. qsp f.

Usamansett 2 gg.

/åsp/-/'åspa/-/"åspe/-/"åspINe/; sms. /"åspe-/-

Ospene er notert to gonger på Midtun om stader der det veks eller har vakse osp.

På Losna og i Brekke er Espene /'espINe/ brukt om stader med ospeskog, men denne fleirtalsforma har eg ikkje høyrt i Eivindvik, korkje som appellativ eller i stadnamn.

pall m., gno. pallr m.

Usamansett 1 g., samansett 1 g.

/paL:/-'pa:L'N/-/"paL:a/-/"paL:aNe/  
-/'pa:'L/-

Appellativet er brukt om ei flat, t.d. oppå ein haug. Oftast i li eller fjellsida.

Pallen /'pa:L'N/ i Svaberget er eit flatt platå oppå ein rund knult. Her vart slege tidlegare, og høyet løypte dei ned til garden på løypestreng.

Haslepallen /"hatlepa:L'N/ er ein lyngdekt, flat rabb nedst i fjellsida på Floli. Kva som ligg attom namngjevinga, visste ikkje heimelmannen, men at det ein gong må ha vakse hassel på eller i nærleiken av staden, må vel vere klart.

Om pall skriv Aasen m.a.: "en jævn Forhøining paa Jordens, en flad Høi, Terrasse, Jordvoll" (1873:565).

plantefelt n.

Usamansett 1 g.

/"plantefelt/-/"plantefelte/-/"plantefelt/-/"plantefeltha/

Appellativisk nyttar om eit område der det er planta skog (som regel gran, fure eller lerk).

Plantefeltet er ein mindre fureskog i Svaberget mot merket til Floli.

Appellativet felt er lån av ty. Feld n.

plass m., jfr. gno. plaz n.

Samansett 4 gg.

/plas:/ - /'plas'n/- /"plas:a/- /"plas:aNe/

I stadnamn nytta i to tydingar: 1) ein stad eller eit punkt i lendet, utan særskilde kjenneteikn, t.d. Grauteplassen i Mjåneset (Eivindvik) og 2) ein (flat) stad som er opparbeidd og jamna ut, t.d. Snuplassen (eit vegskil) på Midtun.

Plass n. i tydinga 'husmannsplass' har eg notert frå Losna, men ikkje høyrt i Eivindvik. Her blir også i denne tydinga brukt m. genus.

poll m., gno. pollr m.

Usamansett 1 g.

/påL:/ - /'på:L'N/- /"påL:a/- /"påL:aNe/  
- /'på'L/-

Pollen i Espevika nord for Grønevika (Eivindvik) er ei lita vik eller pøyle som sjøen flør inn over.

Poll blir nytta om ei innestengd, noko grunn vik. Kan også vere djupare, jfr. Pollen (gardsnamn i Solund), som har namnet sitt frå ein ostrepoll på staden.

Pollen (Eivindvik) blir også kalla Fløkøysa (sjå køyse f., s. 66).

pøyle f., jfr. ty. Pfuhl m.

Usamansett 3 gg.

/"påyle/- /"påyla/- /"påyle/- /"påyl'ne/

Innestengt sjø- eller vassområde med evjebotn. Ei pøyle fjærer oftast turr. Gjerne med ein djup ål dersom ei elv renn ut i pøyla.

rabb m., jfr. mno. rabbi m.; sv. dial. rabb m.

Usamansett 1 g.

/rab:/ - /'rab:IN/- /"rab:a/- /"rab:aNe/

Som appellativ brukt om langstreckte jord- eller steinryggar. Jfr. Aasen: "en høi Banke eller Jordryg; en langstrakt Vold især med Steengrund" (1873:575).

Det gjekk stig opp langs Rabben i Tjuvvika (Eivindvik), men iflg. heimelsmannen er det ein vanskeleg stad å komme seg fram.

rane m., gno. rani m. '(grise)tryne'

Usamansett 3 gg., samansett 4 gg.

/"ra:ne/- /"ra:'n/- /"rana/- /"ra:naNe/; sms. /"ra:ne/- ,  
/ "ra:n-/

Ein rane er ein langstrect bergskolt som stikk fram i lendet. Går oftast vertikalt eller på skrå i ei fjellsida, men er også notert om lengre høgdedrag på flatt lende.

Jfr. Aasen: "--- lang Bakke eller Bjergryg. Sogn." (1873:580).

reine f., gno. <sup>x</sup>reina f., jfr. gno. rein f.

Usamansett 6 gg., samansett 14 gg.

Vanleg om bratte hall og bakkar i inn- og utmark, t.d. Brattereina (Undertun), ein bratt bakke heime på bøen, og Kollhaugereinene på Floli, eit parti i fjellsida frå Kollhaugen og ned mot Gjelet.

Urdalsreinene er derimot eit parti med slette skråberg i Storelva på Midtun. Berga ligg for det meste turre når det er lita vassføring i elva.

Reine er også nytta som appellativ om bakkar eller stigningar i ein veg. Denne tydinga finn ein i 9 av namna, t.d. Stigreina, ein bakke i vegen forbi Stigen (bruk) i Gryta, Skulereina, bakken opp til skulen osv.

renne f., jfr. gno. renna vb.

Usamansett 1 g.

/"reN:e/-/"reN:a/-/"reN:e/-/"reN'Ne/

Renna på Prestegarden (Eivindvik) er namn på ei oppkomme som i dag også blir kalla Olavskjelda. Renna har namnet sitt etter den vassrenna som var laga til her av ein uthola trestamme.

Det har vore vanskeleg å finne ut kor lenge oppkomma har vorte kalla Olavskjelda, men ting tyder på at det er eit nyare namn, kanskje berre nokre tiår gammalt. I skulebarnoppskriftene er ikkje namnet ført opp, men det er derimot Renna! Ein skal heller ikkje gløyme at Olavskjelda ligg i nærleiken av ein gammal steinkross, som også har vorte sett i samband med Olav den heilage. Når ein så kjenner til den livlege diskusjonen som har vore i bygda om plasseringa av Gulatingstaden, er det lett å skjøne kor fort eit slike namn kan vekse fram.

Kjell Bondevik skriv om dei tallause Olavskjeldene rundt om i landet: "Dei har særst godt vatn og kan etter folketrua lækja både folk og fe. (-) Ein viss historisk bakgrunn er det sjølvsagt for denne namnegruppa, men det er visseleg takk vere den eineståande posisjonen Olav den heilage har hatt i folkeauge at namnet hans er representert i så mange stadnamn" (NS/S, 1975:136).

res n., gno. ris n.

Usamansett 1 g., samansett 3 gg.

/rI:s/-/'rI:se/-/rI:s/-/'rI:sa/

Som appellativ nytta om eit lite høgdedrag eller ein bakkekam. Jfr. Aasen: "en Forhøining, Jordryg, Bjergryg; det høieste Punkt af en Vold eller Bakke" (1873:604). Sams for dei resa eg har notert er at det går veg eller stig over dei.

Res høyrer til same rot som rise vb., gno. rísa vb. "rise, reise seg, stige (opp), stå opp" (Heggstad, 1975:346).

rev n., gno. rif n.

Usamansett (l g. ukj.)

/rI:v/-/'rI:ve/-/rI:v/-/'rI:va/

I skulebarnoppskriftene for Floli er gjeve opp "Reve (ein fiskeplass)". Heimelsfolka hadde høyrt namnet, men kunne ikkje seia eksakt kvar staden er.

Appellativet er i målføret nytta om ein grunning i sjøen, særleg om grunnare område i innlaupet til ei vik, eit sund o.l. Jfr. Aasen: "et Rev, en smal Grunding eller Banke, som gaar ud fra Land; Fortsættelse af et Næs under Vandet" (1873:606).

rim f.?, sjå rimme m.

rimme m., gno. rimi m.

Usamansett l g.

-/"rim:ane/

Om rimme m. skriv Aasen: "en langstrakt Forhøining, Jordryg, Bjergryg (omtr. som Rinde)." (1873:603).

Rimmane er namn på ein åsrygg mellom Løypingåsen og Høgefjellet i Eivindvik.

Målføret kjenner rim f. /rI:m/ om "Stang, Spile (Sprosse)" (Aasen, 1873:602), t.d. om rimmar i ein sauegard. Men det kan synest som om uttalen er noko vaklande, jfr. NO Film, som gjev opp rim f. /rim:/ frå Gulen.

Heimelsfolka kjende ikkje rimme m. som terrengkarteriserande appellativ, men meinte likevel at det måtte vere nokolunde det same som ein rinde (jfr. Aasen ovafor).

rinde m., jfr. nisl. rindi m.

Usamansett 2 gg., fri samansetjing 2 gg.

/"rinde/-/"rind'n/-/"rinda/-/"rindaNe/; sms. /"rinde-/,  
/"rind-/

Ein rinde er ein langstrekt jord- eller bergrygg. Dei kan gå horisontalt slik som Rindane på Floli, men han kan også gå vertikalt i ei fjellside, som t.d. Nordre og Søre Rinden på Henriksbø.

rust f., gno. rust f.

Usamansett 7 gg., samansett 2 gg.

/rost/-/'rosta/-/"roste/-/"rost'ne/

Nytta som appellativ om ein langvoren bergrygg som går vertikalt i ei fjellside, t.d. om slike ryggar som lagar seg ved enden av eit fjell. Ei rust kan ligge i synsranda frå namnegjevaren, og tydinga nærmar seg då 'fjellsende' (sjå ende m. s.44 ).

Jfr. Torp: "bergryg el jordryg som strækker sig op-efter en fjeldvidde" (1919:552).

rydning m., jfr. gno. ruðningr m.

Usamansett 1 g.

/"rydning/-/"rydninjIN/-/"rydninga/-/"rydningaNe/

Rydningen var tidlegare ei snauhoggen bot i skogen på Midtun (i dag tilvakse). Som appellativ er rydning brukt om ein plass som er rydda, t.d. for skog, stein o.l.

Rydning (rudning) er vanleg som gards- og plassnamn på Austlandet og nordafjells om 'opprydda, oppdyrka plass'.

rygg m., gno. (h)ryggr m.

Usamansett 1 g., samansett 1 g.

/ryg:/-'ryG:IN/-/"ryg:a/-/"ryg:aNe/

Rygg er eit mykje brukt appellativ om "en langstrakt Forhøining, Jordryg, Bjergryg m.m." (Aasen, 1873:621). Tanken på lekamsdelen er borte når rygg blir brukt som terengkarakteriserande appellativ.

Likevel berre notert i to namn. Rygen (Henriksbø) er ein bergrygg med eit tunt lag jord over. Om Kuperyggen (Svaberget), sjå kupe f. (s. 155).

røys f., jfr. gno. (h)reysi n.

Usamansett 1 g., fri samansetjing 2 gg.

/røys/-/'røysa/-/"røyse/-/"røys'ne/; sms. /"røys-/

Røys blir nytta om samlingar av stein, anten om ein samankasta steindunge i samband med (ny)dyrkning, eller om steinur generelt (både kunstig og naturleg). Sjå elles ur f. (s. 102).

Røysa på Henriksbø var steinane etter ein nedriven skorstein. Ho er no rydda vekk. Øvste og Nedste Røysa (Gryta) er steindungar frå den tid garden vart rydda.

rås f., gno. rås f.

Usamansett 1 g.

/rao:s/-/'rao:sa/-/"rao:se/-/"rao:s'ne/

Nytta om smale trekk i terrenget, t.d. på skrå opp gjennom ei li. Oftast slik at berre eitt dyr (ein person) kan gå i breidda.

Jfr. Aasen: "Gang, Vei, Gangsti; især om de Stier som etterhaanden danne sig ved Kreaturenes Gang til Græsmarkerne" (1873:588).

sand m., gno. sandr. m.

Usamansett 1 g.

/sand/-/'sand'n/; sms. /"sand-/

Sand vert brukt appellativisk som stoffnamn, dessutan som terrengkarakteriserande appellativ om ei sandstrand, ei sandfjøre e.l.

Sanden sør for Mjåneset (Eivindvik) er eit anna namn

på Nordre Taskevika (s.167). Vika eller bukta har ei fin sandstrand, noko som ein finn i dei fleste vikane frå Dingeneset til Stavsneset.

sel n., gno. sel n.

Usamansett 1 g., samansett 3 gg.

/se:l/-/'se:le/-/se:l/-/'se:la/; sms. /'se:l/-

Vanleg i appellativisk tyding om stølshus, seterhus. Eit sel er vanlegvis delt i to rom: eit innsel (sove- og opphaldsrom) og eit utsel (kjøken).

Sel har etymologisk samanheng med sal m. (gno. salr m.) (de Vries:469).

sending m., jfr. gno. sandr m.

Usamansett 1 g.

/"sending/-/"sendinjIM/-/"sendinga/-/"sendingaNe/

Som appellativ er sending truleg ukjent i målføret i dag, men ordet er vanleg i stadnamn mange andre stader i landet. Rygh fører opp tydinga "Sandgrund" (NG 7:420), og frå Sunnmøre er sending brukt om ein sandfull åker. I Brekke er sende f. brukt om 'sandgrunn'. Ordet er notert berre ein gong i Sendingen, ein sandfull bakke på Ytre Midtun.

Både sending m. (og sende f.) er avleidde av gno. sandr m., det fyrste med ing-suffiks.

sete m., jfr. gno. sæti n.

Usamansett 1 g.

/"se:te/-/"se:t'n/-/"se:ta/-/"se:taNe/

Aasen: "en liden Flade i en Klippe eller paa en Bjergtop" (1873:645).

Setane /"se:taNe/ er i dag namn på bjørkelia mellom Søre og Nordre Gangeskaret på Henriksbø. Iflg. ein heimels-

mann er det fleire 'stallar, avsatsar, flater' oppover denne lia, medan ein annan meinte at namnet heller må syne til fjellrusta nordafor (jfr. Oksla, som er ein del av denne). Ein tredje heimelmann kalla lia for Seten /"se:t'n/, så kva lendeformasjon(ar) som ligg til grunn for namnet, synest usikkert.

Sete m. og set m. er eit vanleg terrengekarakteriseraande appellativ fleire stader i Ytre Sogn, t.d. i Brekke (Takle:169), Høyanger (Hjetland:123), Vadheim (Hovland:68), Instefjorden (NO Film).

seter f., jfr. gno sætr n.

/'se:ter/-/'se:tra/-/"se:tra/-/"se:traNe/; sms. /"setre-/  
/"setr-/

Sjå seter n.

seter n., gno. sætr n.

Usamansett 1 g.

-/'se:tre/-

Setret i Taskebotnen aust for Mjåneset var tidlegare støl under Prestegarden (Eivindvik).

Som appellativ er berre forma med f. genus nytta i dag. Sjå elles støl m. (s. 93 ).

skar n., gno. skard n.

Usamansett 4 gg., samansett 24 gg., fri samansetjing 4 gg.  
/ska:r/-/'ska:re/-/ska:r/-/'ska:ra/; sms. /"ska:r-/

Nytta om "en Bjergkløft, en Fordybning i en Fjeldryg eller imellem to Bjergtoppe" (Aasen 1873:662). Eit gjel (s. 49) går ofte over i eit skar øvst i fjellsida. Også brukt om små sokk i ein bergrygg, mellom to mindre haugar

o.l., t.d. Skaret (Eivindvik), Griggusskaret /'grig:uska:re/ (Midtun) osv. Frukostskaret, Middagskaret og Nonsskaret er alle tre solmerke i Fonnfjellet (Fonna).

skininstød n., jfr. gno. \*skina vb. og nisl. stœði n.

Usamansett 1 g., fyrstelekk 1 g.

/"sjinstø:/-

Notert i Skininstød /"sjinstø:/, ei lita flat i Setrelia på Midtun. Aasen skriv at "Skininstøde" er "et Sted hvor Kørerne søger Skjul i Sommerheden, eller hvor de finde Leilighed til at værge sig for Bremserne, saasom i en stor Skygge eller paa en Grunding i Vandet" (1873:670).

Kuskjera på Undertun er nokre flate evjeskjer tett attmed land. Det er mogeleg å vasse over frå fastlandet, og Kuskjera er difor ein slik stad der kyrne skjenar. Jfr. elles Skininstødhammaren, ein høg, bratt fjellhammar på nord-sida av Fonnøyna.

Eg har ikkje høyrt skininstød i appellativisk bruk, men tydinga er godt kjend.

skjer n., gno. sker n.

Usamansett 2 gg., samansett 12 gg.

/sje:r/-/'sje:re/-/sje:r/-/'sje:ra/ .

Eit skjer kan vere både over og under vassflata. Men også dei lågaste er oftast synlege ved fjøre sjø. Jfr. klakk m. (s.60), flu f. (s.47) osv. Jfr. elles Skjerjehamn, gardsnamn i Gulen, gno. \*Skerjahøfn, samansett av gen. pl. av sker n. og hofn f.

Skjer, skar n. (s.83), skor f. (s.85), skurd m. (s.85) og skjere vb. høyrer alle til den idg. rota \*(s)ker (Torp, 1919:602).

skog m., gno. skógr m.

Usamansett 1 g., samansett 2 gg.

/sko:g/-/'sko:jIN/-/"sko:ga/-/"sko:gaNe/; sms. /"sko:ge-/

Vanleg nytta appellativ om ei større eller mindre samling av tre. Jfr. lund m. (s. 69), dessutan byrke n. (s. 154), eike n. (s. 154) og espe n. (s. 155).

skor f., gno. skor f.

Usamansett 3 gg., samansett 19 gg.

/skå:r/-/'skå:ra/-/"skå:ra/-/"skå:raNe/; sms. /"skå:re-/

Brukta både appellativisk og i stadnamn om avsatsar eller hyller i fjellsider og bratte lier. Gjerne tilvaks med gras, jfr. ei fasteskor, ei skor der sauene (geitene) går seg skorfaste.

Fyrstelekkjen kan fortelje om vegetasjon, t.d. Blomskora (Henriksbø), Nevreskora (Svaberget) osv. Utmerkingslekken kan også gå på storleik, t.d. Storeskora (Henriksbø og Sva-berget), Langeskora (Floli) osv. Mange av namna er relasjonsnamn, t.d. Flogfjellsskora (Floli), Midfjellsskora (Eivindvik) o.a.

skurd m., gno. skurðr m.

Samansett 1 g.

/skU:r/-/'skU:r'n/-/"skU:ra/-/"skU:raNe/

Appellativisk nytta om innhausting, t.d. av korn, skjering av torv osv., jfr. Aasen: "det Arbeide at afskjære Kornet paa Agrene" (1873:693). Også brukta om staden der ein "skjer", t.d. ein sagskurd (hakket etter saga), ein knivskurd (snittet etter kniven) osv.

Notert 1 g. i Torvskurden /"tårvskU:r'n/ (Undertun), ein liten haug (vegen frå Eivindvik går no gjennom her) der dei tidlegare tok torv.

slump m., jfr. eng. dial. *slump* 'sump'

Samansett 1 g.

/slomp/-/'slompIn/-/"slompa/-/"slompaNe/

Nytta som terrengkarakteriserande appellativ om ein dam eller ein høl. Ofte berre ein liten vasspytt slik som Torvslumpen /"tårslompIn/ (Eivindvik), som danna seg etter at dei tok torv på staden. Likevel er ikkje Torvslumpen mindre enn at den lenge har vore brukt av ungane til å gå på skøyter på!

slætte n., jfr. gno. *slätta* f. og *slättr* m.

Samansett 1 g.

"/slet:e/-/"slet:e/-/"slet:e/-/"slet:a/

Appellativisk brukt om ein utslått, ein slåtteteig i utmarka. Jfr. Aasen: "Engstykke, Græsmark hvor man slaar Hø; især i Fjeldene. Fjellslætte, Skogslætte" (1873:708).

Hansslættet (Midtun) er i dag namn på heile fjellpartiet (frå dalen og oppover) frå Skredfjellet og mot Gangeskarsåta. Framleis syner slættagardane nede i dalen. Dei skulle hindre dyra i å komme opp i slættet. Kven denne Hans var som har gjeve namn til staden, er det visst ingen som veit lengre.

sløkje f., jfr. gno. *slok* n.

Samansett 2 gg.

/"slø:Ke/-/"slø:Ka/-/"slø:Ke/-/"slø:KINe/

Nytta om ei langstrekt fordjuping i terrenget, t.d. eit gjel (s. 49) e.l.

I Knappreisløkja (Floli) kvilte dei når dei gjekk til fjells. Korleis kua har gjeve namn til gjelet kjenner ikkje heimelsmannen til. Kovesløkja (også Floli) er eit langstrekt søkk som går tvers over Guløyna frå aust til vest.

smie f., gno. smiðja f.

Usamansett 1 g.

/"smi:e/-/"smi:a/-/"smi:e/-/"smi:INe/; sms. /"smi:e/-

I dag er det berre murane som syner etter Smia i Tjuvvika (Eivindvik). Dei fleste gardane hadde ei smie, difor er det då også notert fleire relasjonsnamn, t.d. Smiemyra (Floli), Smiebakken (Eivindvik), Smiehesa (Ytre Midtun) osv.

spong f., gno. spøng f.

Usamansett 1 g.

/spaong/-/'spaonja/-/'spenje/-/'spenjINE/  
/spång/ -/'spânja/-

Sponga /'spaonja/, /'spânja/ er namn på området (neset) utover (sør for) nausta i Navdalens (Eivindvik).

Målføret kjenner ordet i fleire tydingar, men kva for tyding som løyner seg i dette namnet, er i grunnen litt usikkert. Spong blir mest brukt om "et lidet Loft, eller et smalt Fjelegulv (=Ram, Lem)" (Aasen, 1873:737), men denne tydinga høver ikkje, Appellativet blir også nytta om "en smal Plade, Skinne, Jernbeslag;" (op.cit.:loc.cit.), noko som heller ikkje passar.

Som terrengekarakteriserande appellativ bruker målføret spong om "Iisflage, Iisbælte tvært over en Aa eller Fjord" (op.cit.:loc.cit.). Det er lite med is på sjøen her, men det kan vel tenkjast at staden har fått namnet sitt den gongen det var eit isbelte her, t.d. mellom fastlandet og Navdalsskjeret, som ligg rett sør for Sponga.

Men ei spong kan også vere "en Tvrstribe, et Vindkast som gjør en mørk Stribe paa Vandfladen" (op.cit.:loc.cit.). Ein heimelmann meinte denne tydinga høvde best. Staden har då fått namn etter den vindsponga som etter det dei seier ofte dannar seg mellom neset og Navdalsskjeret utafor.

stad m., gno. staðr m.

Samansett 1 g.

/sta:/-'sta:'n/-/"sta:a/-/"sta:aNe/

Eit vanleg appellativ nytta i mange samanhengar.

Notert 1 g. i Middagstad, eit 'hakk' i Sjofjellet, og brukt som solmerke (kl. 12) i Tjuvvika. Jfr. Aasen: "Middagstad, m. det Punkt hvor Solen staar ved Middag" (1873:496).

Stad er berre nytta ein gong i Gulen om 'bustad, tilhaldstad' i gardnamnet Grimstad.

stake m.

Usamansett 1 g.

"/"sta:Ke/-/"sta:KIN/-/"sta:ka/-/"sta:kaNe/

Bruk om ei stong til sjømerke. Ofte med toppmerke.

Staken mellom Timrøyna og Fonnøyna er ein bøyestake, det vil seie at han er festa til botnen med kjetting.

stall m., gno. stallr m.

Usamansett 3 gg., samansett 4 gg., fri samansetjing 4 gg.

/staL:/-'sta:L'N/-/"staL:a/-/"staL:aNe/; sms. /"staL:-/  
-/'"sta:'L/-

Nytta som terrengekarakteriserande appellativ om platå eller flater i fjell- og dalsider.

Også på Island er stallur m. brukt om "Afsats i en Fjældside" (Blöndal, 1920-24:788).

stein m., gno. steinn m.

Samansett 29 gg.

/stain/-/'stai'n/-/"staina/-/"stainaNe/; sms. /"staine-/,  
/"stain-/

Det er berre få steinar som har eit namn, dersom ein

tenkjer på den uhorvelege mengda av stein som finst i området. Ofte er det dei større steinane som ber namn, gjerne slike som ligg einsleg til.

Ikkje sjeldan knyter det seg segner og hendingar til slike steinar. Raudsteinen (Midtun) snudde seg når kyrkje-klokken ringde, vart det sagt. Om Domsteinen på Floli skriv Ivar Kleiva: "Han kan vel vere ein dryg kubikkmeter, og er ei vanleg flyttblokk. (-) Segna fortel at frå den steinen vart domane framsagde den tid Gulatinget vart halde her." (Frå Fjon til Fusa 1967:191). Jfr. NO 2: "domstein m (vigd) Stein på gamal tingstad (MasfjM); "(sp. 15).

Andre steinar er det knytt kulturhistoriske minne til. Ved Dauresteinen (Eivindvik) vart det daura når dei hadde ut kyrne om våren. Fremste og Heimre Mjølkesteinen var mjølkeplassar i Henriksbødalen. Langevadsteinen på Midtun vart brukt når dei skulle av eller opp på hesteryggen. Under Stavesteinen i Svaberget la dei stavane sine når dei gjekk til fjells, og frå Piggsteinen i Fonna hadde dei løypestreng.

Nibbesteinen (Floli) er ein kvass stein på høgd med ein vaksen mann. Jfr. Aasen: "Nibbestein, m. Steen med skarpe Kanter; Stænspids som rager op over Jorden" (1873:535).

stelle n., jfr. gno. stallr m.

Usamansett 1 g.

"/"steL:e/-/"steL:e/-

Notert 1 g. om eit lite res øvst oppe i Åsen på Undertun. Grensa mellom Undertun og Henriksbø går over Stellet, difor står her også ein merkekross.

Appellativet er ikkje lenger i bruk, og tydinga er neppe kjend. Ross fører opp tydinga 'kleiv' frå Nordhordland, og frå Sagvåg i Sunnhordland er ordet notert om "ei lita bratt kneik i vegen" (Stautland:71).

Stelle n. er avleidd av stall m. (s. 88), "vistnok til idg. st(h)el, st(h)al 'staa, være stiv'" (Torp, 1919:704).

stig m., gno. stígr m.

Usamansett 2 gg., samansett 2 gg., fri samansetjing 3 gg.  
/sti:/-'sti:IN/-/"sti:ga/-/"sti:gaNe/

Bruk om smale gangvegar i utmark, gjerne der det kan vere strevsamt å ta seg fram. Ytre Stigen, Midstigen og Indre Stigen er namn på tre gangvegar 'opp i' Guløyna på Floli. Dei er nøydd å bruke ein av desse dersom dei skal komme seg opp på skapleg vis.

Saltstigen (Svaberget) heiter nokre murte steintropper i fjellvegen. Namnet har staden fått av di ein mann som skulle til fjells etter kyrne, miste saltposen sin her.

Eitt av namna, Stigen (Grytestigen), er bruksnamn. Sjå eige kapittel.

sto f., gno. stoo<sup>x</sup> f.

Samansett 3 gg.

/stå:/-'stå:a/-

I stadnamn bruk om ei båtstø eller ein landingstad. Som appellativ har sto måtte vike for stø f. (s. 93).

Vetrestoa (Floli) skal visst ha vore landingsplass for Midtungardane om vintrane. Midtunvågen har lett for å fryse til, og difor var det naudsynt å ha båtane så langt vekke for å vere sikra ei isfri hamn.

Kyrkjesta (også Floli), saman med Kyrkjetufta og Kyrkjehaugen, skal iflg. tradisjonen ha samband med den kyrkja som Håkon Håkonson, etter det ein del historikarar meiner, bygde 'i Guløy'.

stove f., gno. stofa f.

Samansett 2 gg.

/"stå:ve/-/"stå:va/-/"stå:ve/-/"stå:vINe/  
/"steu:e/-/"steu:a/-/"steu:e/-/"steu:INe/; sms. /"steu:e/-

Stove er primært bruk om oppholdsrom i hus. Dessutan også om mindre bustadhus, gjerne med berre eitt hovudrom.

Hemingestova /"hem:ingestå:va/ på Henriksbø er no vekke, men var truleg ei gammal plassmannstove. Namnet fekk ho etter ein Heming, som var husmann og kyrkjetenar i Eivindvik ein gong i førre hundreåret. Stova hyste også ei tid det meieriet som vart skipa i Midtunvågen på slutten av 1800-talet. Jfr. Meieritufta (s.150). Skomakarverkstad skal det også ha vore i stova før ho vart riven og sett opp att i Littlebrandsdalen (Klokkeid, Gulen) kring 1910. Sjå elles Børsen (s.119).

Borgstova /'bå(r)stå:va/ (Prestegarden, Eivindvik) står framleis, og ho er truleg nokså gammal. Dersom Boerstuen i eit dokument frå 1698 er same namnet (og same stova), er ho altså fram under 300 år gammal! I dag blir Borgstova nytta til kommunalt reiskapshus, og stova har vore brukt til litt av kvart fram gjennom tidene. Langvegsfarande kyrkjefolk pla ha maten sin her medan dei var i kyrkja, og stova har også vore brukt som overnattingstad for konfirmantar frå andre stader i kommunen. Namnet tyder på at stova i alle fall ei tid har vore tenarstove på Prestegarden, jfr. NO 1:"tenarstove på store gardar" (1966:sp.833).

Det synest som om dei to uttalevariantane blir brukte om einannan, men /"steu:e/ peikar nordover (vanleg uttale i Solund) og /"stå:ve/ austover (Indre Sogn) og sørover (t.d. Myking).

strand f., gno. strønd f., pl. strandar, strendr og strandir  
Usamansett 1 g., samansett 2 gg.  
/strand/-/'stranda/-/'strende/-/'strend'ne/

Appellativisk brukt om eit område som grensar til sjøen. I dei noterte namna er ordet brukt om lengre, ubygde strekningar langs ein fjord eller eit sund.

streng m., gno. strengr m.

Samansett 1 g.

/streng/-/'strenjIN/-/"strenje/-/"strenjINe/  
-/"strenga/-/"strengaNe/

Preststrengen /"prestrenjIn/ i Mjåneset var ein gong løypestreng for Prestegarden (Eivindvik). Kanskje var det 'potetpresten' Dahl som bygde han, men han har i alle høve vore brukt av Prestegarden også etter Dahl si tid.

Ross: "Løypestreng m. Metal-Reb nedad hvilket Ting (Løv, Hø, Kar) befordres fra Fjeldsiden" (1895:499).

strind f., gno. strind f.

Usamansett (1 g. ukj.)

/strind/-/'strinda/-

Jfr. Aasen: "en Strimmel, et langt afkløvet Stykke" (1873:761). Berre notert i eit gløymt åkernamn på Floli, Strinda. Også i Brekke og på Losna er (var) strind brukt om lange, smale åkerlappar.

stykke n., gno. stykki n.

Samansett 2 gg.

/"styK:e/-/"styK:e/-/"styK:e/-/"styK:a/

Som terrengekarakteriserande appellativ er stykke brukt om eit jordstykke, ein del av ein gard eller ein bø. Gamle-folkstykket i Tjuvvika var såleis ei lita flat som kårfolket på garden disponerte. Guristykket på Midtun var Guri sitt jordstykke. Ho hadde også eigen flor, Gurifloren.

stø f., gno. støð f.

Samansett 1 g.

/stø:/ - /'stø:a/-/"stø:e/-/"stø:INe/

Stø blir brukt om ei båtstø eller ein landingsplass.

Jfr. sto f. (s.90). Ofte er det i ei stø sett opp ein gråsteinsmur på begge sider med svillar mellom til å dra båtane over.

Kasparstøa /'kasperstø:a/ på Undertun syner ikkje lenger, men låg i, det vil seie ved sida av, naustet på br. nr. 2.

støl m., gno. støðull m.

Usamansett 2 gg., samansett 3 gg., fri samansetting 2 gg.

/stø:l/- /'stø:l'n/-/"stø:la/-/"stø:laNe/

Aasen skriv: "Malkeplads i en afsides liggende Græsgang. I de nordlige Egne kun om selve Pladsen med de derpaa staaende Hytter (Sel); i de sydligere Egne (Sogn. Hall. Tel.) ogsaa om de omliggende Marker og altsaa det samme som Sæter" (1873:770).

I stadnamn er støl brukt om faste mjølkeplassar, anten i nærleiken av garden, t.d. Nordre og Søre Stølen på Henriksbø, eller lenger unna i utmarka, t.d. Leinstølen på fjellet på Henriksbø. Oftast er det ikkje sel på ein støl, men det var sjølv sagt ein veleigna stad for mjølking, jfr. Grønfjellstølen på Floli, som er samansett av grøn adj. og fjellstøl m.

Støl blir altså brukt om ein stad der ein stølar, dvs. mjølkar kyrne. Jfr. Beito: "Tilfellelege eller skiftande mjølkeplassar er vel allstad det eldste. Men truleg har nok stølen vorte ein fast mjølkeplass anten i nærleiken av garden eller attmed selet lenger undan" (1949:90). Seter f. (og n.) (s. 83) er derimot brukt om meir permanente stølar med sel og kringliggjande setrevollar.

støyte n., jfr. gno. steytr m. og steyta vb.

Usamansett 1 g., samansett 1 g.

/"ståyte/-/"ståyte/-

Som appellativ er ikkje støyte nytta lenger, og det var ingen av heimelsfolka som kunne seie kva ordet tyder.

Støytet er namn på ein foss i Storelva (Midtun/Henriksbø). På Henriksbøsida syner framleis murane etter kvernhuset som stod her. Brustøytet på Undertun er i dag namn på elva i Undertundalen frå Troppene og eit stykke nedover mot merket med Henriksbø. Iflg. heimelmannen skal her ha stått "fleire kvernhus" fram gjennom tidene, men det einaste som framleis syner ligg heilt opp med Troppene. Her er det inga bru over elva, men lenger nede i elva står framleis bruа som vart nytta for å komme over elva og bort i Setråsen.

Det synest såleis klart at eit støyte har noko med eit fossefall å gjere. Skulebarnoppskriftene seier då også at Brustøytet er "ein liten foss". I Masfjorden er kvernestøyte brukt om eit "fossefall so er høgt nok til aa drive ei kvern" (NO Film). Støyte kan ha vore brukt i same tyding som kvernestøyte i Masfjorden, men det kan også tenkjast at ordet har hatt ei meir generell tyding, t.d. ein foss eller eit fossefall.

sund n., gno. sund n.

Samansett 4 gg.

/sond/-/'sonde/-/sond/-/'sonda/

Appellativet blir brukt om "smalt Farvand eller Indløb" (Aasen, 1873:773). Dei fire namna som er noterte, benoterer alle trøngt farvatn eller innsegling mellom ei øy og fastlandet.

Sund har truleg etymologisk samband med gno. sundr adv., "sund, ifrå einannan" (NSL:304).

svede f., gno. sviða f.

Usamansett 1 g.

/"svI:e/-/"svI:a/-/"svI:e/-/"svI:INe/

Svede blir brukt om eit avsvidd område, jfr. gno.

sviða f., "sviding, brenning; noko som er svidd el. brent" (Heggstad, 1975:424).

9 namn har Sve- /'svI:-/ som framlekk. Uttalen (tonelag 1) syner at dette ordet truleg er gno. \*svið f. og n., men altså med same tyding som svede. Som appellativ nyttar målføret i dag tostavingsordet.

sving m., jfr. ty. schwingen vb.

Samansett 1 g.

/'sving/-/'svinjIN/-/"svinga/-/"svingaNe/

Sving blir vanlegvis brukt om ein krok eller bøyg, serleg på veg. Kan også brukast om eit vegkryss, jfr. krok m. (s. 65). Sandalssvingen er ein slik krok med tre forgreiningar.

søking f., jfr. gno. søkja vb.

Usamansett 1 g.

/"sø:King/-/"sø:KinJa/-

Appellativet er framleis kjent i målføret. Ordet er knytt til fiske og tyder 'stad der ein dreg i land fiskenota'. Målføret brukar dessutan søkje vb. om det å 'dra til' ei not.

sát f., gno. sät f.

Usamansett 1 g., samansett 2gg.

/'sao:t/-/'sao:ta/-/"sao:te/-/"sao:t'ne/

Nytta om rundvorne haugar og fjellformasjonar. For dei to samansette namna kan ein ikkje vite om det er sát f.

eller den linne forma såte f. som ligg føre. Såte f. blir også brukt som appellativ, og det kan vere denne forma me har i Såtegjelet /"sao:tejI:le/ på Floli.

Den mest 'kjende' såta i kommunen er vel Brosviksåta, med fjernsyn- og radiosendar for eit stort omland.

såte f., gno. sáta f.


/"sao:te/-/"sao:ta/-/"sao:te/-/"sao:t'ne/  
Sjå sát f.

tange m., gno. tangi m.

Usamansett 2 gg., fri samansetjing 1 g.

/"taonje/-/"taonjIN/-/"taonga/-/"taongaNe/; sms. /"taonge-/-

Vanleg om ei landtunge som stikk ut i sjøen, men også om trekant- eller kileforma jordstykke, t.d. Tangen (Indre Midtun), som ligg mellom tre elvar.



Tange m. blir også brukt om det kileforma jernet som står inn i skaftet på ein kniv eller eit stemmejern.

Eitt av namna, Tangen (Fonnevika), er i dag bruksnamn. Jfr. kapitlet om gardsnamna.

tare m., gno. þari m.

Usamansett 1 g.

/"ta:re/-/"ta:r'n/-/"ta:ra/-/"ta:raNe/

Som terrengekarakteriserande appellativ blir tare brukt om grunnar der det veks tare, serleg bladtare (laminaria). Det vanlegaste er visst at taren (stoffet) kjem opp i vassytta på fjære sjø, men andre tarar er djupare, t.d. Taren,

ein 2-3 famnar djup, noko vid, grunne ut for Gytta i Nav-dalen (Eivindvik).

Sjå elles klakk m. (s. 60), skjer n. (s. 84) osv.

teig m., gno. teigr m.

Usamansett 3 gg., samansett 4 gg.

/taig/-/'taijIN/-/"taiga/-/"taigaNe/; sms. /"taig-/

Appellativisk brukt om eit avgrensa jordareal, både på inn- og utmark, t.d. slåtteteig, skogsteig osv. Alle sju namna denoterer innmarksteigar.

Aasen: "et begrendset Jordstykke, en Rude eller Quadrat i Ager, Eng el. Skov; saaledes ogsaa en Part i udskiftet Jord" (1873:804).

tjørehjell m.

Usamansett 2 gg.

/"Kø:rejeL:/-/"Kø:reje:L'N/-/"Kø:rejeL:a/-/"Kø:rejeL:aNe/

Tjørehjellen i Grønevika (Eivindvik) er ein haug i den gamle stigen nett ovanom husa på garden. Tjørehjellen i Tjuvvika (Eivindvik) er ei flat i dalen som fører opp frå garden.

Aasen skriv at tjørehjell er "et slags Tjæreovn, dannet som et Stillads over en liden Hule eller Grube" (1873:820). I Tjuvvika syner også murane etter eit slikt stillas. Namna er altså brukt sekundært om stader der det ein gong har stått 'tjøreomnar'.

Målføret kjenner dessutan hjell m. om 'hylle på veggen', men ordet er ikkje brukt om 'fjellhylle', ei vanleg tyding mange stader på Vestlandet (m.a. i Nordhordland).

tjørn f., gno. tjørn f.

Usamansett 1 g., samansett 12 gg.

/KøN:/ - /'KøN:a/-/"KøN:e/-/"Kø:'Ne/  
-/"KøN:a/-/"KøN:aNe/

Indrebø skriv at tjørn er det "vanlegaste ordet i heile landet for "liten innsjø" (-) um smaa still-staaande vatssamlingar i det heile, ikkje berre skogsjøar, men òg smaa fjellvatn og smaaputtar og smaavatn midt i bygdi" (1924:231ff.).

Dei fleste tjørnene er heller små. Tjørnene (Undertun) var ein stad der dei tidlegare tok torv, og han kan ha fått namnet sitt etter dei vasspyttane som ofte dannar seg i samband med torvskjering. I dag er Tjørnene berre ei våt torvmyr.

Mange av tjørnene er relasjonsnamn til det fjellet dei ligg på, t.d. Oksletjørna (Gryta), Sjofjellstjørna (Eivindvik), Sagefjellstjørna (Eivindvik) osv.

to f., gno. tō f.

Usamansett 1 g.

/to:/ - /'to:na/-/tø:/ - /'tø:'ne/

"Græsplet, liden Grønning imellem Klipper eller Krat (-); især om en smal Flade eller Afsats imellem Klipperne i en Bjergside" (Aasen, 1873:821).

Tørne /'tø:'ne/ (Midtun) er i dag namn på eit større fjellparti frå Skredfjellsdalen i sør og nordover mot Bjørndalen. I vestleg retning strekkjer Tørne seg fram mot Grøsskarklumpen og ned mot Brundstallstræet i Midtundalen.

Som appellativ er to på veg ut av målføret, men ein heimelsmann sette det i samband med ei (faste)skor eller ei hylle i fjellsida. Ordet blir lett blanda saman med tå(e) f. 'berrmark' (jfr. adj. tått n. 'snølaust') og det fylgjande grunnordet.

tod f., jfr. gno. taða f., obl. kas. tqðu

Usamansett 2 gg.

/tå:/ - /'tå:a/-/"tå:e/-/"tå:INe/; sms. /'tå:-/

Jfr. løe f., /"lø:e/ og /lø:/ (s. 69).

I gno. tydde taða f. 'gjødsla mark' (jfr. også gno. tað n. 'gjødsel'). I dag kjenner målføret tod f. eller tode f. /"tå:e/ om stad der det er gjødseltilsig - her veks det ofte opp todgras 'saftig gras'. Men tod blir også nytta om stader der buskapen samlar seg til mjølking - såleis er både Todene i Svaberget og Todene i Eivindvik gamle mjølkeplassar.

Det er sjølvsagt nær samanheng mellom dei to tydingane: på ein mjølkeplass gjekk kyrne og toda 'gjødsla', og la dermed sjølve grunnlaget for namnet!

tre n., gno. tré n.

Samansett 1 g.

/trI:/ - /'trI:e/-/trI:/ - /'trI:a/  
/tre:/ - /'tre:e/-/tre:/ - /'tre:a/

Berre notert i Tjukketreet /"Kok:etrI:e/, ei "uvanleg stor og fin bøk" på Undertun (sitat frå skulebarnoppskriftene).

Jfr. apal m. (s. 34), runn m. (s. 156) osv.

tropp f., jfr. mnt. trappe f.

Usamansett 2 gg.

/tråp:/ - /'tråp:a/-/"tråp:e/-/"tråp:INe/; sms. /"tråp:e/-/

Troppene (Undertun og Svaberget) er begge stader oppmura steintropper i stigar i utmarka.

Ein finn slike tropper mange andre stader i bygda også. Særleg i fjellvegane var det vanleg å leggje ned troppesteg av stein for lettare å komme opp. Leinvegen (Henriksbø), Hansslættevegen (Midtun) og Tønivegen (Midtun) er døme på

slige fjellvegar med opplagde steintropper. Jfr. elles Troppebeget (Midtun), som også hadde oppmura troppesteg.

træ n., jfr. gno. troð f.

Usamansett 1 g., samansett 7 gg., fri samansetjing 1 g.  
/tre:/-'tre:e/-/tre:/-'tre:a/; sms. /'tres:/-

Eit træ var vel alltid inngjerdt, men i dag er stort sett berre namna igjen. Somme stader syner framleis delar av gjerda, andre stader murane etter ei høyløe.

4 av 9 træ er å finne på eller nær heimebøen, medan dei 5 andre ligg til dels langt frå gardane.

Træ n. er avleiing til rota i gno. troð f. Ordet har såleis samanheng med gno. troða vb. 'trø, trakke'.

tue f., gno. þúfa f.

Usamansett 1 g., samansett 1 g.  
/''tu:e/-/"tu:a/-/"tu:e/-/"tu:INe/; sms. /'tu:/-/

Aasen: "---- en liden Top paa Jorden" (1873:849).

Tuene (Henriksbø) er i dag dyrka, men var tidlegare eit småtuete område på innmarka. Eit vanskelegare namn å forklare er Liktua på Gryta. No blir namnet brukt om vegen (reina) frå Grytekroken og oppover, men har nok tidlegare vore namn på ei tue attmed vegen, jfr. skulebarnoppskriftene: "Liktua (ei tue ved vegen)". Eg skal ikkje prøve å forklare namnet, men berre peike på at liknande namn finn ein mange stader, og då ofte på faste kvilestader i samband med likferd. At det kunne vere mykje overtru hos folk i samband med døden, syner t.d. Likberget i Eivindvik (sjå s.119 ).

tuft f., gno. tuft f. (=tuft f.), jfr. topt f.

Usamansett 1 g., samansett 6 gg.  
/toft/-/'tofta/-/"tofte/-/"toft'ne/

Ei tuft er ein stad der det har stått ein bygning;

no syner berre murane og knapt nok det. I dag har tomt m. teke over som appellativ, men samtidig synest det også som om tydinga har skifta. Ein tomt er difor helst ein stad der eit hus står eller skal stå.

Samstundes synest det å vere tydingskilnad mellom mur m. (s. 71) og tuft f. Medan mur oftast denoterer sjølve steinmuren, femner tuft også om det som er 'innafor' muren. Ein kan vel også seie at det er noko meir abstrakt over ei tuft enn det er over ein mur.

tun n., gno. tún n.

Samansett 4 gg.

/tu:n/-/'tu:ne/-/tu:n/-/'tu:na/

Som appellativ blir tun brukt om den opne plassen framfor eller mellom husa på ein gard (eit bruk) eller i eit villastrøk (privatbustader).

I stadnamn er ordet berre notert i dei to gardsnamna Undertun og Midtun (sjå s. 178ff.).

tå f., gno. tá f.

Samansett 1 g.

/tao:/-'tao:na/-/te:/-'te:'ne/

Som terrengkarakteriserande appellativ blir tå brukt om lange utskytande tangar på øyar og nes. Også brukt om framhald av nes (og øy) under vassyta. Tanken på lekamsdelen er kanskje noko sterkare til stades her enn for ein del andre opphavlege samanlikningsnamn, men ordet må likevel kunne reknast som eit lokalitetsappellativ.

ur f., gno. urð f.

Usamansett 1 g., samansett 19 gg.

/u:r/-/'u:ra/-/"u:ra/-/"u:raNe/

Vanlegvis brukt om større steinsamlingar, oftaast under fjell og bergskrentar eller nedst i eit gjel. At det kunne gå dramatisk føre seg når ei slik ur kom ned frå fjellet, vitnar Storura i Svaberget om. Ho kravde to menneskeliv då ho rasa ut frå Svabergbotnen i 1807 (BB:415).

Purkura på Gryta blir forklart med at ein eller annan ein gong miste eit lass med grisar på vegen nedafor ura, og at grisane rømde opp i ura.

Ura er notert 1 g. som namn på ein grunne (Undertun).

Ur blir då også brukt appellativisk om steinsamlingar på sjøbotnen.

vad n., gno. vad X n.


Usamansett 1 g., samansett 4 gg.

/va:/-'va:e/-/va:/-'va:a/

Grunn stad i ei elv der ein kan køyre eller vasste over.

Langevad er i dag namn på to langstreckte utvidingar (Heimste Langevad og Inste Langevad) av Storelva (Midtun/Henriksbø). Sjølve vadet låg i heimste enden av Heimste Langevad, og her kunne ein t.d. køyre over med hest. Det kan vel tenkjast at namnet opphavleg syner til denne vade-staden, for sjølv om elva ikkje er spesielt brei her, må vadet sjåast i forhold til andre vad i bygda, og då blir det forholdsvis breitt. Jfr. Rygh, som jamstiller gno. Langavað n. med "det hyppigere Breiðavað" (NGl2:230).

Men det kan vel også tenkjast at namnet viser til forma på elva her (jfr. ovafor). Store delar av Langevad er dessutan temmeleg grunt, slik at det også er mogeleg å vasste over fleire andre stader.



Hestevad ligg i Kvernhuselva på Indre Midtun. Vadet vart delvis skote vekk då dei bygde bru over elva.

varde m., gno. vardi m.

Usamansett 4 gg., samansett 6 gg.

/"va:re/-/"va:r'n/-/"va:ra/-/"va:raNe/; sms. /"va:re-/  
/"/va:r-/

Aasen: "--- Mærke af opreiste eller opstablede Stene; f. Ex. paa et Fjeld" (1873:900).

Berre ein del av vardane innafør området ber namn, og då gjerne slike som er synlege på lang lei. Men ein varde treng ikkje stå på eit høgt fjell. Varden i Mjåneset ligg 14 m o.h. på ein haug lengst vest på garden. Den 2 m høge varden står i øvre kant av ei gravrøys.

Alle dei 6 samansette namna er relasjonsnamn, t.d. Høgefjellsvarde (til Høgefjellet), Sagefjellsvarde (til Sagefjellet), Svabergvarde (til Svaberget eller Svabergfjellet) osv. Den sistnemnde varde blir på Undertun kalla Sørlivarden (til Sørlia i Undertundalen).

Varde m. høyrer til same rot som gno. varda vb. 'vakte, verje'. Jfr. vete m. (s. 105).

vatn n., gno. vatn n.

Usamansett 1 g., samansett 3 gg.

/'vat'n/-/'vatne/-/'vat'n/-/'vatna/; sms. /"vas:-/

Vatn blir ofta bruk om noko større vassamlingar, og det er vel difor at berre 4 namn er noterte med dette appellativet som grunnord. Jfr. tjørn f. (s. 98), som er notert 13 gg.

Svartervatnet er notert 2 gg. (Henriksbø og Eivindvik), og dette namnet er svært vanleg over heile landet. Det syner vanlegvis til vassamlingar med roleg, mørkt vatn.

veg m., gno. vegr m.

Samansett 10 gg.

/vai/-/'vaiIN/-/"vaia/-/"vaiaNe/; sms. /"vai-/  
-/"vaie/-/"vaiIne/

Som appellativ blir veg oftast nytta om køyreveg, men kan også brukast synonymt med stig m. (s. 90) eller rås f. (s. 81). I dei fleste innsamla namna syner veg til slike stigar eller råsevegar i utmarka, t.d. Kyrevegen (Svaberget), Buvegen (Floli), Geitevegen (Midtun), Trongevegen (Midtun) osv. Men nokre namn denoterer køyreveg, t.d. Dragevegen (Mjåneset, Eivindvik), Kjørslevegen (Eivindvik) og Ospevegen (Midtun).

vegskil n., jfr. gno. vegr m. og skil n.

Usamansett 1 g.

/"vaisjI:l/-/"vaisjI:le/-/"vaisjI:l/-/"vaisjI:la/

Appellativet er lite brukt - sving m. (s. 95), krok m. (s. 65) og det nyare (veg)kryss er vanlegare.

Vegskilet /"vaisjI:le/ (Gryta) er notert om ein stad der fjellvegen skil seg. Ein stig bøyer av opp Gudbrands-skaret, medan ein går vidare innover mot Grytevatnet.

veit f., gno. veit f.

Samansett 1 g.

/vait/-/'vaita/-/"vait/-/"vait'ne/

Veit blir brukt om "en Rende, en Grøft til Afledning af Vand; f. Ex. paa Siderne af en Vei" (1873:915). Det var ulike måtar å byggje ei veit på. Ei steinsett veit var fyllt av stein, medan ei kistesett veit var ein steinkanal dekt med jord. I dag nyttar ein stort sett sementrøyr i grøftene.

Om bakgrunnen til Svenskeveita på Henriksbø, sjå deld f. (s. 41).

verpe n., gno. verpi n.

Usamansett 1 g.

/"verpe/-/"verpe/-/"verpe/-/"verpa/; sms. /"verpe-/  
"/"verpIs-/

Aasen: "et bekvemt Sted til at udsætte Fiskevod (Laxe-vod)" (1873:925).

Hovda skriv at verpe er brukt langs havstranda frå Lindås i Nordhordland til grensa mot Romsdal, både som appellativ og i namn (1961:190). Han nemner også Verpeholmen i Gulen, og skriv at det er ein stad "der det er laksenot" (op.cit.:loc.cit.). Dette er truleg den same Verpeholmen som eg har notert ytst på Verpet (eit nes) på Floli. Heimelsmannen kan ikkje hugse at her har vore lakseverpe, men den tid det vart kasta etter sild og makrell på Flolivågen, volla (turka) dei nøtene på Verpeholmen. Hovda seier ikkje noko om der stod (eller hadde stått) gildre (gilje) på staden; heimelsmannen min (72 år) kan ikkje hugse noko slikt stillas. Verpe er elles notert som framlekk i Verpesvika og Verpesvikneset i Fonna, som også skal ha samband med lakseverpe.

vete m., gno. viti m.

Usamansett 1 g.

/"vI:te/-/"vI:t'n/-/"vI:ta/-/"vI:taNe/

Knapt brukt som appellativ lenger. Jfr. Aasen: "Baun, Varde; Bjergtop hvor man fordum holdt Vagt i Krigstider" (1873:940).

Veten er ein varde som ligg om lag midtliks i ein bergrane i Svaberget. Der skal finnast to andre veterar rundt Gulafjorden (i Austgulfjorden og i Eidsfjorden), og iflg. heimelsmannen skal desse vere synlege frå Veten i Svaberget. At slike namn lett kan setje tankane i sving, syner eit innlegg av H.B. Flolid i Gula Tidend frå 1919: "Vetar stend kring Gulafjorden, ein yver Svaberget, ein på Høyvikfjell, ein på Neverdalsfjell, ein på Stemnebøfjell. Etter dette kan ein vera trygg på kvar tingstaden er" (I. Kleiva: "Gula-tingstaden" i Frå Fjon til Fusa 1967:192).

vik f., gno. vík f.

Usamansett 2 gg., samansett 49 gg.

/vi:k/-/'vi:Ka/-/"vi:ka/-/"vi:kaNe/; sms. /"vi:ke-/  
/"/vi:k-/

Appellativet blir brukt om "Bugt, Indbøining i Strandbredden" (Aasen, 1873:931). Kan også femne om landområdet ovafor eller innafor sjølve vika, t.d. Leirvika på Undertun.

Eg skal nemne eit par namn som det knyter seg litt interessante historier til, som t.d. Mottevika /"må:t:evi:Ka/ i Eivindvik. Ein mann kjøpte ein gong nokre saltbuer i Bergen og frakta dei hit. Her saga han dei opp og selde veden. Han 'reklamerte' med at saltet hadde gjort veden svært så bra, men at det likevel kanskje var så som så med kvaliteten, syner vel det 'nye' namnet på vika ganske tydeleg.

Badhusvika (Eivindvik) var namn på den vika der slippane til Eivindvik Slipp og Mekaniske Verkstad no ligg. Her var det tidlegare ei fin badevik, så fin var ho at her også stod eit badehus, som dei brukte når dei kledde seg om. Jfr. Bad(e)huset /'ba:hu:se/, /"ba:d(e)hu:se/ og Badhusberget /"ba:d(h)usberje/. Både huset, berget og mesteparten av vika er i dag vekke.

Om Eivindvik, sjå kapitlet om gardsnamna (s.178ff).

vin f. (gno.), 'beite, naturleg eng'

Sjå gardsnamnet Gryta (s.183).

voll m., gno. vøllr m.

Usamansett 2 gg., samansett 6 gg.

/våL:/-'vå:L'N/-/"våL:a/-/"våL:aNe/; sms. /"våL:-/  
-/'vå:'L/-

Ein voll er ein flat, turr graskledd bakke både i inn- og utmark. Jfr. Aasen: "Græsplan, Engslette, Jord med jævn og fast Græsbund" (1873:942).

Skagervollen /'ska:gervå:L'N/ er ein fast, god bakke i Henriksbødalen, som ofte vart brukt til mjølkeplass. Kva for ord som løyner seg i framlekken, er ikkje godt å seie.

Vollen ligg på ei øyr attmed elva, og difor er det freistande å setje namnet i samband med skag n., som målføret kjenner om eit noko høgt, framstikkande nes. Korkje Ross eller Aasen fører opp skager adj., men ordet er brukt andre stader i tydingane "dårleg, låk" (Snåsa), "mager, lite" (Trondenes) og "dårleg, veikt o.l." (Hattfjelldal) (NO Film). Men Norsk Riksmålsordbok nemner også ordet, og skriv: "dial., adj., (om nes ell. lign.) fremspringende; fremskytende" (1947:1581). Kvar dette verket har ordet frå, står det ikkje noko om, men tydinga høver godt på Skagervollen på Henriksbø.

våg m., gno. vågr m.

Samansett 3 gg.

/vao:g/-/'vao:jIN/-/"vao:ga/-/"vao:gaNe/; sms. /"vao:ge-/

Appellativisk brukt om bukter av ulik storleik, men ofte om ei noko vid og langvoren innskjerings i landskapet.

Ved den største, Midtunvågen, ligg det i alt 5 matrikkelgardar (dersom ein reknar med Pøyla, som er inste delen av vågen). Det som er verd å merkje seg, er at dei to Midtungardane, som har gjeve namn til vågen, ikkje grensar direkte til sjøen (vågen), medan dei tre andre gardane (Gryta, Henriksbø og Undertun) gjer det. Difor meiner ein då også at vågen må ha hatt eit eldre namn (Ludvig Holm-Olsen: "Gulating" i Frå Fjon til Fusa 1966:20).

Sjå elles kapitlet om gardsnamna (s.178ff).


øy f., gno. ey f.

Usamansett 1 g., samansett 6 gg.

/åy/-/'åyna/-/"åya/-/"åyaNe/; sms. /"åyne-/

Jfr. NSL: "kringfløynt land" (1976:353). Dette er den vanlegaste appellativiske bruken, men 3 av 7 namn denoterer det me kan kalle 'halvøy'. Guløyna på Floli og Øyna i Fonna er knytte til fastlandet med lāge, smale eid, medan Litløyna på Floli heng saman med Guløyna med eit noko lengre og høgre 'eid' (m.a. Tobbemyra), og har nok fått namnet sitt i høve

til denne.



øyr f., gno. eyrr f.

Usamansett 3 gg.

/'åyr/-/'åyra/-/"åyra/-/"åyraNe/; sms. /"åyre-/

"Sandbanke, Slette eller Flade som strækker sig noget ud i Vandet, især paa Siden af en Elvemunding" (Aasen, 1873: 964).

Dei 3 namna syner alle til flater attmed elva, og det er då også vanleg at ei elv lagar øyrar ved å leggje frå seg grus (aur) på sidene. Øyrevollen på Henriksbø ligg derimot i nærleiken av ein elveos (Storelva), men den strekkjer seg ikkje noko særleg ut i vatnet (sjøen).

å f.?, sjå Uklåre namn (s.158 ff.).

åker m., gno. akr (ákr) m.

Samansett 24 gg.

'aok:er/-/'aok:er'n/-/"aokra/-/"aokraNe/  
'aok'r/-/'aokr'n/-

Dei fleste åkrane er i dag lagde att til grasproduksjon. Men før kunne dei bruke same åkeren i årevise, og difor knytte det seg lett eit namn til staden. Dette namnet levde ofte vidare etter at åkeren forsvann, men at mange åker-namn likevel er borte, syner ei rask oppteljing av dei 'synlege' åkrane i skulebarnoppskriftene (om lag 30 'gløymde' namn).

ås m., gno. áss m.

Usamansett 3 gg., samansett 4 gg., fri samansetjing 2 gg.  
/ao:s/-/'ao:s'n/-/"ao:sa/-/"ao:saNe/; sms. /"ao:s-/

"Bjergryg, langstrakt Bjerg, lang Forhøining af betyde-ligt Omfang" (Aasen, 1873:34).

Ein ås har ofte ei noko rundvoren form, og er dessutan stort sett mindre enn eit fjell n. (s.44). Det gjer då også at eit fjell meir sjeldan er tilvakse med skog, medan ein ås ofte er skogkledd.

2. GRUNNORDLAUSE NAMN

a) Jamføringsord

benk m., jfr. ty. Bank f., pl. Bänke  
Samansett 1 g.  
/benk/-/'benKIN/-/"benKe/-/"benKINe/

Brurabenken /"bru:rabenKIn/ er eit kvile i Leinvegen på Henriksbø. Jfr. også Bruresteinen, eit kvile i Dykkreihola i Eivindvik.

Som appellativ har brudebenk vore brukt (m.a. i Hardanger) om "kvilestein til å sitja på for bruda på kyrkjevegen: brudebenker dvs. faste kvile for brudene" (NO 1:955). Men i dei to namna er vel framleiken brure/-a heller meint rosande - den framhevar stadane (kvila) på ein positiv måte.

bjore m., gno. bjórr m.  
Usamansett 1 g.  
/"bjo:re/-/"bjo:r'n/-/"bjo:ra/-/"bjo:raNe/

Bjoren er namn på øvste delen av gjelet som går oppover fjellsida mellom Svinåna og Loddefotberget på Midtun. Ein bjore kan m.a. vere eit "kile- el. tungeforma stykke, serl overstykke i bjoresko" (NO 1:644). Heimelsmannen kjende ikkje denne tydinga, men at appellativet har vore brukt i målføret, vitnar truleg Bjorøyna om (gardsnr. 84). A. Kjær set dette namnet i samband med gno. bjórr m. 'kile, kileforma stykke', og syner då til forma på øya (NG XII:28). Heimelsmannen meinte at ei slik samanlikning godt kunne vere mogeleg for Bjoren også.

Men ein kan også tenkje seg ei litt anna forklaring. Målføret kjenner nemleg bjore m. (og bjoring m.) om øyremerke (halvrundt? skard) på sau, jfr. NO 1: "øyremerke (for sau) på skap som eit kileforma, halvrundt el firkanta skard" (op.cit.: loc.cit.). Når ein ser Bjoren nede frå dalen, ter den seg nemleg som eit hakk i fjellmåna. I alle høve er det nær samanheng mellom dei to tydingane av bjore.

bås m., gno. båss m.

Usamansett 1 g.

/ba:o:s/-/'ba:o:s'n/-/"ba:o:sa/-/"ba:o:saNe/

Båsen er ein gytt i fjellsida ovafor Mjåneset (Eivindvik). Vanleg som jamføringsord mange stader, men er også brukt som terrengekarakteriserande appellativ om stader der ein byggjer stenge til å fange villdyr i. Jfr. Røvabaosen i Ulvik (L. Heggstad, Stadnamn frå Voss:53) og Revebåsen på Losna (eiga innsamling 1979).

gavl m., gno gafl m.

Usamansett 2 gg.

/gavl/-/'gavl'n/-/"gavla/-/"gavlaNe/; sms. /"gavle-/

Jfr. Aasen: "Tværside, Tværfjel, Endefjel i en Kiste eller Kasse, B.Stift."(1873:212).

Gavlane er i dag namn på ein liten, låg åsrygg som strekkjer seg frå Taskebotnen og austover mot Svartevatnet (Eivindvik). Parallelt med denne ryggen går Giljane, Nordre Giljane på nordsida og Søre Giljane på sørsida. Opphavleg syner truleg Gavlane til dei bratte berga som går frå øvste åsmåna og ned mot Taskebotnen. Namngjevinga får då ein parallel i Gavlane i Oksebotnen (Tjuvvika, Eivindvik), som heimsmannen karakteriserte som 'enden' av botnen.

Eg har valt å føre opp gavl som jamføringsord, først og fremst fordi heimelsfolka nyttja ordet berre om 'båtgavl', 'gavl i ein stamp' o.l. Ingen brukte (eller kjende) gavl som terrengnemne. Jfr. elles Øygavlen /"åygavl'n/, nørdeste, loddrette fjellveggen på Losna (eiga innsamling 1979).

gryte f., gno. grýta f.

Samansett 1 g.

/"gry:te/-/"gry:ta/-/"gry:te/-/"gry:t'ne/

Kollgryta /"kålgrýta/ er eit lite skjer (klakk; stein) sør for Søre Furevika (Eivindvik). Heimelsfolka forklarte

namnet med at skjeret liknar ei /"kål:a/ (=kvelvd) gryte. Målføret nyttar i alle høve kolle vb. 'dette, ramle i vende', men som adj. er vel holvd /hålvd/ vel så mykje brukt som kolla /"kål:a/.

gyger f., gno. gýgr f.

Usamansett 1 g.

/'jyg:er/-/'jygra/-/"jygra/-/"jygraNe/; sms. /"jygre-/

Gygra på Undertun er eit trøgt gjel med ei lengre ur langs etter botnen. Iflg. heimelmannen har denne kloven samband med eit større gjel som går ned mot Nordgulfjorden på austsida av fjella. Dette gjelet blir også kalla Gygra (utt. /'jøgra/).

K. Bondevik skriv: "Formasjonar som kan samanliknast med andre kjende ting eller omgrep, kallar gjerne fram assosiasjonar. Gygraskori (m.a. i Sogn) er merke etter gyrefoten" (1975:133). Det er ikkje usannsynleg at det er ei liknande samanlikning som ligg til grunn for dei to aktuelle gygre-namna.

Heimelmannen hadde derimot ein litt annan versjon av korleis Gygra på Undertun hadde fått namnet sitt: "Når ein står på Gygrebakken og ser innover kloven, kan ein sjå at fjellet (stein o.l.) formar eit kvinnfolk (gygra). Om vinteren har ho brun trøye og grå dos (små blomar - ein slags bregne - som er grøne om sommaren). Den kvite mosen som ofte veks på stein formar kluten (hovudplagget)".

hav n., gno. haf n.

Samansett 1 g.

/ha:v/-/'ha:ve/-/ha:v/-/'ha:va/

Svabergosen (sjå s. 74) blir også kalla Svaberghavet. Samanlikninga går både på storleiken og på vêrtilhøva. Svaberghavet kan nemleg vere eit temmeleg vêrhardt sjøstykke i vestaroket.

hi n., gno. híð n.

Samansett 1 g.

/hi:/~-/'hi:e/-/hi:/-'hi:a/

Bjørn(s)hiet /"bjøN:(h)i:e/, /"bjønshi:e/ er ei trong hole eller klove i Flolifjellet beint opp for Stallen på Undertun. Det er lite truleg at bjørnen nokon gong har halde til i hola, så namnet har staden sikkert fått etter samanlikning med eit 'verkeleg' bjørnehi. Jfr. Norsk Allkunnebok: "Bjørnen har ból i jordhol, fjellklufte (mi understrekning), under tette tre el. buskar" (s. 186).

høystakk m., gno. \*heystakkr m.

Usamansett 1 g.

/"håystak:/-/"håystak:IN/-/"håystak:a/-/"håystak:aNe/

Høystakken er 'midtuningane' sitt namn på Kvitebergnova (658m), eit av dei høgste fjella i gamle Gulen kommune. Heimelsfolka meinte at fjellet kunne likne ein høystakk på avstand, men etter skulebarnoppskriftene ser det ut som om det er varden på Høystakken som kan ligge til grunn for samanlikninga, jfr. "Høystakken (ein varde)". Det som gjer det heile noko problematisk er at 'dingarane' (jfr. Dingja, gardsnr. 14), som nyttar det offisielle namnet Kvitebergnova, kallar for Høystakken eit flatt fjellparti om lag 300 m nord for Kvitebergnova (Høystakken). Ein heimemann meinte at dette namnet truleg vitna om ekstensivt haustingsbruk i fjern utmark, då det ikkje så langt unna står murar etter ei gammal utløe. Likevel er det noko merkeleg at to lokalitetar såpass nær kvarandre ber same namnet - trass i alle rimelege forklaringar.

korketrekkjar m.

Usamansett 1 g.

/"kårketreK:ar/-/"kårketreK:ar'n/-/"kårketreK:ara/-  
/"kårketreK:araNe/

Korketrekkjaren heitte vegn frå Bruna og opp til ban-

ken i Eivindvik. Det er ikkje så mange år sidan vegen vart retta ut og gjort breiare, men før det var han både smal og svingete. Det er vel mest truleg at vegen har vorte samanlikna seinveses med ein korketrekkejar, men det er også mogeleg at samanlikninga er gjord via Korketrekkeren, den kjende akebakken i Oslo.

kove m., gno. kofi m.

Usamansett 1 g.

/"kå:ve/-/"kå:vIN/-/"kå:va/-/"kå:vaNe/; sms. /"kå:ve-/

"Guløikaaven, en liden, snever Plads op under en Ur" (A. Taranger: Paa Gulathing?, Morgenbladet 25/8 1893). "På vestsida er ei lita vik, Gullakåven, som i eldre tid var fast samlingsstad for kyrkjebåtane frå Eidsfjorden og Gulafjorden når dei rodde heim" (BB 1:398).

Ovanemnde sitat kan tyde på at det har vore usemje om namnet på den vesle vika på vestsida av Guløyna på Floli, men i dag blir staden berre kalla Koven. Det er ei trong vik, og det er bratt opp på alle kantar, så samanlikninga med ein kove høver godt, jfr. Aasen: "Kammer, lidet Værelse; især ved Siden af Indgangen til Stuen" (1873:384).

Koveneset (s. 72), Kovesløkja (s. 86) og Kovura (s. 102) er relasjonsnamn til Koven.

kringle f., gno. kringla f.

Usamansett 1 g.

/"kringle/-/"kringla/-/"kringle/-/"kringl'ne/

Ordet tyder 'krins, ring', og er vanleg i stadnamn om noko rundvore i eller ved lendet.

Kringla er namn på ein bakke med småhaugar på Ytre Midtun.

munn m., gno. munnr m.

Samansett 1 g.

/moN:/ - /'mU:'n/- /"moN:a/- /"moN:aNe/

Dalsmunnen /'dalsmU:'n/ er eit lite søkk i terrenget ovafor husa på Henriksbø. Vegen fram i dalen startar rett heimafor denne sløkja. Når ein er komen gjennom, flatar landskapet ut, og vegen held fram inn i dalen.

Munn er under noko tvil rekna som samanlikningsord.

Eg har ikkje høyrt korkje munn eller dalsmunn brukt som terrengnemne, og heimelsfolka forklarte namnet med at det var mundingen /"mondinjIN/ på dalen. Det er då også dette siste appellativet (munning) som er mest vanleg i målføret om inngangen eller opningen til ein fjord, dal o.l.

okse m., gno. uxi (og oxi) m.

Samansett 1 g.

/"okse/- /"oks'n/- /"oksa/- /"oksaNe/

Frå gardane på Floli ter Kvitoksen seg som ein liten, kvit flekk i fjellsida. Om det er ei spesiell hending som ligg bak namngjevinga, veit ingen i dag, men på god avstand kan det lyse fjellet (berget) også likne ein kvit okse.

omn m., gno. ofn m.

Usamansett 2 gg.

/åmn/- /'åm'n/- /"åmna/- /"åmnaNe/

'å:m'n/-

Omnane er notert 2 gg. i Tjuvvika (Eivindvik) om høge berghamrar med gluvrer i. Truleg er det snakk om beinveges samanlikning, men omn har også vore brukt appellativisk om fast fangstreiskap, t.d. for rev. Jfr. bås m. (s. 111 ).

rot f., gno. röt f.

Usamansett 1 g.

/ro:t/-/'ro:ta/-/'rø:te/-/'rø:t'ne/; sms. /"ro:te-/

Rota er eit lite, avgrensa område (avsats, hammar) eit lite stykke opp i lia på Undertunsida av Flolifjellet. Bakgrunnen for namnet er vel noko usikker, men truleg syner det til 'nedste delen' av fjellet, jfr. NRO: "sj. nederste og innerste del (grunnen) av fjell" (1947:1203ff.).

rumpe f., jfr. nisl. rumpr m. og sv. rumpa f.

Samansett 1 g.

/"rompe/-/"rompa/-/"rompe/-/"rompIne/

/"råmpe/-/"råmpa/-/"råmpe/-/"råmpIne/

Sandrumpa /"sandrompa/ er namn på eit sandfullt stykke bø på Henriksbø.

Rumpe f. er vanleg fleire stader om lange og smale terrengformasjonar, t.d. engstykke, åkerlappar osv.

sal m., gno. sođull m.

Usamansett 1 g.

/sa:l/-/'sa:l'n/-/"sa:la/-/"sa:laNe/

Salen heiter eit mindre område (ein bakke) på Ytre Midtun. I 1906 vart dette jordstykket teke frå til kårmannen på bruk nr. 1, og i utskiftingspapira fekk det namnet Nesttun. Dette namnet er neppe i bruk i dag, men det 'opp-havlege' namnet er framleis nytta.

Sal m. finst i ein del gardsnamn i Noreg, og syner vanlegvis til "sadelformede Indsænkninger i eller mellom Høider" (O. Rygh: NG. Indl.:81). Salen på Ytre Midtun skal også ha fått namnet av di staden har forma til ein sal.

skåp n., jfr. mno. skap n. (skáp n.)

Usamansett 1 g.

/skao:p/-/'skao:pe/-/skao:p/-/'skao:pa/

Skåpet er gjelet mellom Husefjellet (Hegrefjellet) og Sjofjellet i Navdalen (Eivindvik). Heimelsmannen meinte at samanlikningsgrunnlaget kunne vere eit kråskap - den vinkel-forma kloven går nemleg bratt oppover fjellsida.

stikke f., gno. stikka (stika) f.

Usamansett 1 g.

/"stik:e/-/"stik:a/-/"stik:e/-/"stik:INe/

Stikka på Sagefjellet (Tjuvvika, Eivindvik) er namn på ein kvass, meter-høg stein som er sett ned i ei gluvre. Appellativet blir brukt om ein 'pinne' eller ein 'kjøpp', og det skal altså vere forma på steinen som ligg attom namngjevinga. Men stikke er også nytta som terrengnemne om merkestein, og til ein slik brukte dei gjerne ein lang, kvass stein som denne på Sagefjellet. Det som gjer ein litt mistenksam er at Stikka ligg i nærleiken av grensa mellom Tjuvvika og Dingja. Likevel meinte heimelsmannen at Stikka truleg ikkje kan vere nokon merkestein - særleg fordi at det er eit ganske nytt namn.

stol m., gno. stóll m.

Samansett 2 gg.

/sto:l/-/'sto:l'n/-/"sto:la/-/"sto:laNe/

Preikestolen /'praikesto:l'n/ er ein flat stein oppe på Hansslættet på Midtun. Nede frå dalen ser ein Preikestolen som ein klart avgrensa, noko framstikkande fjellformasjon øvst i himmelsynet. I dag vil vel appellativet helst bli uttala med tonem 2, men tonem 1 er brukt i Brekke (jfr. Takle:151) og på Losna (/"sY:re 'praikesto:l'n/ og /"no:re 'praikesto:l'n/, eiga innsamling 1979).

Hundstolen /"hon(d)sto:l'n/ er namn på ei lita flat

oppå ein hammar heime på bøen i Tjuvvika (Eivindvik). Her pla gardshunden sitje (og gøy?) når det kom folk til gards.

stove f., gno. stofa f.

Samansett 1 g.

/"stå:ve/-/"stå:va/-/"stå:ve/-/"stå:vINe/  
/"steu:e/-/"steu:a/-/"steu:e/-/"steu:INe/

Lusestova /"lu:sesteu:a/ i Henriksbødalen er namn på ei hole (eit søkk) der det ligg ein stor stein. Namnet kan ha vore brukt om denne steinen, jfr. skulebarnoppskriftene: "Lusestova (ein stor stein)", men i dag er det hola som ber namnet. Kyrne sokte ofte livd /i "lu:sesteu:INe/ i ruskever - her kunne dei dessutan 'gøyme seg vekk' både for folk og dyr.

Framlekken kan vere forkorting (ellipse) for lusegras (høyrer til kråkefot- arten), som vart brukt som middel mot lus. Det er kanskje vanskelegare å setje namnet i direkte samband med lus f. (evt. avlusing) - derimot kan namnet tyde noko slikt som 'den vesle stova', jfr. gno. Lúsakaupangr m., utnamn på Kaupanger i Sogn. Jfr. også Aasen: "lusutt, adj. (-) gnieragtig, yderst smaalig" (1873:463).

tryne n., gno. trýni n.

Usamansett 1 g., samansett 1 g.

/"try:ne/-/"try:ne/-/"try:ne/-/"try:na/

Jfr. Aasen: "Tryne, Snude (paa Svin)" (1873:840).

Håtrynet /'hao:try:ne/ er eit mindre jordstykke på Henriksbø som smalnar til i ein spiss. Framlekken i namnet er hå f. 'etterslått'.

Trynet (Floli) er eit lite, spisst nes på austsida av Guløyna.

Jfr. rane m. (s. 77 ).

b) Oppkallingsnamn

Børsen var brukt som tilnamn på Hemingestova på Henriksbø; ein mann som budde her vart då også kalla 'Hans på Børsen'. Namnet var ei direkte oppkalling etter Børsen (kafé) i Bergen, og skulle då syne til (drikke-)gilda som ei tid visstnok fann stad i Hemingestova.

På Losna blir eit kvile i fjellvegen kalla Børsen. Her går samanlikninga attende på appella-tivet børs m. "stad (lokale, hus) der meklarar, bankierar og kjøpmenn møtest for å avgjera (-) forretningar" (NO 1:1202) - truleg med sidetydinga 'stad der folk møtest (samlast) eller kviler for å snakke'.

Bergens Tidende blir br.nr. 8 og 11, Solvang (Eivindvik), også kalla. Dei to jordstykka vart skilde ut frå br. nr. 4 kring 1900, og kjøparen, lensmann Breidvik, sette opp gilde hus på eigedommen. Kring 1950 vart eigedommen sold til A/S Bergens Tidende og J.W. Eides Boktrykkeri i Bergen, og han blir no nytta til feriebustad. Sjå 'Litterære bustadnamn' (s. 121).

Nordnes blir i dag neset nedafor (vestafor) kyrkja i Eivindvik kalla. Det er eit etter måten nytt namn, mest truleg er det direkte oppkalling etter Nordnes i Bergen.

Grunnen til at staden har fått 'nytt' namn er også klar. Tidlegare vart nemleg neset (eller kan-skje berre eit svaberg nede med sjøen?) kalla Likberget. Dette siste namnet viser til skikken om at lik, som skulle førast til kyrkje, ikkje vart teke ombord eller på land frå vanlege landings-plassar, men frå ei eiga 'likstø' eller eit eige 'likberg' attmed den vanlege støa. Jfr. Kyrkje-

støberget på Floli, som er eit slikt 'likberg' nær nauststøa på garden. Jfr. elles Liktua (s. 100 ) på Gryta.

I dag er Likberget eit namn som dei fleste i bygda kjenner, men som ikkje er i vanleg bruk.

- c) Namn med terrengekarakteriserande appellativ som ikkje namngjev den aktuelle lokaliteten

Fram på Støytet /'fram: pao "ståyte/ er området i og ved sida av vegen ovafor Støytet (s. 94 ) på Henriksbøsida av Storelva.

Mellan Klettane /"mylja "klet:ane/ namngjev området mellom Barlindekletten (Fremste Kletten) og Kletten (Heimste Kletten) på Midtun. Jfr. Klettelva (s. 43 ), som renn gjennom her.

Opp med Øvste Røysa /'op: me "øfste 'råysa/ og

Opp med Nedste Røysa /'op: me "neste 'råysa/ nemner jorda (bakken, enga) kring og i nærleiken av Øvste Røysa og Nedste Røysa på Gryta (s. 81 ).

Opp på Grøsskaret /'op: pao "grøska:re/ heiter flata når ein er kommen opp Grøsskaret (s. 51 ) på Henriksbø.

Utom Martemuren /"u:tom "martemu:r'n/ er ein teig utafor Martemuren (s. 184 ) på Gryta.

d) Litterære bustadnamn

Her er teke med namn utan terrengkarakteriserande funksjon, det vil seie litterære eller estetiske namn som er i dagleg bruk i bygda, men som altså innehold grunnord som ikkje er brukt terrengkarakteriserande.

Lindelid /"lindeli:/ (Eivindvik)

Solvang /so:lvang/ (Eivindvik), jfr. Bergens Tidende (s. 119 )

Nygård /'ny:gå:r/ (Henriksbø)

Fagerbakke(n) /'fa:gerbaK:IN/ (Fonnevika)

e) Andre grunnordlause namn

gastgjevar m., jfr. ty. Gastgeber m.

Usamansett 1 g.

/'gasjI:var/-/'gasjI:var'n/-

Gastgjevaren /'gasjI:var'n/ heiter ei oppkomme i ei gluvre (svart hole) i fjellet 3-4 m over flomålet midt på kvassaste Søre Espevikneset (Eivindvik). Her skulle vere så godt drikkevatn at gastgjevaren (gjestgjevaren) måtte opp hit for å leske seg når han vart skyssa gjennom sundet.

Gastgjevaren kan vere eit elliptisk namn, t.d. frå eit opphavleg \*Gastgjevarhola e.l.

rekjespade m.

Usamansett 1 g.

/"reK:espa:/-'reK:espa:'n/-

Jfr. Aasen: "Redskab hvormed man strækker og renser Læder" (1873:595). Iflg. NO Film har denne reiskapen omtrent form som ein vanleg spade, og det høver også med definisjonen i NRO: "verktøi med jernegg og langt bøileformet skaft, brukt til å strekke ut skinn og rense (skrape) det på kjøttsiden" (1947:1047).

Rekkjespaden /"reK:espa:'n/ er namn på ei reine nedom husa på br.nr. 5 på Henriksbø. Det kan vere eit elliptisk namn, for Per Fett: Førhistoriske minne i Sogn. Gulen Herad nemner eit funn i Rekkjesporeina 25 m NV for stova på br.nr. 5 (Historisk Museum, Universitetet i Bergen, 1978).

Korleis rekkjespaden har gjeve namn til staden, veit ingen i dag.

ålfangar m.

Usamansett l g.

-/"ao:lfangar'n/-

Alfangaren heiter ei 'krå' i fjøra på Undertun (br.nr. 2) der ungane fanga ål tidlegare.

Alfangar m. er vel eit slags nomen agentis. Eit nomen agentis skal pr. definisjon vere aktivt, det vil seie nemne person eller levande vesen, og difor ligg nok ålfangar m. på grensa til denne namnetypen.

### NOKO OM USAMANSETTE NAMN

Som usamansette namn blir her rekna grunnord som står åleine og grunnordlause namn utan utmerkingslekk.

Av eit materiale på om lag 1320 namn er 302 usamansette (23%, dvs. om lag 1:4). 232 namn står i b. form sg. (77%), 70 (23%) i b. form pl. Dei mest frekvente namna i sg. er Haugen (10gg.), Gjerdet (7gg.), Lia (7gg.), Rusta (7gg.), Myra (7gg.) og Geila (6gg.). Av usamansette namn i pl. finn ein oftast Bakkane (6gg.), Haugane (4gg.), Holmane (4gg.), Kleivane (4gg.), Myrane (3gg.) og Reinene (3gg.).

Det er vanskeleg å setje opp eksakte reglar for når ein nyttar usamansette stadnamn og når ein nyttar samansette. Indrebø tek utgangspunkt i ein hovudregel: når eit grunnord åleine tydeleg merkjer ut staden, blir det brukt usamansett (1921:150). Ut frå denne regelen kan ein komme fram til visse namnlagingsprinsipp.

- a) Grunnord som sjeldan er nyttet i stadnamn, vert helst nyttet usamansett.

Denne regelen gjeld m.a. for ord som er vanleg som appellativ i målføret, men lite brukt i stadnamn. Slike namn fører vanlegvis/ikkje til samanblanding, fordi dei er så sjeldan brukte.

Døme: dags(e)verk n., deld f., flede f., inngjerdslsle f., jord(s)kjellar m., kamb m., lund m., oksl f., older f., oppkomme f., osp f., plantefelt n., poll m., pøyle f., rabb m., rås f., spong f., stake m., stikke f., tare m., tropp f., vegskil n.

Grunnord som er sjeldne eller beint fram ukjende i målføret, er også gjerne usamansette. Kvisla (Indre Midtun), Gjoten (Gryta), Sendingen (Ytre Midtun) var uskjønelege namn for heimelsfolka. Namn som Dyngja (Fonna), Grupa (Fonnevika) og Ilaget (Svaberget) kjenner eldre folk tydinga av, men dei nyttar ikkje grunnordet som appellativ.

. Andre døme: dytting f., dæle f.(m?), lein f., lægd f., to f.

Indrebø nemner at stadnamn som har antikverte eller uregelrette former, ofte er usamansette namn. Dette gjeld m.a. nøytrumsord med uregelrette pl.-former i stadnamn. Slike får fem. pl.-ending, og står då jamnast usamansett.

Eg har funne to døme på namn med slike uregelrette pl.-former. Men både Bergane (Midtun) og Giljane (Eivindvik) er former som også er nedskrivne i samansette namn (Blåbergane i Svaberget og Søre og Nordre Giljane i Eivindvik). Sjølv om dei to siste namna frå Eivindvik truleg er av nyare dato, har me for få døme til å kunne fastsetje nokon regel.

b) Når staden som får namn, står i eit eller anna særhøve til den som gjev namnet, er namnet oftare enn elles eit usamansett grunnord.

Denne regelen gjeld når den namngjevne lokaliteten er den nærmaste av sitt slag. Ingen av dei som bur i Svaberget vil vere i tvil om kvar Elva renn. Men for folk frå andre gardar gjev eit slikt namn andre assosisjonar, t.d. om deira eiga elv.

Denne namnetypen finst nær heimehusa på alle tun eller i kvar grend. Brukarkrinsen er som regel liten, og namna er ofte vanskelege å få tak i, fordi heimelsfolka ikkje reknar dei som 'eigentlege' namn.

Regelen gjeld også når staden som har fått namn, er den einaste av sitt slag i området. Staden vil då ofte også vere den nærmaste.

Døme: Kleiva (på fleire gardar), Vadet (Tjuvvika), Gjerdet (fleire gardar), Geila (fleire gardar) osv.

Det største av sitt slag på garden eller i grenda, eller den formasjonen som namngjevaren oftast ser, har gjerne eit usamansett namn. Mellom Løypingåsen og Høgefjellet i Eivindvik ligg to dalar. Den største heiter berre Dalen. Den minste derimot heiter Klenedalen. I Undertundalen ligg to tronge passasjar ikkje så langt frå kvarandre. Den største blir kalla Klypet, den minste Littleklypet.

Alle namna under pkt. b) må reknast for 'lokal-namn'. Dersom dei skal brukast i ein større namnekrins, lyt dei få eit forklarande tillegg. Då får ein altså to namn på lokalitetet, eit usamansett for ein trong brukarkrins og eit samansett for ein vidare krins. Det er mange slike døme i materialet, her skal nemnast nokre få:

Botnen - Svabergbotnen; Lia - Grytelia; Klovane - Innbottklovane; Holten - Navdalsholten; Nova - Sjofjellsnova; osv.

c) Indrebø nemner ein tredje regel: "Grunnord som i stadnamn vert nytta med ei uvanleg eller overførd tyding, vert brukte usamansett" (1921:152).

Dersom me ser på jamføringsorda, som skulle komme inn under Indrebø sin definisjon av 'grunnord i uvanleg eller overførd tyding', viser det seg at vel halvparten (16 av 28 namn) er usamansette. Nokon regel er det difor vanskeleg å setje opp; ein kan berre merkje seg at medan tilhøvet mellom usamansette og samansette namn for heile namnematerialet er 1:4, er høvetalet for jamføringsorda 4:3.

## NOKO OM SAMANSETTE NAMN

Dei fleste samansette namn er bikomposita. Desse blir omtala i kapitlet om komposisjonsfugene (s. 169).

### a) Trikomposita

Eit namn med tre lekkar blir kalla trikompositum, t.d. Lykteskjervika, Ramnefjellsgjelet osv.

Namn som Bringebærura, Skomakarreina, Skinstødhammaren og Åburdvika blir rekna som bikomposita, fordi dei to lekkane i utmerkingsordet til saman utgjer ei semantisk eining. Namn av typen Nevedalosen og Follevågfloren blir også rekna som bikomposita, fordi dei innehold namn (Nevedal, gard nr. 71 i Gulen; Follevåg, etternamn til ein innflyttar) som er henta (og heimla) utafor vårt område.

I ei stilling for seg står namn med eit ihopvakse samansett gardsnamn i framlekken, t.d. Gryte (Gryta). Eit slikt gardsnamn blir her rekna for å innehalde ein lekk, fordi ingen i dag oppfattar namnet som tolekka.

For trikomposita har Indrebø sett opp denne lydlova: "Er fyrstedelen tvostava, vert midleden gjerne einstava; er fyrsteleden einstava, vert midleden når det er mogelegt gjord tvostava" (1921:176). Døme frå namnematerialet: Leitehaugmyra, Geitenesnaustet og Kvitokseskaret, Røyrbakkefjellet. Såleis misser ofte ein tostava mellomlekk 'normal' komposisjonsvokal dersom framlekken også er tostava: Langemyrkleiva (jfr. Myreløa), Furevikreset (jfr. Vikeneset) osv. Einstava ord i mellomlekken vert ofte ståande utan ending (jfr. Leitehaugmyra) eller med s-ending Geiteflorshaugen, Arefjellsbrekka osv.

Av regelen følgjer også at ein einstava mellomlekk kan få tillagd vellydsvokal (bindevokal) der framlekken også er einstava: Leirvikehammaren, Vassklettehola osv. Samstundes held altså tostavingsord i mellomlekk på den utlydande vokalen når framlekken er einstava (jfr. Røyrbakkefjellet).

Dette rytmeskjemaet blir langt frå konsekvent gjennomført. Bortimot halvparten av trikomposita har nemleg både ein-

stava framlekk og einstava mellomlekk. Her skal ikkje gjerast nokon fullstendig analyse av dei rytmiske tilhøva i trikomposita, men berre peikast på eit par punkt.

Når utmerkingslekken i eit trikompositum har einstavings tonelag, får ein gjerne mønsteret 1+1+grunnord: Lifjellsmyra /'li:fjelsmy:ra/, Gjelsurbakken /'jilsurbaK:IN/, Hors-setgjelet /'hårsetjI:le/ osv.

Dersom fram- og mellomlekk utgjer ei nærare semantisk og/eller lydmessig eining, blir rytmemønsteret ofte ikkje fylgt: Blåbærmyra, Kvernhuselva, Sjotræbakken /"sjotrebaK:In/, Kihuusvika /"Ki:usvi:Ka/ osv. Ofte er då "ljodmengdi i midleden (-) serleg liti, mest som ei ending" (op.cit.:178). Dette gjeld også når mellomlekken endar på konsonant, t.d. Kiurdalen /"Ki:urda:l'n/, men er vanleg når han sluttar på vokal, t.d. Sjøledgarden /"sjY:liGa:r'n/, Gangstaklubben /"gaongstaklob:In/ osv. Slike namn har mykje til felles med og nærmar seg ofte bikomposita (jfr. s. 90 ).

Elles har kjende namn (særleg gardsnamn) ein tendens til å stå ubrigda (evt. med s-fuge) i samansetjingar, t.d. Midtvågen, Flolifjellet, Svabergbotnen, Navdalsholten osv.

For seg står vel 20 trikomposita (knapt 10%) med laus samansetjing, dei fleste av typen adv. eller adj. + eit bikompositum. Desse får e-fuge både i fram- og mellomlekk, t.d. Heimre Mjølkesteinen, Søre Furevika osv.

#### b) Tetrakomposita

Det er berre notert 21 tetrakomposita. Av desse er 11 av typen adv. eller adj. + eit trikompositum, t.d. Nordre Soleibotnranen, Ytre Blåbergenden osv. 3 namn er preposisjonsuttrykk som Opp med Nedste Røysa o.l. Berre 7 namn er 'reine' tetrakomposita, t.d. Horssetgjelträet, Nysetdalkleiva, Setrelibotthaugen osv. Slike namn er tunge å uttale, og er vel heller lite i bruk. Dei kan også bli forkorta til elliptiske namn.

c) Ellipse

Ellipse er mest vanleg i namn med to lekkar, men som 'skulle hatt' tre, t.d. Kjerringelia (<<sup>\*</sup>Kjerringefjellia). Ofte kan begge formene bli brukte ved sida av kvarandre, t.d. Vassgjelet og Vassurgjelet.

Også framlekken i eit namn kan bli skoten ut for å gjere det lettare, t.d. Botnenaustet (naustet i Soleibotnen), Botneskorane (skorer i Svabergbotnen) osv.

## KVA NAMNA FORTEL (UTMERKINGSLEKKAR)

### Innleiing.

"Inndelingsprinsippet må vere det ein kan kalle namne-semanticikk. Ei ordsemantisk gruppering av utmerkingslekkar etter 'lægje', 'storleik', 'skap' og utsjånad', 'farge', 'jordkynde', 'voksterliv' og likn. kan ikkje gi eit 'sant' bilet av korleis samansette namn har kome til". Dette skriv Stene når han diskuterer underinndelinga av namnlekkar i stadnamn (1980:65).

Stene kritiserer slik "stivbeint klassifisering" som t.d. når Sandeviki, relasjonsnamn til gardsnamnet Sande, blir gruppert under 'jordkynde' (Hovda, 1944:51). Det gjeld å sjå namnet som ein heilskap, og då må ein ofte gå attende til sjølve namnelagingsprosessen for å få tak i det semantiske innhaldet i namnet.

Eg vel likevel å gruppere utmerkingslekkane etter tradisjonelt mønster, m.a. fordi ei slik inndeling etter mi mein ing vil gjere namnestokken lett tilgjengeleg, t.d. for folk i lokalsamfunnet eller med tanke på samanlikning med anna namnemateriale (t.d. hovudoppgåver). Dessutan er eitt av hovudmåla med dette kapitlet å kunne seie noko om namna som kultur- og naturhistoriske informantar. Då seier det seg sjølv at ein blir nøydd til å leggje stor vekt på den semantiske analysen av namna, og ikkje berre sjå på utmerkingslekkane. Difor blir også namn som berre er samansette av eit grunnord (og altså ikkje har utmerkingslekk), tekne med når det er naturleg for å kaste lys over/ supplere ei namnegruppe (t.d. er Sela, Stolen o.å. nemnde i samband med namn frå arbeidslivet (stølsdrifta) i bygda).

### 1. Relasjonsnamn.

Med relasjonsnamn meiner ein i denne oppgåva samansette namn som er gjevne i høve til andre namngjevne lokalitetar, t.d. Svabergbotnen (:Svaberget), Svartevasshamrane (:Svartevatnet) osv. Namn som er gjevne i høve til kjende, ikkje namngjevne lokalitetar, t.d. Øvre Bøen (Undertun), i motsett nad til 'bøen nede med husa', blir ikkje rekna med. Heller ikkje namn av typen Nyereina (:'eldre' reiner), Storehaukøyna (:Littlehaukøyna), Midfjellet (fjellet mellom Kjerringe-

fjellet og Sagefjellet), Brundstallstræet (:eit gløymt \*Brundstallen) osv. blir her rekna som relasjonsnamn, sjølv om også slike er laga til andre lokalitetar. Eit namn som Storehaugen (notert fleire gonger) er det heller ikkje alltid så enkelt å seie noko om: haugen kan ha fått namnet sitt fordi han er generelt stor - lendet omkring kan nemleg godt vere heilt flatt. Dersom definisjonen (av relasjonsnamn) skulle utvidast til også å femne om namn av typen Øvre Bœn osv., ville svært mange (kanskje mesteparten?) av namna som blir omtala seinare i dette kapitlet, måtte reknast som relasjonsnamn.

Det har vore vanleg å dele inn relasjonsnamna i ulike typar (jfr. Indrebø, 1921:156).

- a) Lokalitetten har fått namn etter det området han ligg innafor. Nokre døme frå vårt materiale:

Buvegsteinen ligg i Buvegen (Floli),  
Leinmyra på Leina (Henriksbø),  
Haukøytåna er ytste (vestre) pynten på Haukøyna (Fonnev.),  
Sjofjellsenden er inste (austre) enden av Sjofjellet (Navdalens, Eivindvik),  
Oksletjørna ligg på Oksla (fjellparti på Gryta) osv.

- b) Ein større lokalitet har fått namn etter ein mindre lokalitet innafor den store.

Blombakkefjellet (Eivindvik) har namnet sitt etter Blombakken, ein bakke oppe under sjølve fjellet,  
Ramsgrøholten (Henriksbø) heiter fjellet der Ramsgrø ligg,  
Ladberghaugen er høgda kalla der Ladberget ligg - osv.

- c) Lokalitetten har namn etter ein namngjeven lokalitet i nærleiken. Dette er kanskje den vanlegaste måten å lage relasjonsnamn på. Ofte kan det vere vanskeleg å skilje slike namn frå namn under pkt. a).

Kvilesteinmyra (Midtun) ligg utafor Kvilesteinen,  
Langevadsteinen (Midtun) ligg ved Langevad,  
Kiurdalen (Eivindvik) går frå Kiura og vestover Kyrkjeneset osv.

## 2. Lægje.

Ein vanleg måte å plassere ein lokalitet i høve til ein annan på er å bruke eit adverb eller eit adjektiv som utmerkingslekk. Oftast får ein då 'parnamn' av typen:

Nordre Soleibottranen : Søre Soleibottranen (Eivindvik),

Øvre Stallen : Nedre Stallen (Navdalens, Eivindvik),

Ytre Stigen : Midstigen : Indre Stigen (Floli),

Fremste Mjølkesteinen : Heimste Mjølkesteinen (Henr.),

Inste Langevad : Heimste Langevad (Midtun Henriksbø).

Heim adv. (t.d. 'heim i dalen') står altså her i motsetnad både til fram ('fram i dalen') og til inn ('inn i dalen').

Men ikkje begge namna treng ha utmerkingslekk:

Nedre Klypet : Klypet (Undertun),

Øvre Gjelet : Gjelet (Tjuvvika, Eivindvik),

Indre Tangen : Tangen (Fonnevika og Fonna) osv.

Eit namn kan også syne til himmelretning eller lægje utan å jamføre med andre namn, t.d.

Sørlia (2gg.) - liene på sørsida av Midtundalen og Undertundalen,

Instebotnen, inste enden av Undertundalen,

Fremste Træet, træet lengst framme i Henriksbødalen,

Øvre Bøen, bøen i øvre delen av garden (Undertun),

Utløa, murane etter ei gammal høyløe i utmarka (Svaberget) osv.

## 3. Alder.

Sju namn syner til alderen på lokaliteten. Nyebruna vart bygd over eit vad i Henriksbøelva (jfr. Vadhaugen like i nærleiken). Det kan tyde på at ny i dette namnet ikkje tek utgangspunkt i ei gammal bru. Nyereina (Eivindvik), vegstigning, vart bygd for 30 år sidan, og fekk vel namnet i høve til andre 'eldre' reiner i bygda (t.d. Prestereina). Nylendet og Nyåkeren på Ytre Midtun er gamle namn, og fortel om nyrydding og nytt tilskot til åkerdrifta. Nysetdalen (med relasjonsnamnet Nysetdalkleiva) på Midtun må vel sjåast i høve til 'gemesetra' inst i Midtundalen (jfr. Setreleitet, Oleselet, Jakobselet osv.). Nygård er br.nr. 4 på Henriks-

bø, og namnet siktar vel til det at bruket er 'nytt' i høve til andre bruk på garden (utskilt 1880).

Det er ikkje notert namn med gammal i framlekk der dette syner til alderen på lokaliteten.

#### 4. Storleik, form, utsjånad.

Det er få adjektiv som viser til storleik, men eit par av dei har høg frekvens. Såleis er stor notert om lag 40 gg., litl- vel 10 gg., små 3 gg. og klen og vesl- ein gong kvar. Det er altså tydeleg at det er det store som lettast knyter eit namn til seg.

Eg har funne berre to ordpar der stor er sett opp mot litlen:

Storehaukøyna : Littlehaukøyna (Fonnevika) og

Storemyra : Littlemyrha (Mjåneset, Eivindvik).

Ofte blir adjektivet nytta slik for å skilje lokalitetar frå kvarandre:

Littlebotnen : Svabergbotnen (Svaberget),

Litløyna : Guløyna (Floli),

Klenedalen : Dalen (Eivindvik),

Littleleitet : Leitet (Undertun),

Småklypet : Klypet (Undertun),

Veslekra : andre ekrer på garden (Tjuvvika, Eivindvik).

Men i dei fleste namna framhevar adjektivet (vanlegvis stor) lokaliteten i høve til andre (liknande) lokalitetar i området, t.d.

Storehaugen (6 gg.),

Storemyra (6 gg.),

Storesteinen (4 gg.) osv.

Namn som fortel om skap og utsjånad er oftast samansette av 'formadjektiv' pluss grunnord. Her fylgjer ei liste med slike adjektiv som er heimla i namnematerialet:

bratt (5 gg.), t.d. Brattebakken (2 gg.),

brei (2 gg.), " Breiheia,

djup (2 gg.), " Djupe Hola,

flat (2 gg.), " Flateskjeret,

høg (6 gg.), " Høgefjellet (2 gg.),

lang (18 gg.), " Langåkeren (4 gg.),

<u>mjå</u> (1 g.),	Mjåneset,
<u>rund</u> (1 g.),	Rundehaugen,
<u>skager</u> (2gg.), t.d.	Skagervollen,
<u>skrå</u> (1 g.),	Skråhaugen,
<u>slett</u> (4 gg.), t.d.	Slettefjellet,
<u>tjukk</u> (1 g.),	Tjukketreet,
<u>trong</u> (1 g.),	Trongevegen,
<u>tverr</u> (2 gg.), t.d.	Tverrfjellet.

Også substantiv kan nyttast som framlekk for å få fram det typiske ved heile lokaliteten eller ein del av han. Han (framlekken) kan gjerne vere eit vanleg terrengekarakterisande appellativ, t.d. i

Flogfjellet, som er namn på sørvestre, stupbratte delen av Flolifjellet. Namnet er berre brukt av folk på Floli, fordi den loddrette fjellveggen er på 'deira' side av fjellet. Jfr. flog (s.46).

Krokura på Undertun lagar ein krok (sving), jfr. krok m. (s.65).

Skylesteinen (Floli) har slik form at han kan brukast til å sokje ly under. Jfr. skyle (s.156).

Tumyrane er eit 'småtuete' område på Midtun. Jfr. tue f. (s.100).

Ofte er framlekken eit jamføringsord, t.d. i  
Krosstjørna på Midtun, som har form som ein kross.

Piggsteinen (Fonna og Svaberget) og Nibbestein (Floli) er kvasse steinar, og skil seg såleis ut frå den store mengda med rundvorne steinar i området.

Sagefjellet (Eivindvik/Dingja) har ein karakteristisk taggete fjellkam når ein ser det frå nord eller sør.  
Skålberga, Skålbotnen og Skåltjørna ligg på Henriksbø. For desse tre namna er det litt usemje om kva samanlikninga siktar til. Ein heimelmann meiner at det er forma på dei vide, lyse Skålberga som har danna utgangspunkt for samanlikninga, medan ein trur at jamføringsordet syner til den 'skålforma' Skålbotnen.

Utmerkingsordet treng ikkje skildre konkrete særtrekk ved lokaliteten, og likevel må ein kunne seie at i namn som Trollgjelet (trongt gjel mellom Kråkenova og Nova i Mjåneset

(Eivindvik)) og Utburdgjelet (Midtun) gjev utmerkingslekkane (troll n. og utburd m.) også opplysning om skap og utsjånad (tronigt, mørkt, uframkommeleg osv.) - i tillegg til eventuell kulturhistorisk informasjon (sagn o.l.).

Til slutt eit par namn med verb i framlekk. I Halle-reina (Henriksbø) har ein verbet halle, i Hengjenipa (Svaberget) fortel hengje vb. oss om ei bratt, utoverhengjande fjellnov. Om Kvilesteinen, sjå stein m. (s.88).

## 5. Farge.

Namn med fageadjektiv som utmerkingslekk står nært dei som er grupperte etter utsjånad i førre kapitlet.

Oftast finn ein:

svart (6 gg.), t.d. Svartevatnet (2 gg.); Svartemyra blir også kalla Rotemyra (fargen siktar her til jordsmonnet); Svart-hamrane (Undertun) osv.

kvit (5 gg.), t.d. Kvitefjellet (Gryta), som på lang avstand skal ha ein kvit lét; Kvitoksen (Floli), sjå okse m. (s.115); Kvitura (Midtun) osv.

blå (4 gg.), t.d. Blåbergane (Svaberget), store, mørke berg; Blåbotnen (Midtun og Henriksbø).

raud (3 gg.), t.d. Raudledet, som var eit raudmåla led i steingarden mellom Prestegarden (Eivindvik) og Gryta; Raudsteinen (Midtun), sjå stein m. (s.88).

grøn (3 gg.), t.d. Grønskora (Gryta), som har namnet sitt etter ein grøn bakke i skora (som tidlegare vart slegen); Grønfjellstolen (Floli), sjå stol m. (s.93).

mørk (3 gg.), t.d. Mørkedalen (Undertun og Henriksbø).

## 6. Jordsmonn og bergslag.

Aurhaugen (Midtun), Aurhola (Eivindvik) og Auråkeren (Eivindvik) er stader med (raud)aur (grus, sandjord).

Blautemyra (Svaberget), Rotebakken /"rå:tebaK:In/ (Henriksbø), Rotemyra /"rå:temy:ra/ (Henriksbø) (=Svarthemra) og Skitnedalen (Gryta) fortel om 'dårleg' (blauett) jordsmonn. Men i dag er stadene gjerne drenerte, og difor høver ikkje alltid namna lenger.

Blyneset (Svaberget) kunne ikkje heimelsmannen forklare, men framlekket må vel helst syne til fargen på berget, og ikkje til noko verkeleg funn på staden. Er det tilfelle, er utmerkingslekken heller eit 'fargeadjektiv'. Jfr. Svarthamrane (Undertun) og Svarthammaren (Navdalens, Eivindvik), som også fortel om mørke bergslag.

I Leirvika (Undertun) skal det ha vore teke leir.

Om Moldfallet (Undertun), sjå fall n. (s.44).

Om Sandrumpa (Henriksbø), sjå rumpe f. (s.116).

Stein er notert som framlekk i fire namn. Steinegjerdet (Henriksbø) var eit steinete jordstykke (gjerde) før det vart rydda. I Steinvika (Svaberget) tok dei Stein til kaia på Nyborg (Guløy). I Steinevika (Fonna) ligg det ei stor ur, og i Steinåkeren på Ytre Midtun må det vel ha vore mykje Stein.

Dei fleste namna med tory som utmerkingslekk syner til eigna stader for torvskjering, t.d. Torvslumpen i Eivindvik (sjå slump m.); Torvmyra (Floli), som no er tilvaksen med skog; Torvhaugen (=Grytehaugen) på Gryta; dessutan sjølvsagt Torvskurden på Undertun (sjå skurd m.).

## 7. Plante- og dyreliv.

Voksterlivet er rikt representert i namnematerialet. Slike 'vegetasjonsnamn' kan ha komme til på to måtar. Anten har tre- eller plantenamnet vorte knytt til lokaliteten fordi arten fanst i stor mengd på staden, eller så er det ein sjeldsynt plante som har gjeve namn til lokaliteten.

I dag er det likevel ikkje alltid at vegetasjonen svarar til namnet på staden, t.d. er Pildammen no parkeringsplass!, i Lindebrekkene veks det fure, osv.

Dei fleste namna med dyrenamne som framlekk syner til stader der dyra har halde til eller ofte har vore å treffe.

a) Plantelivet.

1) Tre.

Allbakken /"albaK:In/ (og relasjonsnamnet Allskorane) på Midtun har alm (gno. almr m.) som utmerkingslekk. Det veks ikkje alm lenger i Allbakken, på Midtun finst han visst berre i Brekkene inst i Midtundalen. Det er lite som tyder på at almen var vanleg før heller, difor har nok Allbakken fått namnet sitt fordi det sjeldsynte treet vaks der.

I Barlindekletten (Midtun) og Barlindeholha (Midtun/Henriksbø) er framlekken barlind f. (*taxus baccata*). I gammal tid vart barlind brukt til bogar (jfr. gno. yr m., som tyder a) barlind; b) boge). Så seint som kring 1900 vart det utafor Bergen skote kval med bogar av barlind (Aschehougs Konversasjonsleksikon, 1955, bd.2:316). Elles vart treet brukt til hesjestaurar, reiskapar og sledar.

Barlinda kan bli ovleg gammal (2000 år), men trea på Midtun står ikkje lenger.

Bjørk (gno. bjork f.) er vanlegaste tresorten i bygda, men ho har berre gjeve namn til ein lokalitet: Bjørkehaugen på Henriksbø (med relasjonsnamnet Bjørkehaugskaret). Det er m.a.o. så mykje bjørk i bygda at namnet høver därleg som utmerkingsord.

I Eikedalen /"aikeda:l'n/ på Undertun står det framleis ei eik (gno. eik f.). Jfr. eike n. /"aiKe/ nedafor.

Fure (gno. fura f.) er vel vanlegaste treslaget etter bjørk. Namna kan ha vorte gjevne etter ei einskild fure på staden, men også etter ei større tresamling. I dag treng berre namnet vere att, t.d. Fureskogen på Gryta. Notert 6 gg., m.a. i Søre og Nordre Furevika (Eivindvik) og Fureholten (Henriksbø).

Korkje på Haslepallen på Floli eller i Hasledalen på Undertun veks det hasl (gno. hasl m.) lenger.

I Hegghola i Svaberget skal det ha vakse hegg (gno. heggr m.).

Langs Lindegrova på Midtun skal det ha stått lindetre (jfr. gno. lind f.), kanskje i nærleiken av Lindesteinen tett ved vegen som går fram i Midtundalen. Etter skulebarnoppskriftene skal det aldri ha vakse lind i Lindebrekkene på Undertun, men ei eller anna tilknyting til treet må likevel brekkene ha hatt. I dag er Lindebrekkene plantefelt

(fureskog). Lindeberget er eit langt berg på sørsida av Flolifjellet. Om Lindekåshola (=Lindekåsen), sjå under 'Uklåre namn'.

Older f. (gno. qlr m.) er notert 4 gg. som utmerkingslekk. Oldrevika finst tre stader (Eivindvik, Fonnevika, Floli), men i Eivindvik har reguleringa fjerna alle oldrane og dessutan mest heile vika.

Ospebakke (eller Ospeneset?) på Floli, Ospegjelet i Eivindvik, Ospehaugen på Undertun og Ospevegen er stader der det veks eller har vakse osp (gno. osp f.).

Om Pildammen, sjå dam (s.40).

Raunegjelet (Mjåneset, Eivindvik), Raunhammaren (med relasjonsnamnet Raunhammarhola) (Undertun) og Raunhamrane (Midtun) er samansette med raun m. (rogn) (gno. \*raun f.).

Seljegrova har vel namnet sitt etter Seljegrova, som elva renn framom austafør Myrane på Midtun.

Timrøyna fortel om tømmerskog, kanskje også om tømmerdrift. Sjå kapitlet om bustadnamna (Fonna), dessutan under 'Namn frå arbeidslivet' (s.149).

Byrke n. (l g.), eike n. (l g.) og espe n. (10 gg.) syner til lokalitetar med bjørke-, eike- og ospeskog. Av meir generell karakter er utmerkingslekken i Skogegjelet og Skogehola (Mjåneset, Eivindvik) og Skogeneset (Undertun). Namn som Tjukketreet (Undertun) fortel derimot noko om sjølve treet, og på same måten seier Tjukkeskoggjelet (Floli) noko om korleis skogen i gjelet er (var).

## 2) Bær, busker og rotvekstar.

Blom m. finst som utmerkingsord i Blombakken (med relasjonsnamnet Blombakkefjellet) i Eivindvik, i Blombakkane (med relasjonsnamnet Blombakkehaugen) i Navdalens (Eivindvik) og i Blomskora på Henriksbø. Blom er brukt om bregne (filix), men i dag er det vel berre eldre som nyttar ordet.

Bjørkelia mellom Loddefotberget og Utburdsgjelet på Midtun blir kalla Brokelia /"bro:keli:a/. Det ville kanskje vere naturleg å tolke førstelekken som brok f. (bukse), og tru at namnegjevaren har hatt ei evt. samanlikning i tankane. Heimelmannen meinte derimot at lia ikkje hadde 'brokefasong'. Han ville heller setje framlekken i samband med borking - det vart visst borka (barka) her før. Meir rimeleg er det vel at

framlekket er bruk n. "tett småskog; kratt", som NØ har frå Sunnfjord (1966:964), eller bruke m., som i Gaular er nytta om "tett småskog (av older)" eller om "masse av kvister el små greiner etter felte tre; brote" (op.cit.:966). Desse appellativa er ukjende i målføret i dag, og det kan også forklare uttalen. Sidan det er svært liten fonetisk skilnad mellom /o:/ og /U:/ i målføret, kan namnet, når tydinga ikkje lenger var kjend, lett ha vorte uttala /bro:k/ i staden for /brU:k/.

Også Brokistallen /"bro:kistallen/ på Floli kan innehalde dette appellativet, for heller ikkje denne har skap som ei brok.

Bærnamn er også representerte i namnematerialet, t.d. i Blokkebærhamrane (Henriksbø), Blåbærmyra (Eivindvik), Bringebærura (Ytre Midtun), Myrbærhamrane (Henriksbø) (myrbær=molter) og Tytebærbakken (Floli). På Bærhaugen i Fonna skal det ha vaks tytebær.

I Einstabbegjelet /"eNstab:ejI:le/ i Svaberget har det vaks mykje einstabbe m. (pteridium aquilinum).

Klungrehaugen i Henriksbødalen har klunger m. (gno. klungr m.) som utmerkingslekk.

Kålekra /kao:lekra/ heiter ein attlagd kålåker på Henriksbø.

Lyng (gno. lyng m.) er ein mykje utbreidd plante, men er berre representert i to namn: Lynghaugen (Henriksbø) og Lyngmyrane (Undertun).

På Porsneset (Floli) veks det pors (gno. pors m.). Blada frå denne planten har vore brukte til farging (porsfarge) (Takle:151). Elles har pors vore nytta ved ølbrygging, mot lus og kles-møll eller rett og slett for godlukta si skuld (Høeg:278).

Ramsgrø på Henriksbø (med relasjonsnamnet Ramsgrøholten) og Ramsholten på Gryta har fått namna sine frå rams m. (og n.), som er kjend for den intense lukta og smaken. Både kyr og geiter et gjerne rams, særleg om våren, og det fører gjerne til at det blir usmak på melka (Høeg:239).

Ris n. er notert i Rishaugen i Fonna. Etter Aasen kan ris anten tyde "Kratskov, smaa Buskvæxter" (jfr. gno. (h)rís n.) eller "Riis, Kviste af Træer" (1873:605). Truleg er det fyrste tydinga me har i Rishaugen.

Om runn m., notert i Runnevollen (Undertun), sjå s.156.

Røyr f. (røyrgres) (*phalaris arundinacea*) kan vere utmerkingslekk i eit par namn. Sjå 'Uklåre namn og namnelekkar' (s. 163).

Sprakebakken (Mjåneset, Eivindvik), Sprakedalen (Tjuvika, Eivindvik), Sprakehaugen (Henriksbø) og Sprakevika (Fonna) har sprake (eine, brake) som fyrstelekk.

Stilkehauen (Undertun og Svaberget) er samansett med stilk m. (gno. stilkr m.), som er brukt om "Stængel i en Urt eller Buskvæxt" eller om "Bladstilk, Ribbe i et Blad" (Aasen, 1873:766). Stilkehauen på Undertun er ein større, grasvaksen haug ovafor gardane, og merkjer seg såleis ut i terrenget. Heimelsmannen lurte på om kyrne kunne ha fått potestilk her. Den andre haugen ligg på øvste Svabergfjellet.

Om Soleibotnen (Eivindvik og Henriksbø), sjå kapitlet om bustadnamna (s. 181).

I Syrebakken (Henriksbø) kan utmerkingslekken vere syre f., brukt om "surt smagende Urt" (Aasen, 1873:789), men etter Ross er syre også nytta om "udsivende el. udsvedende Vædske" (1895:797), og det er difor mogeleg at namnegjevaren kan ha hatt jordsmonnet i tankane. Jfr. syre vb., som i Sogn tyder "pible, sive ud" og syren adj. "gjører skjør og fugtig; om Ved. Sogn, Nfj." (op.cit.:loc. cit.).

I Tågegjelet /'tao:gejl:le/ (Mjåneset, Eivindvik) har dei funne tæger /'te:je/ (sg. tåg f. /tao:g/) til kjesser (handkiper) og kiper. Dei sterke og seige rottrevlane kunne dessutan bli brukte til å bendlse ljåen til orvet med.

Namn som Grøsskaret, Grønskora, Grønfjellstolen o.l. innehold ikkje konkrete plantenamn, men likevel må ein kunne seie at dei karakteriserer plantelivet på staden. Motsett fortel Snauholten, Reinfjellet o.a. om manglante planteliv.

b) Dyrelivet.

1) Husdyr.

Husdyrnemne er notert i 62 namn, av desse er om lag 20 relasjonsnamn. Bakgrunnen for namna er som regel sommarbeitning.

Opp gjennom Buvegen på Floli leidde dei buet (krøtra) til fjells.

Geita er i dag vekke, men minnet om henne lever vidare

i ei rekkje namn (9, av desse 4 relasjonsnamn). I Geitevegen på Midtun vart det tidleg tått om våren, men for å få geitene hit, måtte dei ofte moke veg frå husa heime på garden. Om plassnamnet Geiteneset, sjå s. 186. Sjå dessutan byks n. (s.38) om Geitebykset i Kvernhuselva på Midtun.

Kjea er også representerte, t.d. i Kiura og Kiurdalen på Kyrkjeneset i Eivindvik og i Kihuusvika og Kiehytta på Floli. Uttalen (/Ki:(e)/) syner at Ki(e) er pl.-form (gno. kiðja, gen.pl. av kið n.).

Hesten har vore eit sentralt og populært husdyr, noko som m.a. variasjonen i 'hestenamna' tyder på. Hestevad på Midtun heiter ein stad der dei tidlegare kunne køyre over Kvernhuselva med hest. Horssetgjelet (Henriksbø) løyner truleg appellativet hors n. 'hoppeføl' (jfr. horse f. 'hoppe'), som ikkje lenger er i bruk i målføret. Tobbehaugane på Gryta, Tobbemyra (tidlegare slåttemark) og Tobbevika på Floli har tobbe f. 'merr' som utmerkingslekk. Elles brukt "mest som Lokkenavn", skriv Aasen (1873:821).

To namn er samansette med hund og seks med katt. Det var vanleg å avlive hundar og kattar ved å drukne dei, og det kan forklare eit namn som Hundehølen (Gryta). Sjå dessutan høl m. (s.57). Om Hundstolen i Tjuvvika (Eivindvik), sjå stol m. (s.117).

Slike namn er ofte vanskelege å forklare, m.a. fordi dei gjerne har opphavet sitt i ei einkild hending som i dag er gløymd.

Kalven har også sett far etter seg i namnematerialet. Kalvehuset (Tjuvvika), Kalvehusa (Undertun) og Kalvetræet (Midtun) fortel om tilhaldsstader for kalvane, medan Kalvhusmyra (Svaberget) minner om at det stod eit kalvehus i garden tett ved.

Kuskora på vestsida av Kamben på Henriksbø og Kyrevegen i Svaberget er gamle råsevegar. Til Kuskjera på Undertun søkte kyrne når dei skjena. Desse namna fortel om hendingar som tok seg opp att, medan andre namn ganske sikkert har spesielle hendingar som grunnlag, t.d. ei ulukke e.l.

Oksebotnen (Eivindvik/Dingja) kan iflg. heimelmannen ha vore oksebeite.

Lambestallane, platå i Brokelia på Midtun, og Lambushaugen, med murane etter eit lambehus, er samansette med lamb n.

Seks namn har sau m. som fyrstelekk, t.d. Sauehola (Midtun og Henriksbø) og Saeuvika (Fonna). På Prestegarden (Eivindvik) har sauefloren (vårfloren) som i si tid stod øvst i Krossteigen, gjeve namn til den bratte dalen mellom Krossteigen og Mikkelfjellsskaret øvst i fjellsida (Sauflorsdalen).

Grisen er også med. I Purkehaugen (Midtun) og Purkura (Gryta) er purke f. utmerkingslekk. Om Purkura, sjå ur f. (s.102). Dessutan må Svinåna (Midtun) vere samansett med svin n. Jfr. 'Uklåre namn og namnelekkar' (s.166).

2) Ville dyr, innsekt o.l.

Om Bjørn(s)hiet (samanlikningsnamn) på Undertun, sjå hi n. (s.113).

I Dyreskora (Floli og Midtun) er dyr n. det gamle ordet for hjort, jfr. gno. dýrr n. "dyr; vilt dyr (særleg om elg, rein, hjort (-))" (Heggstad,1975:83). Hjorten hadde vore vekke i fleire mannsaldrar då han tok til å vise seg att i bygda for om lag 15 år sidan.

Kobbeklakken sør for Mjåneset (Eivindvik) og Kobbeskjerset utofor Tangen (Fonnevika) fortel om tilhaldsstader for kobben.

Iglehølen på Henriksbø er no vorten bø, men var tidlegare full av iglar, fortalte heimelskvinnna.

Om Lusestova, sjå stove f. (s.118), og om Mottevika, sjå vik f. (s.106).

Ormekletten (og relasjonsnamna Ormeklettlia og Ormeklettstallen) på Henriksbø innehold orm m. som fyrstelekk. Ein heimelsmann skal då også ha drepe "mykje orm" i Ormeklettlia.

Revura (Midtun og Tjuvvika, Eivindvik) fortel om at reven har halde til der.

c) Fuglar.

Arefjellet (Midtun) fortel om tilhaldsstad for ørn. Are m. er sideform til ørn (gno. ari m. til qrn m.). Appellativet er ikkje lenger i bruk. Om Ørnhytta (Mjå-

neset, Eivindvik) og Flugsehytta (Floli), sjå hytte f. (s.57).

Gaukkulten er ein avlang haug på sørsida av Flolifjellet (Floli). Det er uvisst kvifor gauken har gjeve namn til staden.

Det er visst heller ingen som veit kvifor Haukøyna, Haukesundet og Haukelia i Fonnevika har hauk m. som utmerkingslekk.

Derimot er det liten tvil om kvifor Hønsegjerdet på Undertun er samansett med høns f. Gjerdet hyser nemleg hønsehuset på garden.

I brattaste Hegrefjellet (eller Husefjellet) i Navdalens (Eivindvik) held ein større hegrekoloni til, og hegrefjødsla skal visst gje god grasvokster på bøane under fjellet (BB:270).

Dei fleste namna med kråke f. som utmerkingslekk siktars vel til at kråka har vore (er) vanleg på staden. Kråkenova i Mjåneset (Eivindvik) ville heimelsmannen derimot ikkje knyte til fuglen, men til kråkebær, som har vakse og framleis veks i nærleiken. Men denne bærtypen (*empetrum nigrum*) blir vanlegvis kalla krekling eller krekebær /'kre:kebe:r/ i målføret.

Ramnefjellet på Floli har sikkert vore tilhaldsstad for ramn. Han held seg gjerne i bratte fjellsider og berghyller.

d) Fiskar.

Ein kunne kanskje vente å finne fleire namn med utmerkingslekkar henta frå fiskeriket, men det er berre notert tre namn, og berre to har direkte tilknyting til fiskeliv i vatn eller sjø.

Laks-hølen ligg i Storelva på Henriksbø/Midtun. Han var lenge ein av dei beste fiskeplassane i elva (jfr. Fiskolteigen på Henriksbøsida av elva).

Seievika (Fonna) har sei m. som framlekk. Vika er vel ingen spesielt god fiskeplass i dag, men ho ligg ikkje langt frå Staken, og der er det bra med fisk.

Om Sildekleiva, sjå kleiv f. (s.61).

### 8. Rosande og nedsetjande namn.

Rørbakkefjellet i Eivindvik har også ei tid vore kalla Smørfjellet. Dette namnet fekk fjellet fordi kyrne som beitte der, mjølka mykje. Derimot skal visst Smørdalen på Midtun ha fått namnet heilt tilfeldig, og er såleis ikkje meint å skulle framheve staden på ein positiv måte.

Namn med Grøn- eller Grø- som fyrstelekk er også rosande. Dei gjev som regel opplysning om godt beite eller brukande slåttemark, som t.d. Grønfjellstølen (Floli) og Grønskora (Gryta).

Elles fortel Brurabenken (Henriksbø) og Bruresteinen (Eivindvik) om eigna kvilestader i utmarka.

Derimot vil namn som Skredfjellet (Midtun) og Skreibotnen (Gryta) lett kunne oppfattast som negative. Endå meir trugande er Styggegjelet i Svaberget. Når ein i tillegg veit kor bratt og einbølt garden elles er, kan ein berre tenkje seg korleis det må sjå ut i Styggegjelet.

Snøhola (Gryta) og Snødalen (Henriksbø) er namn som også på ein måte har noko nedsetjande over seg. Snøen legg seg raskt på desse stadene; i Snødalen blir han dessutan ofte liggjande til langt ut på sommaren.

### 9. Årstider og dagtider.

Skiftet mellom vinter og sommar var viktig i gamle dagar. Når kyrne vart sleppte ut om våren, måtte dei vernast mot 'vonde makter'. Difor vart det brent daur (< gno. dogurðr (dagverðr) m.), dvs. bål (bueld), for buskapen første natta han skulle liggje ute om våren. Frå no av måtte kyrne greie seg sjølve sommaren gjennom, og eit bål med mykje røyk meinte dei ville gje vern og lukke. Heile garden var med på dauringa, og det vanka god mat og drikke i slike høve. Om denne skikken vitnar Dauresteinen ovafor Stølen i Eivindvik.

I Vetrestoa sør for Ileneset hadde Midtungardane vinterhamna si (sjå sto f., s.90). Men det kan vel tenkjast at også folk som kom inne frå fjordane, måtte leggje båtane sine i Vetrestoa om vinteren, og så gå til fots rundt Midtunvågen for å komme seg til Eivindvik. Det er nemleg ikkje uvanleg at også sundet mellom Fonnøyna og Kyrkjeneset/Ile-

neset frys til om vintrane, og då er Vetrestoa nærmaste isfrie hamn.

Vårfloren stod i steingarden mellom inn- og utmarka på Midtun. Han vart brukt når dyra gjekk ute om somrane.

Folk på gardane hadde dessutan solmerke å gå etter når dei skulle vite tida. Om Daurmålnipa (Undertun), sjå nip f. (s.72). Frukostskaret, Middagskaret, Middagsstad og Nonsskaret er også dagtidnamn. Sjå skar n. (s.83) og stad m. (s.88).

Nonshaugen i 'gamlevegen' mellom Floli og Eivindvik var derimot ikkje solmerke. Her sat ungane frå Floli og åt maten sin når dei kom att frå skulen i Eivindvik.

I Middagshola i Okslegjelet på Gryta åt dei middag då dei så seint som i 1940 bygde på steingarden mellom Gryta og Midtun.

#### 10. Personnamn, slektsnamn og person- og yrkesnemne.

Slike namn gjev eit godt bilet av namneskikken i bygda. Dessutan viser uttalen gjerne ein meir 'ekte' bygdeuttale av personnamna. T.d. har Mikkelfjellet i Eivindvik alltid vore uttala /"miK:elfjeL:e/, men yngre folk seier i dag som regel /"mik:elfjel:e/.

Det kan vere fleire grunnar til at eit personnamn eller eit slektsnamn er vorte knytt til ein lokalitet. Samansetjinga kan syne til eigedom (t.d. Guristykket = jorda til Guri) eller til bruk eller nytte av staden (t.d. Kasparstøa = støa som Kaspar fekk lov å bruke). Då skjønar ein også at av personnamna må mannsnamna bli sterkt representerte. Av 49 namn samansette med personnamn inneheld 39 mannsnamn og 10 kvinnenamn.

Det er ikkje alltid heimelsfolka veit kvifor stadene har fått knytt personnamn til seg.

##### a) Kvinnenamn.

Bol /bo:l/, kortform av Bodil, er notert i Boltufta (Indre Midtun). Var murane etter kårhuset til Bol Samsonsen (1818-1890), men er no vekke.

Brita /'bri:ta/, i Britasteinane, store steinar i gamlevegen mellom Svaberget og Floli. /ain 'nifs 'plas: i "myrkna/, fortalte heimelmannen.

Guri /"gu:ri/, i Gurifloren og Guristykket (Indre Midtun). Jfr. stykke n. (s.92).

Johanne /"jo:aN:e/, notert i Johannehelleren (Gryta). Blir kalla Annehelleren på Midtun.

Lisbet /'lisbet:/, i Lisbetskjeret på nordsida av Ileneset på Floli.

Mari /"ma:ri/, i Marikvilet i Leinvegen på Henriksbø.

Marte /"marte/, i Martemuren og Martekjelda på Gryta. Sjå kjelde f. (s.59) og kapitlet om bustadnamna (s.184).

Orlog /"å(:)rlå:g/ finn ein i Orlogura på Undertun. Namnet blir vanlegvis skrive Orlaug.

b) Mannsnamn.

Anders /"anders/ er notert i Anderskletten og Andershagen på Gryta.

Griggus /'grig:us/ (<Gregorius), i Griggusskaret (Midtun).

Hans /hans/, i Hansslættet (og relasjonsnamnet Hansslættervegen) på Midtun (sjå s.86) og i Hansbryggja på Undertun.

Helge /"helge/, i Helgetræ (og relasjonsnamnet Helgetræ-elva) på Gryta.

Heming /"hem:ing/, sjå stove f. (s.118) om Hemingestova på Henriksbø.

Henrik /'hen(d)rik/, notert i gardsnamnet Henriksbø (og fleire relasjonsnamn). Sjå under bustadnamna (s.184f.).

Ivar /"i:var/, i Ivargjelet (og Ivargjelhola) på Gryta.

Jakob /'ja:kob/, notert i Jakobselet i Midtundalen.

Johan /"jo:an/ er utmerkingslekk i Johanehola (Haugane, Eivindvik) og i Johanshølen (Midtun/Henriksbø). Hølen fekk namn etter han som bada der.

Jo /jo:/ er ei kortform av sistnemnde namn. Notert i Jotjørna og Jotræ på Midtun.

Kaspar /'kasper/ heitte mannen som dreiv br.nr. 4 på Undertun frå 1910 til 1934. Støa han fekk lage seg på nabogarden vart kalla Kasparstøa.

Klaus /kleu:s/ er notert i Klausmuren, ein gammal husgrunn i Svaberget. Dessutan i Klausneset og Klausreina, etter ein brukar i Neset (Henriksbø) i slutten av førre hundreåret.

Mattis /'mat:is/ (< Mattias), notert i Mattishaugen i Svaberget. Ein Mattis kollsiglde og omkom utafor denne haugen. Mattistraet på Henriksbø vart slege av Mattis (Matias) Hansson (1809-1882).

Mikkel /"miK:el/, i Mikkelfjellet (og Mikkelfjells-skaret) i Eivindvik. Heimelsfolka kjende ikkje bakgrunnen for namnet.

Moses /'mo:sIs/, i Moseskjelda (Henriksbø). Sjå kjelde f. (s.59).

Nils /nils/, i Nilsbakkane (Mjåneset) og i Nilsskorane (Tjuvvika).

Olav /'o:lav/, notert i Olavskjelda (Eivindvik), sjå renne f. (s.78).

Ole /'o:le/: Oleselet i Midtundalen er selet til br.nr. 2 på Ytre Midtun.

Otte /"åt:e/, notert i Ottenaustet på Undertun. No er berre støa att.

Pål /pao:l/, /på:l/, i Påltræet (og Påltræbakkane) på Midtun. Murane syner framleis.

Rasmus /'rasmu:s/, i Rasmusmyra på Indre Midtun.

Stefan /"ste:fan/, notert i Stefansjorda på Gryta.

c) Slektsnamn.

10 slektsnamn er noterte som fyrstelekk i 16 namn, og alle namna syner til eigedom eller bruk av staden.

Brosvik, i Brosvikhølen (Henriksbø/Midtun), som på Henriksbø er namn på Mastingehølen i Storelva, men som på Midtun er brukt om ein høl lengre oppe i Storelva. Denne blir kalla Urdalshølen på Henriksbø!

Follevåg, i Follevågfloren (Midtun).

Hanebrekk(e), i Hanebrekkhølen i Storelva. Badeplassen til namnegjevaren.

Kahrs, i Kahrsbryggja (Gryta). Sjå bryggje f. (s.37).

Sandal, m.a. i Sandalskaia (Kaia), sjå kai f. (s.59). Sandal kjøpte 'Kirkeneset' (Småpakta) i 1891, og familien har sett spor etter seg i ein del nyare namn.

Skår, i Skåraustet (=Geitenesnaustet) og Skårreset på Undertun. Ein Skår skal ha budd i eit hus på neset, og leigde dessutan ei tid Geitenesnaustet.

Sundal, i Sundalsbryggja (Gryta). Sjå bryggje f.  
(s.37).

Sylvarnes, i Sylvarnesmuren (=Sundalsbryggja ovafor).

Tangen ramla under revejakta ned i ei elvehole i Dalen i Fonna. Sidan har hola vorte kalla Tangehola.

Urdal, i Urdalshølen. Sjå Brosvik (Brosvikhølen) ovafor. Dessutan i Urdalsreinene, sjå reine f. (s.77).

d) Person- og yrkesnemne.

Deknehola i Prest(e)sundet (Eivindvik) har dekn m. som utmerkingslekk. Ingen veit kvifor kyrkjetenaren har gjeve namn til den vesle vika.

Dokterhagen og Dokterreina hører til dokterbustaden i Eivindvik.

Jordmorelva er eit nyare namn på Henriksbøelva (på innmarka). Etter gardkona på Nygård (br.nr. 4), som var jordmor. Også notert i Jordmorrhølen og Jordmorbruna.

Kjerringefjellet er høgste fjellet i området mellom Eivindvik (15) og Dingja (14). Kjerring f. er vanlegaste personnemnet i norske stednamn (Stemshaug, 1968:64f.), men opphavet er ikkje alltid kjent. I bustadnamn syner Kjerring ofta til at ei einsleg kvinne (enkje) har budd på staden, men i naturnamn, særleg langs kysten, er det gjerne "førstillingar om ulykke eller uhell knytt til kvinner" som er grunnlaget for namna (NSL, 1976:183). Kanskje er det ei slik førestilling som har vore opphavet til vårt namn?

Klokkgjerdet er ein utmarks lått i Såtegjelet i Sva-berget. Det blir fortalt at ein klokkar i si tid slo gjerdet. Om Klokkarjorda (Undertun), sjå jord f. (s.58).

Lensmannsklakken ligg rett sør for Tjuvvikholmen i Tjuvviika (Eivindvik). Sjå klakk m. (s.60).

Prest m. er notert som utmerkingslekk i 8 namn, og alle har tilknyting til Prestegarden (br.nr. 1 i Eivindvik). Dei mange namna syner kva stilling presten ofte hadde i ei bygd tidlegare. I dag er fleire av namna lite brukte.

Ein heimelmann fortalte forresten dette om korleis Prest(e)sundet etter segna skal ha vorte til: "Tidlegare var Storehaukøyna fast med Stranda på nordsida av sundet. Ein rise tok ein gong spennetak og delte landet frå kvarandre, og sundet vart til. Utafor Mastambura på nordsida

av sundet syner framleis merket etter fingrane til risen, og på Haukøyna på sørsida skal det vise etter bakenden".

Skomakarreina (Eivindvik) er vegen opp til skomakaren i bygda.

Smedneset (=Kyrkjeneset) (Eivindvik), sjå kapitlet om bustadnamna (s. 180).

Svenskeveita (Henriksbø) er omtala under deld f. (s.41).

Tillegg.

4 lokalitetar har dyrenamn som fyrstelekk. Kunann har ein i Brurekollskorane (Brurekolla) i Tjuvviika, Dykkreihola (Dykkrei) i Eivindvik og Knappreislökja (Knapprei) på Floli. I Gudbrandsskaret (Gryta) kan framleken vere mannsnamnet Gudbrand, men dette namnet (og Gullbrand) er også eit vanleg oksenamn i bygda.

## 11. Namn som fortel om arbeids- og kulturlivet i bygda.

Mange namn speglar av kor strevsamt det kunne vere å samle før i gamle dagar. Namn som Utløa (Svaberget) fortel direkte om det. Indirekte syner Nordre Slåttedalen (Fonna), Fremste Træet (Henriksbø), Hansslættet og Joträ (Midtun), Høyranen og Hesa (Eivindvik), Træsløa (Midtun) o.a. oss det same. Desse utslåttane låg langt frå gardane, helst i bratt og ulendt terreng, og dei var alltid eit viktig tillegg til heimebøane. Men det var ikkje tadt dei trengde å dra så langt for å finne små tillegslappar. Sjotræbakken var slåtteteig nede ved sjøen på Floli, Inngjerdsla (Tjuvviika, Eivindvik) var skrapslått tett i bøgarden, osv.

Når kyrne var ute i sommarhalvåret, vart dei som oftast mjølka på faste mjølkeplassar. Heimste og Fremste Mjølkesteinen (Henriksbø), Mjøkehagen (Gryta), Mjølkeplassen (Midtun) og Todene (Eivindvik og Svaberget) namngjev slike stader. Dei vart gjerne kalla stølar, og om slike vitnar Leinstølen (Henriksbø), Grønfjellstølen og Stølen (Floli) og Stølen (Eivindvik). Om permanente setrar fortel Gryteselet (Gryta), Jakobselet og Oleselet (Midtun)

I staden for å dra mjølkebyttene med seg til gards eller tilbake til setra kvar gong vart dei heller lagde i Byttehuset (Floli og Svaberget) (sjå hus n., s.56) eller i Bytte-

klova (Midtun). Men først vart dei vaska i Byttetjørna (Eivindvik).

Prestegarden i Eivindvik var lenge hovudgarden i bygda, og dei hadde stolar (setrar) fleire stader. Enno syner det etter støling på Setret i Taskebotnen, ved Seltufta under Gangeskarknulten i Navdalsbotnen og ved Sela på Midfjellet. Dessutan støla Prestegarden på Setrevollane (Setråsbakken) i Undertundalen. Dei klyvja anten ned Kleiva eller ned Grøsskaret (murte tropper), jfr. Klyvjeaugane mellom Setråsen og Ormeklettlia.

Skogeteigane var viktige, dei gav både material og brensel. På Timrøyna (Fonna) har det sikkert vore tømmer-skog, i Nevreskora (Svaberg) kan dei ha henta never til taktekking o.l. og i Mastrehola (Tjuvvika, Eivindvik) kan det ha vore mastreskog (emne til skipsmaster). Løypene (Midtun) og Løypingåsen (Eivindvik) fortel korleis skogen vart teken ned frå dei bratte fjellsidene. Vedhaugen (Tjuvvika, Eivindvik), Vedholia (Undertun) og Vedskaret (Fonna) var lagringsplassar for ved i utmarka. For å få han til gards vart han køyrd med hest ned Gotene (Undertun), Kjørslevegen (Eivindvik) eller Dragevegen (Mjåneset, Eivindvik). Men før dei tok til på den siste, bratte unnabakken, måtte noko av lasset leggjast att på Avlessehaugen (Undertun).

Skogeteigane til Prestegarden (Eivindvik) var spreidde i ei stor utmark. Difor vart tømmeret (veden) først teke ned til sjøen, og deretter skipa heim til garden. Ladberget (gno. (h)laðberg n.) nord for Grønevika fortel om ei slik 'utskipningshamn'.

Skogen gav også råemne til tjørebrenninga i Tjørehjellen (Grønevika og Tjuvvika). Sjå tjørehjell m. (s.97). Tjøra vart brukt til å 'setje inn' båtane med, og det gjorde dei på Bråbenken (Svaberg).

Smie var det på mest alle gardar. Til dei (smiene) trongst det kol, og om kolbrenning fortel kanskje Kolhammaren i Mjåneset (Eivindvik).

Kvernhuset hadde også ein sentral plass på gardane før. Om det vitnar m.a. Kvernhuset (Midtun), Kvernhuselva (Eivindvik, Midtun, Floli), Kvernhusvika (Fonna), Mjølberget ytst i Kvernhusvågen på Floli og truleg også Brustøytet (Undertun; sjå støyte n., s.94).

I Storelva mellom Henriksbø og Midtun ligg Mastingehølen. Heimelsfolka kjende ikkje utmerkingslekken masting, men Aasen har notert ordet frå Nordhordland om "Meel at koge Mad af (=Kokemjøl)" (1873:482). Dessutan legg han til: "Vel ogsaa: kogt Meelmad, ligsom Matgjerd; forøvrigt dunkelt", og dette høver i grunnen godt med dei mange tydingsvariantane eg har funne i NO Film. Frå Voss er masting f. notert om "ei koka med kjøt, potor o.anna" og masting m. om "det dei kokte i mastingegegryta". I Manger tyder matstiing og masting "nykukt graut" og i Nordhordland er mastingsmjøl det same som "grautamjøl, matmjøl". I Brekke tyder mastimat "mjølmat - graut, supe" og ei mastigryte er gryta denne maten blir laga i.

Masting kjem altså av matstiing, jfr. matstie vb. "lave Mad. Nhl. Sogn." (Ross, 1895:504) og matsti n. "arbeid med maten, matstell" (Takle:129).

Mastingehølen kan difor ha fått namnet sitt fordi dei pla hente matvatnet (til grauten) der. Men det kan vel også tenkjast at namnet har samanheng med det (graut)mjølet som vart mole i kvernhuset til Matias Hansson (jfr. Mattistræet) i Urdalsreinene rett ovafor Mastinge-hølen.

For om lag hundre år sidan vart det skipa meieri i bygda. Det heldt fyrst til i Hemingestova på Henriksbø (sjå stove f., s.118), men vart så flytt til Gryta. Meieri-tufta er murane etter dette meieriet.

Kvernhus var det altså fleire stader, men stampehus var meir sjeldne. Stampehuset attmed Seljegrova på Indre Midtun vart bygt av Jon Sundal (jfr. Sundalsbryggja) i slutten av førre hundreåret, og difor er det kanskje ikkje heilt rett når ettermælet seier at Sundal var "meir kunstmålar enn gardbrukar" (BB:357). I Stampehuset kunne nemleg folk få stampa kleda (tya) sine, slik at dei vart tette og slitestørke.

Ein del namn fortel om ferdsle på og ved sjøen. Ved Bytingsneset (Eivindvik) bytte dei rolag når dei skulle til kyrkje. Jfr. dessutan Havelandsbytet (s.38).

Dei mange støene fortel om kor viktig båten var som framkomstmiddel. Når folk på Undertun skulle til Eivindvik, rodde dei over Midtunvågen til støa rett sør for Gangstaklubben /"gaongstaklob:IN/. Framlekken i dette namnet er gangstø f., som også er brukt andre stader om 'landings-

stad, stø' (Hallaråker:86), og som vel må sjåast i samanheng med gno. gangr m. 'gang, gonge'. Jfr. t.d. Gangeskaret på Midtun, som folk frå Haveland/Nordgulen brukte når dei skulle ta 'snarvegen' til Eivindvik.

Elles fortel Skavlehammaren i Fonna om korleis sjøen kan vere der, jfr. gno. skafl m. 'skavl; brottsjø'. Attmed Jekthammaren (også Fonna) var det djupt nok til jektene. Jekt (jakt) er lån av ned. jacht (jfr. eng. yacht) (Torp, 1919:246).

Grenseskil mellom eigedommar fekk ofte namn. Merke-/"merKe-" er notert som fyrstelekk i Merkesgjelet og Merkes-  
hola (Henriksbø), Merkesneset (=Skogeneset) (Undertun) og  
Merkesvika og Merkessteinen (Undertun/Floli). Jfr. dessutan hågard m., sjå gard m. (s.48). Gamlefolkstykket og  
Gamlefolkåkeren i Tjuvvika (Eivindvik) namngav 'eigedommen' til kårfolka på garden, i Fonna budde dei visst i nærleiken av Gamlehaugen ('haugen til dei gamle').

Om gammal overtru fortel eit par namn. Hulda (huldra) trudde folk på, ho heldt til i "avgøynde botnar, i hamar, haug og stein" (Takle:83). Men Huldeklova på Midtun vart også brukt til å lagre mjølkebytter i I Utburdgjelet (Midtun) skal det ha vorte sett ut ungar, blir det fortalt. Om utburd m. skriv Aasen: "Spøgelse, Gjenfærd (-) egentl. Barn som var ubaaret eller udlagt for at døe; senere om Børn som døde uden Daab og bleve begravne udenfor Kirkegaarden" (1873:885). Gno. utburðr m. 'utbering, utburd, skrømt av utborne barn' (Heggstad, 1975:474).

## 12. Tradisjonen kring Gulatingstaden.

Ein av dei fyrste som tok del i diskusjonen om plasseringa av Gulatingstaden, var Niels Griis Alstrup Dahl (m.a. i nokre artiklar i 'Budstikken' (nr.62-66) i 1824). Sidan den tid har det vorte skrive ein god del om emnet, og noko nytt har nok komme til òg. Stadnamn har stått sentralt i diskusjonen, og då særleg slike som kan vere med på å byggje opp under teoriane.

Kyrkjehaugen, Kyrkjesta og Kyrkjetufta ligg om lag 1 kilometer vest for gardane på Floli. I Håkon Håkonssons

saga står det at kong Håkon bygde ei kyrkje i Guløy (og flytte Gulatinget dit) (kap.333), og det er denne kyrkja som dei meiner skal ha stått på Kyrkjetufta. Dahl nemner "Kirkestøen" og "Kirkehøien" i 1824, og Torleiv Hannaas har også notert "Kjirkjehåjen" og "Kjirkjestøa" (Holm-Olsen: 15). Det har nyleg vore grave på 'tufta', men dei fann visst ikkje prov for at kyrkja verkelig har stått der.

Etter ei gammal segn meiner Lars Eskeland at Gulatingsstaden har vore mellom Guløyvarden og Domsteinen (sjå stein m., s.88) på høgste Guløyna (1938:80). "Ingen som har vore på toppen av Guløyna kan vel for alvor tru at Gulatinget nokon gong har vore halde der, - i "dette bukkelendet" som Joleik kalla det", skriv derimot Kleiva (1967:191).

Difor har dei fleste peikt ut Vollane mellom Guløyna og gardane til sjølve tingstaden. "No kallar dei det berre Vollane. Men dei gamle kalla det Tingvollane", skriv T. Hannaas i 1921 (Holm-Olsen:19).

G. Garatun-Tjeldstø nemner hendinga i Egils saga då Egil må flykte frå Gulatinget (Tingvollane): "Dei for til skipi sine over eit leite som gjorde at dei ikkje kunne sjå skipi frå tingstaden. (-) Arinbjørn og Egil har lege med skipi sine i vestre vågen. Eit leite (heiter no Rinden) stengjer for utsynet dit" (1966:65). Dette høver ikkje med tilhøva på staden, meinte heimelsmannen min. Frå Vollane (Tingvollane) kan ein nemleg sjå rett ut i Floli-vågen ("vestre vågen"). Rindane ("Rinden"?) ligg dessutan på ein heilt annan kant, og stengjer såleis ikkje for utsikta, meinte han.

Knareholmen /"kna:rehålmIn/ ligg utafor Kvernhusvågen og Kihusvika aust for gardane på Floli. Framlekken er truleg knarr m. (gno. knorr m.) 'stort skip, handelsskip', og namnet har vorte sett i samband med hamn for knarrar (i samband med tingstaden).

I Flolivågen ligg to mindre holmar kalla /'vI:hålmene/. L. Eskeland og G. Garatun-Tjeldstø nemner 'Veholmen', men både skulebarnoppskriftene og heimelsmannen min tek med begge holmane. Det har vore vanleg å tolke 'Veholmen' til 'den heilage holmen' (gno. vé n. 'heilag stad, blotstad'), men etter mi meinings er det ingen ting, korkje språkleg

eller reelt, som talar mot å tolke framlekkjen til ved m.  
(gno. viðr m. 'ved, skog'). Kanskje har holmane vore  
lagringsplass for rekved? "På Veholmen har dei vigsla  
Gulathing med blot i heidendomen", meiner derimot Garatun-  
Tjeldstø (1966:66).

Også i Eivindvik kan eit par namn knytast til Gulathingstradisjonen. I Krossteigen på Prestegarden står ein gammal steinkross, og denne meiner dei er sett opp (av Olav den heilage?) anten til minne om at Vestlandet vart kristna eller for å merkje ut Gulathingstaden. På Lov(seie)-berget tett ved Borgstova heldt lovseiemannen eller lagmannen til. Namnet er truleg ikkje gammalt; i skulebarnoppskriftene t.d. er det ikkje teke med. Etter ei opplysning i Karl Gåtas arkiv (kommunehuset, Eivindvik) kan den vesle ryggen opphavleg ha vore kalla 'Borghaugen'.

TERRENGKARAKTERISERANDE APPELLATIV SOM ER NOTERTE BERRE  
I FRAMLEKK

Lokalitetsappellativ som er nedteikna berre i framlekk, kjem ikkje med i grunnordoversynet i denne oppgåva (jfr. s.29 og s.30). Dette kapitlet er såleis meint å skulle supplere grunnordoversynet med 10 andre terrenng-karakteriserande appellativ frå det innsamla namnematerialet.

avlesse n., jfr. gno. (h)lessa vb. og af prep. og adv.

Notert 4 gg.

/"a:vles:e/-/"a:vles:e/- sms. /"a:vles:e-/

På Avlessehaugen på Undertun vart ein del av lasset teke av hesten før dei køyrdet ned til gardane. I Tjuvvika (Eivindvik) bar dei veden i kiper ned til Avlessehaugen og lesste av før dei gjekk inn igjen i marka for å hente meir.

Heimelsfolka kjende ikkje appellativet, men det er brukt i Masfjorden om "stad i marka der det er så bratt at ein må lessa av og løypa lasset ned" (NO 1:320).

byrke n., gno. birki n., jfr. gno. bjørk f.

Notert 1 g.

sms. /"byrKe-/

Appellativet er ukjent i målføret i dag. Ordet er avleidd av trenamnet i tyding 'stad der det veks (mykje) bjørk'.

Notert i Byrkeskogen /"byrKesko:jIn/ på Henriksbø. Jfr. espe n. (s. 155) og eike n. (s. 154).

eike n., gno. eiki n., jfr. gno. eik f.

Notert 3 g.

sms. /"aiKe-/

Appellativet er ukjent i målføret i dag. Ordet er avleidd av trenamnet i tyding 'stad der det veks (mykje) eik'.

Nedskrive i Eikeskaret /"aiKeska:re/ nord for Grønenvika (Eivindvik). Dessutan i relasjonsnamna Søre og Nordre Eikeskarkulten (same staden).

Jfr. byrke n. (s. 154) og espe n. (s. 155).

espe n., gno. espi n., jfr. gno. qsp f.

Notert 10 gg.

sms. /"espe-/"

Appellativet er ukjent i målføret i dag. Ordet er avleidd av trenamnet i tyding 'stad der det veks (mykje) osp'.

Jfr. byrke n. (s. 154) og eike n. (s. 154).

kupe f., jfr. isl. kúpa f. 'skål' og shet. kup 'fordjup-

Notert 1 g. ing i landskapet'

/"ku:pe/-/"ku:pa/-/"ku:pe/-/"ku:pINe/

sms. /"ku:pe-/"

Bruk om ei hole eller seld i terrenget. Heller lite nytta som appellativ, og berre notert som framlekk i Kuperøggen i Svaberget. Denne bergryggen ligg i ei bratt fjellsidé med eit sokk (gjel) på nordsida (oppsida) og ei mindre innholing på sørsida (nedsida). Kuperøggen deler såleis eit større sokk (kupa?) i to.

nabb m., jfr. gno. nabbi m.

Notert 1 g.

/nab:/-/'nab:IN/-/"nab:a/-/"nab:aNe/

sms. /"nab:e-/"

Som terrengekarakteriserande appellativ nytta om mindre, framstikkande lendeformasjonar, t.d. ein bergnabb. Berre notert i Nabbeskjeret, eit lite skjer ut for Koveneset på Floli. Skjeret stikk opp av sjøen på flod sjø.

Om nabb skriv Aasen m.a.: "en fremstaaende Bjergknold (=Knabb)" (1873:522). Målføret kjenner også nabb om "Knag, Nagle, Pind i en Væg til at hænge noget paa" (op.cit.: loc.cit.).

runn m., gno. runnr m.

Notert 1 g.

/'roN:/ - /'rU: 'N/- /"roN:a/- /"roN:aNe/  
      sms. /"roN:e- /

Appellativet er brukt om småskog, sekundært om stad der det veks slik skog. Jfr. Aasen: "Busk, Klynge af smaa Træer" (1873:618).

Berre notert i Runnevollen /"roN:evå:L'N/, eit engstykke nedafor skulen på Undertun. Truleg har det vakse runnar på eller i nærleiken av vollen.

Eg har også notert Rundevollen som namn på staden, men dette er vel heller eit forsøk på å gjere namnet skjøneleg. Runn er nemleg ukjent som appellativ for mange yngre i bygda i dag.

skred(e) f., gno. skriða f.

Notert 3 gg.

/"skrI:e/- /"skrI:a/- /"skrI:e/- /"skrI:INe/  
      /skrI:/ - /'skrI:a/-                    sms. /'skrI:- /

Jfr. tod f. /tå:/ og tode f. /"tå:e/ (s.99); lø f. /lø:/ og løe f. /"lø:e/ (s.69).

Appellativisk brukt om 'nedstyrtande' eller 'nedstyrta' masse, t.d. jord, stein, snø o.l.

Under Skredfjellet /'skrI:fjeL:e/ i Midtundalen ligg det steinurer, og det er vanleg at det går snøskred oppe i det bratte, nakne fjellet.

skyle n., gno. skýli n.

Notert 1 g.

/"sjy:le/- /"sjy:le/- /"sjy:le/- /"sjy:la/  
      sms. /"sjy:le- /

Aasen: "Skjul, Rum at skjule sig i" (1873:696).

Appellativet er brukt om 'løynestad' under ein utoverhengjande hammar, ein stein o.l. Jfr. heller m. (s.54).

Notert i Skylesteinen, som ligg i fjellvegen på Floli. Sjå stein m. (s.88).

åburd m., gno. áburðr m.

Notert 1 g.

/"ao:bU:r-/ /"ao:bU:r'n/- /"ao:bU:ra/- /"ao:bU:raNe/  
sms. /"ao:bUr-/

Åburdvika /"ao:bUrví:Ka/ i Navdalens (Eivindvik) har vore brukt til båtstø, og heimelmannen meinte at ein åburd var det same som ei båtstø. I gno. tydde åburðr "(stein som er lagd på) landfeste for farty" (Heggstad, 1975:19).. Jfr. Torp: "det som bæres paa el. lægges paa" (1919:10).

Det synest likevel som om åburd har hatt (og har?) ei litt spesiell tyding i allefall somme stader i Gulen. I NO Film står det at ein åburd er "ein tømmerstokk, som er mura fast og rekk ut over sjøen i høveleg høgd over flomålet, så at ein kan bruka han som fortøyingspåle. /han bI'la:  
'ba:o:t'n i "ao:bU:r'n "nI:re me 'bu:a/!" Sitatet er ført over til mi fonemskrift.

Om åburd skriv Aasen: "Landfeste; Sted eller Steenbok som er oplagt paa Strandbredden for at Baade og Skuder kunne fortøies deri" (1873:28).

### NOKRE UKLÅRE NAMN OG NAMNELEKKAR

Dette kapitlet tek opp til diskusjon ein del namn og namnelekkar der tydinga ikkje utan vidare gjev seg sjølv. Nokre av namna kan kanskje synast meir 'tydelege' enn andre, men samstundes er det uklåre namn i namnematerialet som ikkje blir diskuterte her. Dei blir drøfta andre stader i oppgåva, t.d. i grunnordkapitlet eller i kapitlet om utmerkingslekkane. Om normering av 'lite gjennomskodelege namn', sjå kapitlet om normeringa (s. 23 ).

Eikelehol /"aiKIlehå:la/, /"aiKelehå:la/ heiter ei rund hole nedst i fjellsida under Flogfjellet på Floli. Det skal vere ei oppkomme i hola, og sauene sette seg visst ofte skorfaste her. Framlekken i namnet kan vere eikel m. "tange på ljå; tjo (-), (øg:) liten pigg (på denne tangen) som ein set inn i orvet (Leikanger); hertil eikel-hol (i orvet)" (NO 2:473). Namnet kan vere ei humoristisk laging til eikel-hol (ovafor).

Eikel kjem av \*heykill, jfr. høyk m. 'tange på ljå', som iflg. Torp "synes at maatte høre til huka osv. (-) grundbetydningen var "bøie"" (1919:239).

Esperiåkeren /"esperiaok:er'n/ på Ytre Midtun kan løyne appellativet husbrei f. (også hesbrei og hesprei), som Torp fører opp i tydinga "torden, tordenskrald" (1919:230), og som eigentleg tyder 'husmor' eller 'husfrue' (gno. húsfreyja f.). Husfrua er då meint å vere Tor si hustru, "da ogsaa den allmindelige Benævnelse "Tora" synes at grunde sig paa en lignende Forestilling" (Aasen, 1873:308). Jfr. elles typen 'Godmoråkeren' o.l.

Fardalen /"farda:l'n/ er ei flat (eit søkk) i Bakkane på Henriksbø. Iflg. heimelmannen var det vanleg å mjølke her når vêret var fint (her står framleis ein vårfloor), elles pla kyrne trekkje lenger inn i Botnen. Framlekken i namnet kan vere far n. 'far, spor', og kanskje sikte til dyretrakk, t.d. i samband med mjølking. Nokon typisk dal er Fardalen ikkje - difor er det då også folk som vil bruke namnet om eit

dalforma sokk lenger aust i Bakkane.

Fiskolteigen /"fiskoltaijIn/ ligg attmed Storelva på Henriksbø. Tidlegare var det vanleg å fiske i elva her (jfr. Lakshølen), og fangsten vart delt etter skyld. Tydinga av framlekken er usikker, men han kan vere samansett av fisk m. og hol m. 'låg, rundvoren haug', sjølv om naturtilhøva i dag ikkje gjev rom for ei slik tyding. Dessutan er hol eit ukjent appellativ i målføret.

Ei meir rimeleg tolking kan vere at framlekken løyner appellativet fiskevol "(ð) m. grann tein til å hengja fisk på (GulenM)" (NO 2:1718), sjølv om ein då skulle vente ein annan vokalkvalitet i sistelekken.

Ileneset (og Ilenessundet) ligg mellom Vetrestoa (Floli) og Merkesvika (Floli/Undertun). Ivar Kleiva skriv at "Ileneset og Ilesundet viser at det der har vore hamn for skip og båtar frå gammalt av. Ile er nemleg brukt om landtau frå skip. I. høvde uvanleg godt til hamn for seglskip, meddi der ligg seglleier til alle kantar, slik at skipa kunne få gagn av vind frå alle øtter både til og frå hamna" (Frå Fjon til Fusa 1967:176).

Dersom hamna skulle ha vore i sundet utafor neset, stemmer det heller därleg med det ein heimelmann fortalte meg: "Ileneset kan ikkje ha vore hamn - i sørvestkulding og landsynning ryk det nemleg som oske der"! Innehold namnet ile m. (gnr. ili m.) 'ankerstein' (ikkje 'landtau', jfr. ovafor), og det skal syne til ein høveleg stad for oppankring, må vel den ha vore anten i nærleiken av Vetrestoa på sørssida eller i Merkesvika på nordsida.

Framlekken kunne også reflektere ile f. "Kilde, opspringende Vandaare" (Aasen, 1873:322), jfr. NO Film: "ile f. 'vasshole' i myr som ikkje frys. (Fjaler)" - og då syne til ei eller fleire oppkommer i nærleiken, t.d. i Ilenesmyrane innanfor sjølve neset.

På Kalfertufta /'kalfertofta/ på Ytre Midtun skal det ha stått eit kalvehus, jfr. skulebarnoppskriftene: "Kalfritufti (ein bakke som hev stade eit kalvehus)". Skrivemåten

kunne tyde på at heimelsmannen til skuleelven har tenkt seg eit kvinnenamn i framlekken, men elles er namnet uklårt.

Lindekåshola /"lindekaoshå:la/, også kalla Lindekåsen /"lindekao:s'n/, er namn på ei halvrund hole i terrenget (jordkant framme og fjell bak) på Henriksbø. Beista sökte gjerne livd i dette sokket. Også notert i Kåsehol /"kao:sehå:la/ på Henriksbø (usikker plassering). Jfr. kås m. (s. 67).

Heimelsfolka kjende ikkje appellativet kås m., men det er nærliggjande å setje det i samband med kos n. /kå:s/, som iflg. NO Film er brukt i Gulen om "samling ved eller anna brennefang, ris og greiner av tre i ein dunge". Jfr. Aasen: "Kos f. (-) Hob, Dynge af sammenlagte Tinge. Nhl. og fl." (1873:382). Men korkje uttale eller genus høver for vårt namn.

Hoyda set derimot kås (f?) i samband med fær. kós f. "rundagting Fordybning eller Sænkning i Terrænet" (Jacobsen og Matras, 1961:230), og med isl. kvos f. "snever Dal, Græsbevokset Fordybning" (Bløndal 1920-24:463). Ordet er brukt i Sjokås, Midkås og Øvstekås, "som er namn på tri små kvelvar som ligg yver einannan uppetter berget" (1944:27). Ei slik tyding ville passe godt også for namna på Henriksbø.

I Brekke er kås f. og m. brukt om "grasvaksen, bratt stein- og grusrygg under fjellbekk" (Takle:116). Det er vel litt uklårt kva som er meint med denne forklaringa.

Loddefotberget /"låd:efotberje/ (Midtun) har truleg eit plantenamn som utmerkingslekk (jfr. kråkefot o.l.), sjølv om korkje heimelsfolk eller ordbøker/plantebøker kjener namnet. I skulebarnoppskriftene er det skrive Lodefotberget, jfr. "Lodegras" og "Lodefaks" i Bleiklie: Plantelære, s. 191 (194) (NO Film). Framlekken kan altså vere adj. løden.

Mastambura /"mastambu:ra/ ('Matstamura' på utskiftningskartet frå 1952) heiter ei 'styggi' ur på nordsida av Prest(e)-sundet. Ura ligg i ei lita vik, og er kommen ned frå den bratte kloven ovafor. I dag blir namnet også brukt om den vesle vika.

Tydinga er uklar, men framlekken kan vere mar m. 'sjø, hav' (berre i samansetjingar av typen marbakke m., marhalm m., martaum m. o.l.) eller mat m. Sistelekken kan vere stamp m., sjølv om korkje ~~\*marstamp~~ eller ~~\*matstamp~~ er kjende appellativ i målføret (heller ikkje andre stader, iflg. NO Film).

I skulebarnoppskriftene står anten 'Marstampura' eller 'Matstampura' (utydeleg); jfr. dessutan med eit liknande namn frå Høyanger: 'Marestampura' - gløymt namn frå skulebarnoppskriftene (Hjetland:153).

Mjølsteindalen /"mjølsteNda:l'n/ (namn også på utskiftningskartet) på Undertun ligg oppe på Flolifjellet. Heimelsmannen meinte at det ikkje er nokon stein i dalen som kan ha eller ha hatt noko med mjøl å gjere, men Mjølsteindalen vart nytta som mjølkeplass når kyrne var her.

Ei mogeleg løysing kan då vere å sjå namnet i høve til typen 'Mjølstølen' (mjølstøl m.) (fl. stader på Vestlandet), som Torp rett nok reknar som motsetning til fjellstøl m. (mjøl av ~~\*medal~~ (gno. medål)), men som Beito heller vil gje ei vidare tyding mjølestøl. "Her ligg det nær å rekna med eldre mjølt- svarande til eit gn. mjølt f. som skulde vera den ljodrette eintalsformi til gn. mjaltir f.pl. = nyn. mjeltir;" (1949:100). Jfr. mjelte m. "Malkning. Nordre Berg. og flere." (Aasen, 1873:502).

Jfr. Heimre og Fremste Mjølkestinen (Henriksbø), dessutan 'Mjølstølen' (og 'Mjølberget') i Brekke, som Takle reknar med inneheld ~~\*medal~~ (gno. medål) (s. 133ff.).

Molfalen /"må(l)fa:l'n/, /"mao(l)fa:l'n/ er ein pall (ei flat) i Søre Brekkene i Midtundalen. Han ligg nokså langt nede i lia (om lag 350m o.h.), og tidlegare stod her eit par hytter som ein Urdal (jfr. Urdalshølen og Urdalsreinene) held til i.

Ingen av heimelsfolka kunne gje noka forklaring på namnet, og det synest nokså uklårt. Sistelekken, -falen, kan vere fall n. (m/ genusskifte), jfr. Fallebøen /"fa:lebø:n/, gardsnr. 13 i Gulen, som A. Kjær reknar med inneheld gen.pl. av fall n. (NG XII:198). Framlekken, Mol-, kan vere gno. mold f. (jfr. Moldfallet /"målfal:e/ i Undertundalen) eller kanskje

gno. mol f. 'mol, banke av småstein', sjølv om dette siste appellativet ikkje er kjent i målføret i dag.

Gno. q > /ao/ er vanleg føre -ng (t.d. /spaong/ < gno. spøng f.), men førekjem også elles i spreidde døme, t.d. /mao:n/ < gno. mon f., /"nao:kIn/ ub.pron. m. sg. < gno. nøkk- (vanleg på Byrknesøy).

Molfalen blir av somme også kalla Søre Molfalen for å skilje han ut frå ein Nordre Molfalen øvst i Nordre Brekkene, men det vanlegaste er vel likevel å rekne med berre ein 'molfal'.

Ola i Styra /o:la i 'sty:ra/ var eit namn ungane hadde på ei ur på Undertun. Dei pla leike her, og truleg er det snakk om eit fantasinamn.

Riple /"riple/ heiter området i garden mellom inn- og utmarka der Henriksbøelva kjem inn på bøen. Det er nærliggjande å sjå namnet i høve til gardsnamnet Riple (Fana), som iflg. M. Olsen er dativforma (\*ripli) til gno. \*repill m., og som er "samme Ord som Folkesprogete Ripel, Repel m." (NG XI:236). Jfr. Aasen: "en Strimmel, et langt og smalt Stykke; f.Ex. Skogarripel (smal Skovstrækning). Sogn, Sdm." (1873:604). Namnet skulle då syne til forma på landskapet, som her smalnar til i ein spiss. (Håtrynet (s.118) ligg omrent på same staden.)

I Brekke kjenner målføret ordet repil m. /"re:pil/ om "lang og grann stомн; stong; lang og slank person" (Takle:156). Ein av mine informantar brukte også repel m. /"re:pel/ om 'ein lang slake, rekel', medan ein annan fortalte at ein riple-gard /"riplega:r/ var det same som ein skigard. Jfr. "Riple-gard - gjerde av riplor" i Nordfjord (NO Film) og "Ripel (ii), m. 1) Kjæp, Stage, liden Træstamme. Nhl. (-)" (Aasen, 1873: 604). Dersom det er denne tydingsvarianten av ordet me har med å gjere, må i tilfelle namnet ha vorte overført frå replar (riplar?) i gjerdet og til området ikring.

Riple- er også notert som framlekk i Riplehaugen /"riplehå:jIn/, ein lyngvaksen haug lenger inne i Botnen på Henriksbø, og som difor vanskeleg kan ha noko med den fyrste lokaliteten å gjere. Heimelsfolka kunne ikkje skjøne kvifor

denne haugen skulle ha eit riple-namn, men eit liknande namn frå Brekke, 'Replehogen' /"replehå:JIN/, meiner Takle må ha fått namnet etter ein 'replegard' i nærleiken (s. 156).

Dei ulike formene /"ri:pel/, /"rI:pel/ og /"re:pel/ er alle laga til ripe f. 'stripe, strimmel'. Jfr. dessutan eng. dial. ripple 'lite kratt', som truleg er same ordet (Torp, 1919:533).

Rør- /rø:r-/ , /rør:-/ og Røyr- /råyr-/ er notert som framlekk i 3 (4) namn. Her er nokre framlegg til ei formell språkleg tolking: 1) av gno. (h)reyrr m. 'steinrøys', jfr. Rørtveit (gardsnr. 81 i Gulen), som A. Kjær reknar med innehold dette ordet; 2) av gno. reyrr m. 'røyr, siv', jfr. fleire namn i Brekke, som Takle set i samband med dette ordet (s. 161); 3) av rør f. 'rand, kant', iflg. Torp visstnok til gno. (h)rørar m. pl. 'røyr, lyske' (1919:561).

I dag kjenner målføret røyr f. om 'røyrgras' (kveke), men merkeleg nok var det ingen av heimelsfolka som utan vidare ville sjå naman i samband med dette ordet. Røyrholmane /"råyrhålmane/ (Midtun) er stort sett berre ur og berg, og opp gjennom Rørskaret /"rørska:re/ i Navdalsbotnen (Eivindvik) går ei stor, samanhangande ur heilt frå Søyddammen nede på flata. I desse to namna er det såleis fullt mogeleg ut frå topografiske tilhøve å forklare framlekken av gno. (h)reyrr m.

Felles for dei fleste gardsnamn i Noreg av typen 'Rørdalen, Rørvik, Rørstad' osv. synest å vere at dei har uklårt opphav (m.a. NG XII:288).

Sakshuset /"saks(h)u:se/ ligg i Henriksbødalen rett nedanfor Nyebruna. Her deler elva seg og lagar ein holme, og iflg. heimelmannen stod det i si tid eit kvernhus der elva kjem saman att.

Namnet kan innehalde saks n. eller f., men det gjev vanskeleg noko meinings. Då må i tilfelle huset ha fått namn etter det tronge sokket som elva renn gjennom her, jfr. NG XI:122, der M. Olsen skriv at gno. sax n. "i Stedsnavne ofte betegner noget trangt og smalt".

Dersom det er terrenget som har gjeve namn til huset,

kan vel framleken også vere sakk n. "sænkning, fordybning = sokk, Jæ; sammensynkning paa grund av ristning, So" (Torp, 1919:564).

Nysetdalen /'ny:setda:l'n/ (Midtun), Horssetgjelet /'hårsetjI:le/ (Henriksbø) og Fonnsetlia /'fånsetli:a/ (Henriksbø) inneholdt -set- som mellomlekk, truleg av gno. setr n. 'bustad, tilhaldsstad', og brukt om opphaldestader "for dei som stellte med krøter og avdrått om sommaren" (Takle: 58). Jfr. Setret /'se:tre/ (s. 149).

Naturtilhøva og samansetjinga med ny- syner at framleken i Nysetdalen ikkje kan vere sete m. (s. 82), sjølv om heimelsfolka heller ikkje kunne setje namnet i samband med støling o.l. Namnet må vel likevel vere gjeve i relasjon til setra lenger inne i Midtundalen (jfr. Setreleitet), sjølv om det vanlege er at "samansetjingane med ny (-) er ekspansjonsnamn, som merkjer av byggjing av nye sætrar oftast noko lenger burte frå garden" (Beito, 194 :60).

Felles for dei to andre namna er at dei er namn på lokalitetar som ikkje inneheld setar, samstundes med at heimelsfolka heller ikkje kunne knyte namna til opphaldestader i samband med krøterstell e.l. I Horssetgjelet er fyrstelekken truleg hors n. 'hoppeføl'

(jfr. horse f. 'hoppe'), og namnet kan sikte til beitegang i eller under gjelet (jfr. Horssetgjeltræet på flata nedafor gjelet). Jfr. dessutan Heimre og Fremste Mjølkesteinen litt lenger heime i dalen.

I Fonnsetlia skal det visst ofte gå snøskred, og framleken er vel fonn f. Jfr. likevel Fønset (Flesberg, Numedal), som Beito reknar med innehold gno. forn adj. 'gammal, forn' (1949:60), dessutan Fonnebost (Lindås), truleg med same adj. + gno. bólstaðr m. 'bustad, gard' (NSL:113).

I Sjøshaugen /"sjyshå:jIn/ (Fonna) kan framleken anten reflektere sjø m. (gen. sjøs-) eller skyss m. Haugen ligg nede ved sjøen, men namnet treng likevel ikkje innehalde dette appellativet. Sidan Fonna ligg på (er) ei øy, må folk skyssast med båt for å komme til fastlandet. Ein skulle likevel vente tonelag i dersom ordet var skyss m., og sjølv om s- fuge ikkje er vanleg i samband med sjø (jfr. Sjøledet

/"sjY:li:e/ på Gryta og Sjøholmen /"sjY:halmIn/ på Henriksbø), er sjø likevel rimelegaste tolkinga ut frå plassering og naturtilhøva på staden. Sjø m. er komponert med s-fuge også andre stader, t.d. i 'Sjøsshaugen' på Moster (Grønås:93).

Det gløymde namnet 'Skyss-myra' (skulebarnoppskriftene) frå same garden låg truleg i nærleiken av Sjøshaugen.

Skoldingen /"skaldinjIn/ heiter ei bratt reine på bøen på Indre Midtun. Det ville vore naturleg å setje namnet i samband med skalle m. "en tør og stenig Forhøining paa Jorden; f.Ex. i en Ager. B. Stift." (Aasen, 1873:660), og som målføret i dag nyttar om 'grunne i sjøen'. Likevel skulle ein då vente forma \*skalling (uttala /"skalding/, jfr. hiller /"hilder/).

Meir rimeleg er det vel å tro at namnet er laga til verbet skålde "skolde, rage Haarene af Skindet" (Aasen, 1873: 665), jfr. fær. skálda "skolde, brænde; gøre (hår- el.) hudløs" (Jacobsen & Matras, 1961:364). Heimelsfolka meinte at her kunne ha vore ein haug e.l. tidlegare, som kunne ha vorte avbrent ("skålda") i turkevær. Skoldingen er også i dag ein temmeleg turr stad.

I Skreibotnen /'skraibåt'n/ (Gryta) er vel framlekkken skrei f. (gno. skreið f.) "nedstyrrende masse (= skrida)" eller "gliding, spor av gliding" (Torp, 1919:617).

I dag kjenner målføret verbet skreie seg 'gli, renne på is eller snø' og skrei f. 'framskridande flokk'.

Skrepsleia /'skrepslaia/ heiter neset mellom Prest(e)-sundet og Breivika. Namnet er uklårt, men det kan vere samansett av skrepp n. eller skreps n. 'skryt, ros' (iflg. NO Film notert m.a. i Balestrand og Meland) og lei f. 'lei, farvatn', sjølv om ei slik tolking ikkje synest å gje nokå meinings. Dersom sistelekken er lei f., må vel namnet ha vorte overført til neset frå sjøen utafor. Det skal forresten vere eit vêrhardt stykke sjø utafor dette neset; 27. september 1873 drukna såleis 5 menneske her (BB 1:382).

Namnet Smileneset /"smi:lene:se/ (Midtun) inneheld truleg plantenamnet smyle f. (Deschampsia flexuosa), som skal vere eit viktig beitegras i store delar av landet, men som ikkje er godt å slå (Høeg 1974:315). I Sogn blir planten kalla smil, men dette namnet blir her også brukt om rabbesiv (juncus trifidus) og musøyra (salix herbacea). Felles for desse plantane er at dei er gode beiteplantar, og har ord på seg for å gje god mjølk og godt smør. Jfr. ordtaket frå Sogn: "Kunne eg berre få smil, skulle eg gjerne gå ei mil", sa sau'en" (Høeg 1974:316).

Spillhaugen /'spilheu:jIn/ heiter ein rund haug rett vest for gardshusa i Fonnevika. Namnet må truleg setjast i samband med den fabrikkdrifta som fann stad i Fonnevika i førre hundreåret (jfr. Fabrikkvika). Her var det både fargeri og margarinfabrikk (BB:261, 303). Framleikken Spill- kan vel ha samband med verbet spille 'spille, bruke opp, skjemme ut' osv. Jfr. dessutan Ross: "Spill m. en Smule Vædske. Sogn (-)" (1895:742).

Stavledalen /"stavleda:l'n/ heiter eit ulendt dalføre i Fonna. Tidlegare skal her ha vore gangstig, men no er det tilvakse med sprake. Framleikken Stavle- kan ha samband med at det er vanskeleg å ta seg fram gjennom sokket, jfr. Ross: "stavla v.n. gaa stift og stavrende, som en Beruset" (1895:754). Same ordet er stevle vb. "gaa tungt, stift og stolprende" (Torp, 1919:713).

Svinåna /"svi:nao:na/ er i dag namn på ei bjørkeli på Midtun. Ho ligg mellom gjelet der Lindegrova kjem ned frå Bjoren, og Turrbakkefjellet lenger nordaust. Iflg. heimelsfolka renn det ikkje noka elv (grov) innan dette området, men likevel er det rimeleg å tru at namnet inneheld svin n. (gno. svín n.) og å f. (gno. á f.), sjølv om å ikkje er brukt appellativisk i bygda i dag, og heller ikkje finst i andre stadnamn. Ei mogeleg forklaring kan vere at Svinåna er eit eldre namn på elva lenger heime (Lindegrova).

Rygh skriv at når dyrenamnet svin er nytta i ein slik namnetype, er det "maaske gjennem dette Ords Anvendelse i Navne

på Fjelde og Aaser" (1904:258). Dersom Svinåna opphavleg var namn på grova lenger heime, må ein vel helst sjå ei nedsetjande tyding i førelekken, sidan gjelet elva renn gjennom er både trøngt og stygt.

Taske- er notert som framlekk i nokre stadnamn sør for Mjåneset (Eivindvik), m.a. i Taskevika /"taskevi:Ka/ (dessutan Søre T. og Nordre T.) og Taskebotnen /"taskebåt'n/. Ordet må vel vere taske f. 'taske, skinnpose, pung', men det er usikkert kva for lokalitet som ligg til grunn for samanlikninga. Det mest nærliggjande ville vere å tru at namnet siktar til vika, m.a. fordi ei heimelskvinne kalla henne berre Taska /"taska/, men det er vanskeleg å sjå korleis denne vika eller noko i nærleiken kan ha vorte samanlikna med ei taske. Iflg. ein heimelmann er det meir truleg at det er 'botnane' i Taskebotnen (også kalla Taskebetnene) som har danna grunnlag for samanlikninga.

Elles er taske f. brukt på Sunnmøre om taskekrabbe m., men dette ordet er ukjent i målføret; dessutan er ikkje Taskevika noko spesielt god krabbevik. Taske f. kan også tyde "Taske, Tøite; om en slu eller trodsig Kvindeperson" (Aasen, 1873:800).

Utemann /"u:temaN:/ er namn på ein heller opp under ein hammar i utmarka på Midtun.

Ordet utemann m. synest å vere brukt i samband med barneleik, jfr. NO Film: "Dei er ofta two leikande, ein innemann og ein utemann. N.Barnet (-) (Hard. o.fl. st.)", dessutan: "Det som er um å gjera er å halda "utemannen" i villreide um kvar han nett er. (Leik). Os. Kroppsøv. s. 335" (loc.cit.).

Om det er noko samband mellom denne tydinga og namnet på Midtun, er det vel knapt nokon som kan vite i dag.

Vivelsnova /'vi:velsnå:va/ (Eivindvik) heiter fjellpartiet mellom Sauflorsdalen og Dyttinga (Kvernhuselva). Det er uklårt kva ord framlekken løyner, her skal berre nemnast at A. Kjær reknar med at gardsnamnet Fivelstad (nr. 78 i Gulen) innehold plantenamnet fífill m. 'fivel (myrull; løvetann)' (NG XII:207).

## NOKO OM KOMPOSISJONEN I STADNAMNA

### 1. Substantivkomposisjonar

Eit generelt drag er at ein komposisjonsvokal ofte fell framfor annan vokal eller /h/, t.d.

Kovura /"kå:vu:ra/, jfr. Kovesløkja /"kå:veslø:Ka/,  
Setråsen /"setrao:s'n/, jfr. Setrelia /"setreli:a/,  
Kattholmen /"kat:(h)ålmIn/, jfr. Kattekletten /"kat:eklet'n/,  
Raunhammaren /"reu:nham:ar'n/, jfr. Raunegjelet /"reu:nejI:le/ osv.

Men slike former er også vanlege: Botnehola (jfr. Botne-naustet), Gavlehola, Kalvehusa (jfr. Kalvetræet), Kyrkjehaugen (jfr. Kyrkjetufta) osv.

I somme høve er det mest uråd å avgjere om ein har stamme-komposisjon eller s-fuge, t.d. i Nonsskaret /'nonska:re/. Tonem i kan peike mot s-fuge, jfr. Gjelsura /'jilsu:ra/ og Gjelsteinen /"jI:lsta'i'n/.

Fylgjande oversyn inneholder nokre hovudliner og einstilde døme.

#### a) Stammekomposisjonar

Om lag 46% av bikomposita er laga med stammesamsetjing.

Dersom framlekken endar på lang vokal, står han oftast i stammeform, t.d.

Bøneset /'bø:ne:se/ (gno. bør m.),  
Sjofjellet /"sjo:fjeL:e/ (gno. sjør m.),  
Buvegen /"bu:vaiIn/ (gno. bú n.).  
Høyranen /"håyra:'n/ (gno. hey n.),  
Brustøytet /'bru:ståte/ (gno. brú f.).  
Lifjellet /'li:fjeL:e/ (gno. (h)líf f.) osv.

Men namnematerialet inneholder også former som Sauehola /"seu:ehå:la/, Træshola /'treshå:la/, Sjøshaugen /"sjyshå:jIn/.

Kollektivnemne (stoffnamn) står som regel med stamme-komposisjon, t.d.

Moldfallet /"målfal:e/ (gno. mold f.),  
Smørdalen /"smø:rda:l'n/ (gno. smjør n.),  
Rishaugen /"ri:shå:jIn/ (gno. rís n.),  
Sandrumpa /"sandrompa/ (gno. sandr m.) osv.

Personnamn står oftast i stammeform, t.d.

Hansbryggja /'hansbryG:a/,  
Ivargjelet /"i:varjI:le/,  
Jotjørna /'jo:KøN:a/ osv.

Dersom ein tel sterke maskuline framlekkar som også er nytta som grunnord, finn ein at 12 av 21 sterke maskulina er nytta i stammekomposisjon, t.d.

<u>Gardkriken</u> ,	<u>Bøvika</u> ,	<u>Kambura</u> ,
<u>Åsenden</u> ,	<u>Vollåkeren</u> ,	<u>Steinvika</u>
<u>Stigreina</u> ,	<u>Teigåkeren</u> ,	<u>Kletthaugane</u> osv.

Av 17 sterke fem. står 9 i stammeform, t.d.

<u>Brustøytet</u> ,	<u>Vikåkeren</u> ,
<u>Kleivhammaren</u> ,	<u>Tjørnfjellet</u> ,
<u>Leinlia</u> ,	<u>Togjelet</u> osv.

Sterke nøytra står oftast i stammekomposisjon (8 av 11), t.d.

<u>Flogfjellet</u> ,	<u>Seltufta</u> ,
<u>Naustvollen</u> ,	<u>Skarklumpen</u> ,
<u>Vadhaugen</u> ,	<u>Nesreina</u> osv.

### b) s-komposisjonar

Gamle a- og nokre mask. i-stammer skulle ha historisk s-fuge. Dei fleste døma er a-stammer, t.d.

<u>Dalsmunnen</u> (gno. <u>dalr</u> m.),	<u>Stavsneset</u> (gno. <u>staf</u> r m.),
<u>Florsvika</u> (gno. <u>flórr</u> m.),	<u>Gjelsura</u> (gno. <u>gil</u> n.),
<u>Hammarsåkeren</u> (gno. <u>hamarr</u> m.),	<u>Vassgjelet</u> (gno. <u>vatn</u> n.) osv.

Framlekken i Verpesvika (gno. verpis) og Merkesneset (gno. merkis) er gen. sg. av nøytrale ija-stammer (gno. verpi n., merki n.).

Ein del mannsnamn har s-komposisjon, t.d. Johanshølen, Stefansjorda, Olavskjelda, Henriksbø (gardsnamn) osv.

Samansette stadnamn i framlekk får gjerne s-fuge, t.d.

Navdalsbotnen, jfr. Navdalen,  
Reinfjellshamrane, jfr. Reinfjellet,  
Sjofjellsenden, jfr. Sjofjellet osv.

Ein framlekk med ing-suffiks får s-fuge: Bytingsneset, medan 3 substantiv får e-fuge: Kjerringefjellet, Mastinge-hølen, Hemingestova, og eitt dannar stammekomposisjon: Løypingåsen.

c) a-komposisjonar

Det er berre 2 døme på a-fuge i heile namnematerialet. Gno. i-stamme finn ein i Brurabenken (gno. brúðr f.). I Gulafjorden ser Gula- ut til å reflektere gen. sg. av ein gno. n-stamme (<sup>x</sup>Guli).

Elles i namnematerialet er gno. -a(-ar) vorte redusert til -e, t.d. Hesteskaret (<<sup>x</sup>Hestaskaret), Vikeneset (<<sup>x</sup>Vikaneset), Elvebakkane (<<sup>x</sup>Elvabakkane) osv.

Framlekkene i Brurabenken reflekterer ein nyare genitiv (jfr. gno. brúðar), men namnet er truleg 'laga' eller 'lånt' (frå litteraturen?). Utmerkingslekken er m.a. notert i 2 andre namn med 'normal' komposisjonsvokal (Bruresteinen, Brurekollskorane). Jfr. elles skulebarnoppskriftene, som har "Brubenken" (= Brudbenken?).

Også Gula- i Gulafjorden er nok ei nyare laging. Dei fleste eldre skriftlege kjeldene som nemner dette samansette namnet på fjorden, kallar han Gulefjorden. Eg har ikkje høyrt namnet med e-fuge, men komposisjonsvokalen finst i Gulesteinen (Guløyna).

Dersom dette er rett, manglar altså det aktuelle namnematerialet gamle a-komposisjonar.

d) e-komposisjonar

Om lag 44% av bikomposita har e-fuge (jfr. stammekomposisjonar med om lag 46% og s-komposisjonar med knapt 10%).

Svake substantiv i sg. og substantiv i pl. har e-fuge:

- |   |  |
|---|--|
| <u>Bakkehesa</u> (gno. <u>bakki</u> m.),    | <u>Gjerdegardane</u> (gno. <u>gerði</u> n.),   |
| <u>Holmeskjeret</u> (gno. <u>holmi</u> m.), | <u>Stovebakken</u> (gno. <u>stofa</u> f.),     |
| <u>Vardehaugen</u> (gno. <u>varði</u> m.),  | <u>Kjeldemyra</u> (gno. <u>kelda</u> f.),      |
| <u>Leitehaugen</u> (gno. <u>leiti</u> n.),  | <u>Smiebakken</u> (gno. <u>smiðja</u> f.) osv. |
| <u>Verpeholmen</u> (gno. <u>verpi</u> n.),  |  |

Også dei singulare kasusmarkeringane i gno. o- og i-stammer (dei feminine + nokre maskuline) og i u-stammer er vortne veikte til /e/:

- |   |   |
|---|---|
| <u>Skorevika</u> (gno. <u>skor</u> f.),   | <u>Kleivevika</u> (gno. <u>kleif</u> f.),       |
| <u>Tågegejelet</u> (gno. <u>tág</u> f.),  | <u>Okslegjelet</u> (gno. <u>oxl</u> f.),        |
| <u>Sildekleiva</u> (gno. <u>síld</u> f.), | <u>Kattekletten</u> (gno. <u>kottr</u> m.) osv. |
| <u>Nevreskora</u> (gno. <u>næfr</u> f.),  |   |

Dermed får ein samanfall med komposisjonsvokalen til substantiv i plur., og det blir ofte uråd å skilje sg. og pl. utan å undersøkje det semantiske innhaldet i namna. Av namna ovafor relekterer Kleivevika ganske sikkert gen.pl. (til Kleivane).

Dalsled og Daleled(et) ligg begge på Midtun. Det fyrste er gen.sg., medan det siste kan vere gen.pl. Daleled(et) ligg ved inngangen til fleire dalar (m.a. Henriksbødalen og Midtundalen), medan Dalsled ligg i byrjinga av Midtundalen.

E-fuge førekjem også ved 4 sterke nøytra: Husefjellet (gno. hús n.), Dyreskora (gno. dyr n.), Kiehytta (gno. kið n.) og Timrefluna (gno. timbr n.). Dei 3 fyrste inneheld truleg gen.pl.-former (gno. húsa, dyra, kiðja), medan det siste kan jamførast med andre ord på utlydande l, n og r, og som alle får e-fuge:

- |   |   |
|---|---|
| <u>Haslepallen</u> (gno. <u>hasl</u> m.),     | <u>Setrehola</u> (gno. <u>setr</u> ( <u>sætr</u> ) n.), |
| <u>Klungrehaugen</u> (gno. <u>klungr</u> m.), | <u>Gyrebakken</u> (gno. <u>gýgr</u> f.),                |
| <u>Nevreskora</u> (gno. <u>næfr</u> f.),      | <u>Storåkremyra</u> (gno. <u>ákr(akr)</u> m.)           |
| <u>Mastrehola</u> (gno. <u>mastr</u> n.),     | (Men også 1 g. <u>Storåkermyra</u> ).                   |

## 2. Adjektivkomposisjonar

I samansette stadnamn står adjektiv anten i stammeform eller med e-fuge (svak bøying).

Om lag 1/3 av adjektiva står i stammeform, m.a. føre vokal eller h i etterlekk, t.d. Kvitoksen (jfr. Kvitefjellet), Langåkeren (jfr. Langedalen), Storura (jfr. Storemyra) osv.

Unnatak finst også: Langehaugen, Rundehaugen, Storehaugen, Tverrehaugen, Svartehammaren.

Endar adjektivet på lang vokal, står det med stammekomposisjon, t.d. Blåbergane, Mjåneset, Middalen osv.

Eit par unnatak: Nyebruna, Nyereina.

Andre ubøygde adjektiv er Reinfjellet, Tverrfjellet, Skagervollen, Grønskora.

Svak böying er likevel vanlegast, t.d. Brattebakken, Klenédalen, Blautemyra, Djupevika, Flateskjeret, Tjukketreet osv.

Adjektiv på -en får -ne i komposisjon, t.d. Skitnedalen (skiten adj.).

Adjektiv i fri (laus) samansetjing er notert i 2 bikomposita: Djupe Hola og Little Dalen. Det vanlegaste er at adjektiv står i fast samansetjing med substantivet (jfr. Djupevika, Litledalen).

### 3. Adverbkomposisjonar

Om lag 50 bikomposita er noterte med adverb i framlekken. Oftast finn ein øvre (11 gg.), nordre (8 gg.), søre (8 gg.) og nedre (6 gg.).

Dei fleste bikomposita (og mest alle tri- og tetra-komposita) med adverb i framlekk er laga med *frei samansetjing*. Både desse og dei fleste adverba med fast tilslutning er i komparativ og superlativ bøygde som svake adjektiv:

<u>Positiv</u>	<u>Komparativ</u>	<u>Superlativ</u>
<u>Sørlia</u> (2 gg.)	<u>Søre Rinden</u>	
<u>Utløa</u>	<u>Ytre Stigen</u>	
	<u>Indre Stigen</u>	<u>Inste Langevad</u>
	<u>Heimre Botnen</u>	<u>Heimste Kletten</u>

Formelt sett kan sør og nord i namn som Søre Rinden og Nordrebotnen anten stå i positiv (med e-fuge) eller i kom-

parativ. Men dersom namnet er gjeve ut frå ein annan lokalitet, må ein rekne med at adverbet er brukt i komparativ.

Søre Rinden er namngjeven i høve til Nordre Rinden, Nordrebotnen står i motsetnad til Soleibotnen, Indre Tangen til Tangen osv.

Døme på stammekomposisjon er Sørlia (2 gg.) og Utløa.

#### 4. Verbkomposisjonar

Ein del namn har ein infinitiv som framlekk.

Stammekomposisjon finn ein i Sjåvika, Snuplassen, Fløkøysa.

E-fuge er mest vanleg, t.d. i Dauresteinen, Drageveien, Hengjenipa, Kvilesteinen, Mjølkehaugen, Stampehuset, Halle-reina osv.

#### 5. Andre komposisjonar

Preposisjon er brukt i nokre namn, m.a. Undertun (gardsnamn) og i laus samansetjing i Mellom Kletten, Utom Martemuren o.a.

LITT OM \*GULI-NAMNET OG BUSTADNAMNA I EIVINDVIK

1. \*Guli-namnet.

Den første som prøvde å tolke \*Guli-namnet var visst nok Oluf Rygh. "Guli kan tænkes afledet af gul, gol (Kuling, Windkast)"(1896:40, merknad 7). I eldre kjelder førekjem berre genitiv- og dativforma Gula, men av denne sluttar Rygh at nomenativforma må ha vore \*Guli. Rygh meiner dessutan at \*Guli har vore det opphavlege namnet på den trearma fjorden som i dag blir kalla Gulafjorden.

Dei fleste granskurar har sidan halde fast på Ryghs tolking, t.d. Kjær (NG XII:195), Skulerud (1946:27), Hovda (1955:133 og 1967:sp.237) o.a.

Eit anna framlegg til tolking har Oddvar Nes, som set \*Guli til den germanske rota \*geul-, "som med l-formans i germanske mål er ein refleks av ie. \*ghēu- 'gähnen, klaffen'" (1972:208). Namnet skal såleis tyde 'den kløyvde, oppsplitta fjorden' eller kanskje berre 'kløfta'(i landskapet). "Formelt talar ingenting mot å setje \*Guli til gno. gol, gul n. 'wind', men reelt er ikkje 'wind'-etymologien så opplagt, for alle fjordane er dekte av øyar utanfor"(op.cit.:loc.cit.). Dei to andre fjordane med \*Guli-namn er Gulefjorden og Leirgulen i Bremanger.

Ein annan ting som Nes meiner talar mot 'wind'-etymologien, er at \*Guli ikkje er brukt om vindfulle stader elles i landet. Dessutan liknar to av fjordane på kvarandre. Begge deler seg i tre smale armar: Gulefjorden i Bremanger i Nordgulen, Midtgulen og Sørgulen og Gulafjorden i Nordgulfjorden, Austgulfjorden og Eidsfjorden (iflg. Rygh med ein opphavleg gard \*Sørgulen (1896:41)). I tillegg er Leirgulen namn på ein smal våg.

Det at \*Guli ikkje er brukt om vindfulle stader elles i landet, meiner Nes tyder på at namnet er "gammalt og ei sør-laging, på line med mange andre fjordnamn"(op.cit.:208).

Nes si tolking synest rimeleg. Kvifor skulle akkurat desse fjordane ha 'wind'-namn, når så mange andre fjordar ganske sikkert hadde fortent namnet betre? Ein annan ting er at dersom namnet på fjorden verkeleg tyder 'vinden' e.l.,

kvifor finn ein ikkje liknande fjordnamn andre stader (t.d. 'Kulingen', 'Brisen', 'Stormen')? Men dette argumentet kan vel også vendast mot Nes' teori: det finst kanskje andre fjordar der \*geul-namn ville høve fullt så bra som for akkurat desse tre fjordane. Men då må ein hugse at også andre norske namn (og appellativ) er blitt ført til rota i \*geul-, m.a. Gullfjellet (nær Bergen), dessutan t.d. Gjone (Vestfold) og gyldre f., begge til lågsteget \*gul- (op.cit.:208ff.).

## 2. Bustadnamna i Eivindvik.

### a) Innleiing.

\*Guli var altså det gamle namnet på Gulafjorden, og fjorden har sidan gjeve namn til bygdene omkring. Denne utviklinga er vanleg ved mange av dei gamle fjordnamna (jfr. t.d. bygdenamnet Sogn, til suge vb., dvs. 'den sugande (fjorden)'). Det er også vanleg at gamle fjordnamn er vortne gardsnamn. Dei nærmaste døma er Nordgulen og Austgulen (jfr. ovafor). Men også i dei tilfelle opphavlege fjordnamn i dag er blitt bygdenamn kan det tenkjast å ha vore eit mellomsteg, slik at fjordnamnet først er vorte namn på ein storgard ved fjorden og sidan på eit større område. Det er ei slik utvikling Ludvig Holm-Olsen tenkjer seg for \*Guli-namnet (Frå Fjon til Fusa 1966:20).

Holm-Olsen tek utgangspunkt i gardane kring Midtunvågen (Indre og Ytre Midtun, Henriksbø og Undertun), og trur at desse kan ha blitt til ved deling av ein større gard. I NG XII reknar A. Kjær med at gardane opphavleg er delar av garden Gryta (< gno. \*Grýtin, til gno. grjót n. 'stein' og vin f. 'eng, beite') på vestsida av Midtunvågen (Pøyla) (s.200). Holm-Olsen er einig i denne teorien, og meiner at delinga har gått føre seg slik: først er heile området nord og aust for vågen vorte skilt ut som ein samla gard, og seinare er han blitt delt i mindre gardar.

Men også Gryta kan ha vorte til ved deling av ein gard, m.a. fordi yin-namna oftast blir rekna som sekundære bustadnamn, det vil seie at dei har eksistert i førevegen som natur- eller teignamn. Vest og sør for Gryta ligg Eivindvik, og



Holm-Olsen meiner at Eivindvik-namnet "kan være blitt til sekundært, kanskje ved deling av en gard der en av partene ble Grytin og en ble Øyvindarvik, og her melder tanken seg om hele området rundt vågen engang har tilhørt en og samme gard (-). Denne gamle storgarden kan ha hett Guli (-)" (op. cit.:21). Ved delinga gjekk altså det gamle namnet \*Guli or bruk som gardsnamn, men levde vidare som namn på bygdelaget kring Midtunvågen og etter kvart på eit større område. Sjølv om Holm-Olsen strekar under at teorien om historia til \*Guli-namnet er usikker, gjev han likevel ei mogeleg forklaring på korleis gardsdelinga kan ha gått føre seg i Eivindvik. (Ivar Kleiva har 'bygt vidare' på teorien, og meiner at storgarden "på austsida av Folefotsundet" (= \*Guli-garden) berre har vore "ein lut" av ein "oppavleg storgard på Hisarøyra" (TSH 1976:17).)

b) Normering.

Jfr. kapitlet om normeringa av namnematerialet (s.27). For gardsnamna er det gjort berre eit par mindre endringar i høve til det som står på NGO-kartet(1:50000). 'Fonnevikja' blir skrive Fonnevika (i samsvar med gjeldande rettskriving) og 'Midttun' blir notert Midtun (i samsvar med NG XII; dessutan blir slektsnamnet vanlegvis skrive slik).

I høve til skriftformene i NG XII er desse endringane gjorde: 'Fonnevik' blir skrive Fonnevika (etter uttalen), 'Fonnen' vert normert til Fonna og 'Gryten' til Gryta, begge

etter uttalen; dessutan meiner eg at Fonna og Gryta er meir "historisk og nasjonalt forsvarlege" enn 'Fonnen' og 'Gryten' (jfr. resolusjonen). I tillegg kjem at korkje 'Fonnevik', 'Fonnen' eller 'Gryten' er brukte som slektsnamn i bygda.

Når det gjeld bruksnamna, er følgjande endringar gjorde i høve til namna på NGO-kartet:

'Tjuvik' blir skrive Tjuvvika,  
'Navdal' blir skrive Navdalen,  
'Mjånes' blir skrive Mjåneset,  
'Haukøy' blir skrive Haukøyna og  
'Timmerøy' blir skrive Timrøyna.

(Alle rettingane gjorde etter målføreuttalet, Tjuvvika også etter kva framlekken tyder.)

I høve til matrikkelen for Eivindvik er m.a. desse bruksnamna endra:

'Haugene' blir skrive Haugane og  
'Grønnevik' blir skrive Grønevika.

c) Bustadnamn.

Det vanlege i stadnamnoppgåver har vel vore å ta med eit eige kapittel om gardsnamna, og så ta føre seg bruks- og plassnamn andre stader (t.d. i grunnordoversynet eller under utmerkingslekkane). Eg vel å skrive om bustadnamna samla, m.a. fordi ein då kanskje får betre oversikt over gardsdelinga i bygda.

Eldre belegg er henta or NG XII.

Eivindvik (15).

/"øN:evi:k/, /"e:venvi:k/, /"aivInvi:k/

Vanlegaste uttalen er vel /"e:venvi:k/. Ein yngre variant er /"aivInvi:k/, men det finst gamle folk som seier /"øN:evi:k/ (jfr. t.d. Ølvehaugen /"ølvehå:jIN/ på Losna, som inneholdt mannsnamnet Eilef /"ø:løv/; mi innsamling 1979).

Fyrste skriftlege belegg: ecclesia de Øyvindarviik (1327), elles m.a.: i Øyvindarvik (1329), i Øyvindarviik (1329), i Øyuindarviik (BK), Eivindewigs (NRJ), Ewyndewyck (ca.1535).

Normert gno. form sg. skulle bli \*Eyvindarvik. Ho inneholdt altså mannsnamnet Eyvindr, som etter NG XII allereie i mellomalderen oftast vart skrive "Eivindr, Evindr" (s.199).

Det har vore kyrkje "i Øyvindarviik" sidan mellom-alderen (jfr. ovafor), men det er rimeleg å tru at ho alt då hadde stått der i lengre tid. Det vanlege var å byggje kyrkja på største og gjævaste garden i bygda eller i distriktet, og difor var Eivindvik truleg ein retteleg stor-gard kanskje i forkristen tid. Så seint som kring dette hundrearsskiftet hadde garden ei matrikkel-skyld på 13,99 mark. Berre 15 andre gardar i kommunen hadde meir enn 5 sk.mark, og snittet for desse låg på 5,72 mark (Holm-Olsen: 20).

Når og korleis denne storgarden fekk namnet Eivindvik, er temmeleg usikkert. Dersom Holm-Olsens teori om at "Grytin" og "Øyvindarvik" kanskje kan ha blitt til ved deling av ein større gard (\*Guli?), kan namnet truleg ikkje daterast lenger fram enn til slutten av førhistorisk tid (8.hå.) - vin f. var nemleg utdøydd som vanleg appellativ i gammal-norsk skriftspråk (Stemshaug, 1976:92). Kven denne Eivindr (el. Øyvindr) var, kan det sjølv sagt ikkje seiast noko sikkert om. Kleiva har gissa på at han kan ha vore ein munk eller prest (1967:188). Ei segn (Faye: Norske Folkesagn) fortel nemleg at det skal ha vore eit kloster i Eivindvik. Kleiva trur likevel at det helst er ein prest (den fyrste i Eivindvik?) som kan ha gjeve namn til staden. Meir rimeleg er det vel at denne Eivindr var fyrste brukaren som slo seg ned i vika.

#### Bruksnamn.

Prestegarden /"prestega:r'n/ ('Eivindvik prestegard' i matrikkelen) er i dag br.nr. 1 i Eivindvik. Dette namnet har garden fått etter at han vart kyrkjested, men det er uråd å seie kor lenge det har vore brukt. Kanskje vart det vanleg å kalle han Prestegarden etter kvart som det vart rydda husmannsplassar på garden. Namnet kunne vel brukast til å skilje ut sjølve prestegarden, medan Eivindvik-namnet etter kvart kanskje vart brukt om heile garden (seinare også om bygda).

Tjuvvika /'Ku:vi:Ka/ (br.nr.2; 'Tyvevik' i matrikken) er nordste bruket i Eivindvik (om lag 2 km sørvest for Dingja). Fyrste brukaren Kleiva har funne, vart fødd i 1656, men han

trur det har budd folk i Tjuvvika mykje tidlegare (BB:254). Om opphavet til namnet skriv han: "Segner fortel at i gammal tid stod skogen så tjukk at ein ikkje kunne sjå sola. Der var difor framifrå göymestader for sjørøvarar og tjuvepakk som røva dei som for til og frå Bjørgvin i leia utfør. Det stolne vart göymt i ein klove i Tjufjellet, rett oppfor Tjuvvika. Kloven heiter enno Tjuskora, og det har truleg butt folk der, for det er funne mykje kol og oske i tufta. (-) Tjuvane hadde båtlendet sitt i ei lur vik som heiter Tju-støa, tett nordom Tjuvika" (BB:253).

Om det er slik namnet har vorte til, kan vel ingen vite, men at framlekken er tjuv m. (gno. bjófr m.) er det lite tvil om. Allereie i 1777 budde ei Elen Jakobsdtr. Tyvevigen på plassen, og 'Tyvevik' har vore det offisielle namnet på bruket heilt fram til i dag.

Navdalen /"na(:)vda:l'n/ (br.nr.3: 'Nordre Navdal', br.nr.10: 'Søre Navdal') har tilliks med Tjuvvika vore plass under Prestegarden frå gammalt av. Framlekken er truleg gen. sg. navar eller gen. pl. nava av gno. nøf f. 'nov, fjellhjørne', og syner då til ei eller fleire av dei fjellnovene som reiser seg ovafor garden. Namnet kan vel også innehalde det gno. mannsnamnet Nafarr eller nave m. "topphugget træ" (Torp, 1919: 452).

Kyrkjeneset /"KirKene:se/ (br.nr.4: 'Kirkeneset') ligg mellom Midtunvågen og Eivindvik(sundet). Namnet kan neset ha fått fordi folk inne frå fjordane såg kyrkja i Eivindvik når dei rodde framom (passerte neset). Då br.nr. 4 vart utskilt frå Prestegarden i 1891, fekk det namnet Kirkeneset i matrikkelen (Kyrkjeneset ligg på bruket), men i dag blir det ikkje nytta som bruksnamn. Før utskiftinga vart visst denne jorda kalla 'Småpakta' (pakta frå Prestegarden) (BB:261). Neset har i ein kortare periode også vore kalla Smedneset /'smI:ne:se/ (etter ein smed på br.nr. 7).

Haugane /"heu:gane/ (br.nr. 6: 'Haugene') var sikkert teignamn på Prestegarden før bruket vart skilt ut i 1891. Om bakgrunnen for namnet, sjå s.29.

Mjåneset /'mjao:ne:se/ (br.nr. 9: 'Mjånes') var vel frå fyrst av berre namn på den smale odden som stikk ut i Nyhamarsundet

nord for Taskevika og Sanden. Framlekken i namnet er mjå adj. (gno. mjár (mjór) 'mjå, grann, spiss, tynn'). Etter Kleiva har det "i nyare tid (-) visst ikkje butt folk på Mjånes før i 1810" (BB:267), men sidan den tid er Mjåneset også vorte bruksnamn. Sjå s.30.

Grønevika /"grø:nevi:Ka/ (br.nr. 12: 'Grønnevik') var lenge plass under Prestegarden. Eit steinalderfunn på garden kan tyde på gammal busetnad, men frå nyare tid nemner kjelder folk på staden kring 1650 (BB:274). Adj. grøn (gno. groenn) i framlekken kan syne til fargen på botnen i vika (sand), men også til (frodig) vegetasjon på land. Jfr. NG XI: "Grønavik, den grønne Vik, et oftere forkommende Navn fra Nedenes til Søndmør" (s.2).

Soleibotnen /"so:laibåt'n/ ('Sollidbotnen' på utskiftingskartet) nord for Grønevika var husmannsplass under Prestegarden i førre hundreåret. I dag syner berre murane etter husa. Framlekken i namnet er vel soleie /"so:laie/ (Ranunculus), men som ofte blir brukt om blomster i det store og heile. I Sogn og Fjordane kan dessutan soleie bli nytta om 'blomst i marka' i motsetnad til blomst 'blomst i hagen' (Høeg:352). Heimelsfolka meinte derimot at soleie var det same som hestehov!

Soleibotnen var sikkert utmarksnamn på Prestegarden før han vart plass.

Stølen /'stø:l'n/ (gno. støðull m.) var også opphavleg ein plass under Prestegarden (fråskild 1928 som br.nr. 15). Kleiva skriv: "Namnet syner at staden frå først av har vore seter, helst ein vårstøl, dit ein sleppte nokre eller alle krøtera tidleg om våren" (BB:278). Jfr. Dauresteinen rett ovafor Stølen (s.143).

Prestneset /"prestne:se/ (også berre <sup>#</sup>Neset?) vart plass i 1820, men blei skilt ut frå Prestegarden i 1930 (fekk namnet 'Solberg'). Det gamle namnet er altså ikkje i bruk lenger, men var kanskje eit (teig)namn på Prestegarden, jfr. BB: "et umatrikulert Sted "Næsset" under "Prestegaarden"" (s.260).

Fonnevika (16).

/"fåN:evi:Ka/

Fonnevika høyrdé frå først av til Prestegarden i Eivind-

vik, og var lenge bustad for 'kondisjonerte' i bygda, oftest klokkarar og kapellanar (BB:296). Framlekken inneholdt gardsnamnet (øynamnet) Fonna (sjå s.182f.). Namnet kan vere etter måten nytt, for Dahl skriv at det opphavlege namnet var "Svinevik (-) fordi Præsterne fikk Tilladelse, eller maaskee tog sig den, - af Gaarden Fondens Beboere at føre deres Svin eller Griser over på denne Ø for Beitning" (BB:296).

Bruksnamn.

Tangen /"taonjIN/, /"tānjIn/ (gno. tangi m. 'tange, odde') var plass under br.nr. 1 (Fonnevika), men vart fråskild i 1905 som br.nr. 2. Garden ligg i ei lita vik lengst vest på Fonnøyna, og har namnet etter neset (tangen) nordvest for husa. Jfr. Indre Tangen på austsida av Fonnøyna.

Fagerbakke vart br.nr. 3 heitande etter utskiftinga i 1906. Eg har høyrt /'fa:gerbaK:In/ som namn på bruket, men det er truleg lite brukt. Sjå 'Litterære bustadnamn' (s.121). Etter Kleiva heitte det før 'Lyngneset' (BB:306), og det høver bra med det ein heimelmann fortalte meg: /eg 'tru:r dai "kaL:a da 'lyNGIN 'fø:r/.

Haukøyna /"heu:kåyna/ (br.nr.4) - også kalla Littlehaukøyna /"littleheukåyna/ (jfr. Storehaukøyna) - var busett fram til kring 1920. Det er noko usemje om kva for ei av dei to øyane (Littlehaukøyna eller Storehaukøyna) som er den 'rette' Haukøyna. Namna Haukesundet (mellom Storehaukøyna og Fonnøyna) og Haukelia (på Fonnøyna) kunne tyde på at Haukøyna var den største øya, men dei fleste reknar likevel den minste for å vere den eigentlege Haukøyna. Framlekken er hauk m. (gno. haukr m.) - eit vanleg appellativ i stadnamn mange stader i landet.

Fonna (17).

/'fåN:a/; dat. /'få:'n/ (NG XII:199).

Skrive Fonden i 1620, 1630, 1667 og 1723.

"Vistnok egentlig Navn paa den Ø, paa hvilken Gaarden ligger", skriv A. Kjær (NG XII:199). Han jamfører med øya Fonno i Fitjar, som i gno. kan ha heitt \*Fonn eller helst \*Fonn (gen. \*Fannar), og som truleg er same ordet som gno. fonn f. '(snø)fonn' eller 'stein- og jordras'. Det er visst

den siste tydinga av fonn f. som ligg føre i Fonno, og det same må vel vere tilfelle for 'vår' Fonna. Iflg. heimelsmannen er ikkje snøfonner noko typisk trekk ved Fonnøyna, men derimot skal det ligge stor stein (urar) i store delar av utmarka på sørsida av øya.

I dag skil ein altså mellom Fonnøyna (øya) og Fonna (garden på sørsida av øya). Funn tyder på at det har budd folk på øya (i Fonna) alt i steinalderen (BB:311). Øya høyrdde lenge til Prestegarden i Eivindvik, men vart utskift av Dahl i 1814 (op.cit.:loc.cit.).

Bruksnamn.

Timrøyna /"timrøyna/ (br.nr. 2: 'Timmerøy') mellom Fonnøyna og Guløyna (Floli) har ikkje hatt fast busetnad, i alle fall ikkje i nyare tid. Framlekken (gno. timbr n.) kan tyde på at skogen har trivest godt på øya; i dag er då også mest heile øya skogkledd (sitkagran og lerk).

Gryta (18).

/"gry:ta/

Eldre skriftformer: i Grytini (BK), Gryden (1620), Grytten (1630, 1667), Gryten (1723).

O. Rygh trur at gardsnamnet Gryta < gno. \*Grýtin kan innehalde elvenamnet Gryta 'steinelva' (avleidd til gno. grjót n. 'stein') (1904:82). Elva han siktar til må vel då vere Storelva, men A. Kjær meiner at "der synes (-) ikke at være noget, som taler bestemtere for denne Forklaring" (NG XII:199). Han trur derimot at Gryta i Eivindvik, tilliks med fleire andre Gryt-namn, er samansett av grjót n. og vin f. i tydinga 'steineng, steinmark'.

Jfr. Holm-Olsens teori om gardsdelinga i Midtunvågen (s. 176 f. og s. 179). Det er gjort fleire funn på garden som kan tyde på gammal busetnad (Fett). Språkleg sett er nok namnet Gryta minst 1200 år gammalt.

Bruksnamn.

